



Naboskap, oppfatningar og delelinjeforhandlingar 1985–1992

Ei framstilling av delelinjeforhandlingane i Barentshavet
slik dei blei sett i norske og sovjetiske/russiske aviser

Maria Myklestad

*SVF - 3906
Mastergradsoppgåve i russlandsstudier
Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning
Universitetet i Tromsø
Våren 2012*

Forord

Takk til vegleiar Hallvard Tjelmeland for konstruktive merknader og vurderingar. Takk til biblioteket ved Norsk Polarinstitutt for tilrettelegging i samband med arbeidet i avisklipparkivet. Takk til foreldra mine for hundepass og for oppmuntring og støtte. Takk til Jeanette for gjennomlesing og kommentarar. Og takk til Anders for tålmod, oppmuntring og god hjelp i slutfasen av skrivinga.

Innhald

Forord	i
1. Innleiing, metode og perspektiv	1
1.1. Introduksjon	1
1.2. Problemstilling	1
1.3. Bakgrunn	2
1.3.1. Folkerettslege prinsipp	3
1.3.2. Byrjinga på slutten av den kalde krigen.....	5
1.3.3. Apparatmenneskas ende	5
1.3.4. Perestrojka og glasnost og ny tenking	6
1.3.5. Det strategiske bakteppet for delelinjeforhandlingane.....	7
1.3.6. Økonomiske interesser og ordningar	9
1.3.7. Spørsmålet om bilateralisering	11
1.4. Forskingsstatus	11
1.5. Metode	14
1.5.1. Kontekst	14
1.5.2. Diskurs	14
1.5.3. Aviser som leivning.....	15
1.5.4. Aviser som beretning.....	16
1.6. Kjeldene	17
1.7. Teoretiske perspektiv	21
1.7.1. Sosialkonstruktivism og synet på den andre	21
1.7.2. Trugselførestillingar	22
1.8. Oppbygging	23
2. 1985-1987. Ny talemåte med skeptisk respons	25
2.1. Innleiing.....	25
2.2. Manglande gjensidig tillit	26
2.3. Delelinja opp i Moskva.....	27
2.4. Murmansktalet	29
2.5. Hovudtrekk.....	32
3. 1988-1989. Tillitssoneforslaget	33
3.1. Innleiing.....	33
3.2. Tillitssone og motsatt argumentasjon	34
3.3. Norsk oppfatningar i tida kring Ryzjkovs besøk i Oslo	37
3.3.1. Forventningane	38

3.3.2.	Politisk vilje var ikkje nok	40
3.4.	Sovjetiske oppfatningar kring Ryzjkov-besøket.....	43
3.5.	Nikorov-forslaget.....	46
3.6.	Helsinkitalen	48
3.7.	Hovudtrekk.....	51
4.	1990-1992. Økonomiske interesser og nasjonalistiske vindar.....	53
4.1.	Innleiing.....	53
4.2.	Frå Sovjetunionen til Russland	54
4.3.	Godt på veg for delelinja	56
4.4.	Ein vingeklippa sovjetisk president	58
4.5.	Russland ny motpart	63
4.6.	Store oljefunn	65
4.7.	Fiskerispørsmål på banen	65
4.8.	Nasjonalistiske syn i grensesaka	69
4.9.	Hovudtrekk.....	71
5.	Konklusjon	73
5.1.	Eit avis-perspektiv	73
5.2.	Fasar i prosessen.....	74
5.3.	Naboskap, delelinja og synet på den andre.....	77
5.4.	Tryggingspolitiske og materielle interesser versus kulturelle faktorar.....	79
Kjelder	81
Litteratur	82

1. Innleiing, metode og perspektiv

1.1. Introduksjon

Temaet for denne avhandlinga er oppfatningar av delelinjeforhandlingane i Barentshavet i ein periode kor alt endra seg. Slutten av 1980-talet var ei brytningstid i det internasjonale samfunnet. Temperaturen i internasjonale relasjonar mildna, og spenningane mellom aust og vest blei lågare, og endringane betydde mykje for delelinjeforhandlingane, som no fekk ny framdrift. Begge partar såg optimistisk på målet om ei løysing i saka – det gjorde og avisene i Noreg og Sovjetunionen, og etter kvart Russland. I Noreg såg ein med håpefulle auge på det som skjedde i forhandlingane, og mange var positive til nye initiativ frå dei sovjetiske myndigheitene. Mange oppfatningar i Noreg var likevel prega av dei fastgrodde førestillingane som fanst om Sovjetunionen. Somme hadde vanskeleg for å lite på genuiniteten i dei mange nye initiativa som no kom frå nabolandet i aust.

I Sovjetunionen spegla avisene i hovudsak den offisielle politikken. Sjølv om også avisene gjennomgjekk ei forvandling mot ein meir demokratisk struktur i løpet av glasnost og perestrojka, var delelinjeforhandlingane sjeldan eit stort nok spørsmål i Moskva til at det engasjerte til aktiv journalistikk. Eg har funne døme på sistnemnte, men saka blir først og fremst gjengjeve frå politikarane sin munn.

Den nye leiaren i landet, Mikhail Sergejevitsj Gorbatsjov, vann snart tilliten til nordmennene, og i 1990 var tonen i delelinjeforhandlingane så god som den aldri før hadde vore. Dette skulle vise seg å vere eit klimaks i delelinjeforhandlingane i denne omgang, for fram mot 1992 bles kaldare vindar gradvis inn i forhandlingane. Hausten 1992 blei det klart at forhandlingane hadde fått eit samanbrot – partane kjem ingen veg. I avisene blei ein russisk nasjonalistisk kultur skulda for å gjere prestisje ut av eit kompromiss i delelinjesaka.

1.2. Problemstilling

Målet med denne oppgåva er å drøfte korleis delelinjeforhandlingane i Noreg og Sovjetunionen/Russland blei oppfatta i avisene i sine respektive heimland mellom 1985 og 1992. Det vil såleis vere ei framstilling av forhandlingane i denne perioden, men gjennom perspektivet avisene i denne tida hadde og gjennom ei drøfting av dei ulike førestillingane som viste seg. Tidsperspektivet strekker seg frå 1985 til 1992. 1985 markerte eit nytt internasjonalt klima for mellomstatleg dialog, og også starten på ein periode med auka aktivitet i

delelinjespørsmålet. 1992 er året då forhandlingane, etter fleire år med stor optimisme om ei løysing, braut saman og signaliserte ein ny kjølig periode i delelinjeforhandlingane.

Eg vil formulere ei problemstilling på denne måten:

Korleis blei delelinjeforhandlingane i Barentshavet framstilt i norske og sovjetiske/russiske aviser i perioden 1985 – 1992?

Eg har i tillegg søkt å fokusere på sovjetiske/russiske høve og utanrikspolitiske linjer som var viktige for delelinjeforhandlingane, særleg med tanke på grepa som blei gjort av Gorbatsjov-leinga for å lette dialogen mellom aust og vest. Delelinjeforhandlingane gjekk føre seg mellom den nokså vesle staten Noreg, og den store supermakta Sovjetunionen/stormakta Russland, og asymmetrien i maktforholdet dei imellom gjer at eg ser det som naturleg å legge vekt på den russiske¹ faktoren.

På grunn av at kjeldematerialet på norsk side er større og meir variert enn det er på russisk side (sjå kapittel 1.12.), er fokuset på dei norske oppfatningane større enn på dei russiske. Det har likevel blitt etterstreva ein likevekt i dette spørsmålet.

1.3. Bakgrunn

Delelinjeforhandlingane mellom Noreg og Sovjetunionen/Russland handla om grensetrekkinga av kontinentalsokkelen og landas eksklusive økonomiske sonar i Barentshavet, og dreidde seg om eit område på 175 000 km². Då den endelege avtalen kom i stand våren 2010, hadde forhandlingane halde på i over 40 år. Spørsmålet kom opp då Noreg byrja å interessere seg for utsiktene til petroleumsutvinning i Barentshavet, og det blei klart at klare grenser for kontinentalsokkelen ville vere avgjerande for å unngå konflikt med sovjetarane. På 1960-talet hadde midtlinjeprinsippet leie til grunn for delinga av den norske kontinentalsokkelen i Nordsjøen, og i 1963 vedtok dei norske myndighetene at ein ville stå for eit slikt prinsipp også i Barentshavet (Tamnes, 1997: 292).² I 1967 tok Noreg spørsmålet opp med Sovjetunionen, og håpa allereie no på ei snarleg løysing (Kvalvik, 2003: 146). Men det skulle fleire førespurnader til før partane endeleg møttest i 1970 (ibid.).

I 1970 blei partane sine standpunkt lagt fram. Som kjent, hadde Noreg sitt midtlinjeprinsipp. Dei sovjetiske leiarane var derimot av ei anna oppfatning, og såg på det norske kravet som eit urettmessig krav på det russiske territoriet (ibid.: 150). Landet

¹ For å få betre flyt i teksten, vil eg med "russisk" stundom referere til både Sovjetunionen og Russland. Vi kan og lese "russisk" som noko som tilhøyrrer det russisktalande, t.d. russiske aviser.

² Midtlinjeprinsippet inneber at grenselinja blir trekt like langt frå begge landa sin kyst.

kunngjorde sitt syn om at sektorlinjeprinsippet måtte definere grenselinja mellom jurisdiksjonsområda.³ Dette prinsippet hadde utgangspunkt i det sovjetiske sektordekretet frå 1926, som hadde fastsett det sovjetiske øyterritoriet i det polare området (sjå kapittel 1.4.).

I 1977 etablerte Noreg og Sovjetunionen 200-mils økonomiske soner, noko som førte til at delelinjeforhandlingane no dreidde seg om to linjer: for havet og for sokkelen. På midten av 70-talet arrangerte partane sine første formelle forhandlingsmøte, og mellom 1974 og 1976 møttes dei ein gong i halvåret (ibid.: 147). Forhandlingane hadde likevel få teikn til framgang, og i 1976 hevda Sovjetunionen at det ikkje eksisterte noko omstridt område (Tamnes, 1997: 293). I staden for å drive forhandlingar om sjølve grensa, føreslo Sovjetunionen å etablere eit bilateralt samarbeid om utvinning av petroleum, noko Noreg avviste i frykt for sovjetisk dominans i eit slikt samarbeid. Dessutan ønskte nordmennene ei endeleg grense. I 1975 gjorde Noreg innrømmingar som ville ha gitt Sovjetunionen 12 000 km² i høve til midtlinja, og nordmennene sa seg villige til å gjere større innrømmingar lenger sør (Tamnes, 1997: 295).

Temperaturen i forhandlingane var desse åra relativt kald, og blei kjøligare mot slutten av 1970-talet då og den kalde krigen fekk ein spenningstopp. Fiskeriminister Aleksandr Isjkov og havrettsminister Jens Evensen greidde i 1978 likevel å nå ei semje om fiskeriforvaltninga i området, og skreiv under på den såkalla gråsoneavtalen (sjå kapittel 1.3.8.). Denne avtalen kom i stand berre i løpet av eit år, og Ingrid Kvalvik meiner den korte tida det gjekk å framforhandle denne avtalen er oppsiktsvekkande (Kvalvik, 2003: 151). Dette viser kor vanskeleg delelinjeforhandlingane var. Sistnemnte skulle enno gjennomgå 32 nye år før ei endeleg grenselinje kom på plass.

Fram mot 1985 heldt Noreg fast på midtlinjeprinsippet, og Sovjetunionen heldt fast på sektorlinjeprinsippet – men la samstundes fram ei rekke forslag som alle var utenkelege for Noreg å akseptere (Tamnes, 1997: 301). Eg skal i dei neste avsnitta gå nærare inn i dei ulike momenta som har blitt rekna for viktige i delelinjeforhandlingane.

1.3.1. Folkerettslege prinsipp

Usemja om kor delelinja skulle gå i Barentshavet kom til uttrykk gjennom ulikskap i måten å tolke det folkerettslege grunnlaget på. I tillegg til ei rekke reglar om fiskeriforvaltning, miljøvern og skipsfart, er det Havretten som styrer korleis kyststatane skal dele havområda mellom seg. Og denne er del av folkeretten, statanes internasjonale lovverk (Hønneland og Rowe, 2010: 97).

³ Sektorlinjeprinsippet inneber at grenselinja blir trekt i ei linje rett frå fastlandsgrensa til Nordpolen.

Før Noreg og Sovjetunionen etablerte eksklusive økonomiske soner, var delelinja eit spørsmål om å dele kontinentalsokkelen utanfor territorialgrensa. Det folkerettslege grunnlaget i delelinjespørsmålet var dermed kontinentalsokkelkonvensjonen av 1958 (Kvalvik, 2003: 140). Artikkel 6 i konvensjonen seier at "[...] the boundary of the continental shelf [...] shall be determined by agreement between [the coastal states]. In the absence of agreement, and unless another boundary line is justified by special circumstances, the boundary is the median line [...]".⁴

Denne artikkelen ga rom for ulike tolkingar. Forholdet mellom "særskilte omstende" og "midtlinje" er ikkje spesifisert, og dette ga moglegheit for statlege interesser å legge føringar på korleis prinsippa blei tolka (Kvalvik, 2003: 140).

Sovjetunionen argumenterte for ei rekke særskilte omstende: lengda og formen på den sovjetiske kystlinja, den store befolkninga på Kola-halvøya i høve til i Finnmark, samt økonomiske og geologiske omsyn, og la dermed sektorlinjeprinsippet fram som sitt standpunkt. I tillegg var sektordekretet av 1926 ein viktig faktor, meinte dei (Østreng og Prydz, 2007: 3). Dekretet frå 1926 fastsette Sovjetunionens territoriale innehavingar på land i det polare området innafor ei ein trekantformasjon, som strekte seg mellom landets vestlege og austlege fastlandsgrense, og opp i ei linje rett til Nordpolen (ibid.). Trass i at dekretet ikkje gjorde krav på hav eller kontinentalsokkel, blei det lagt fram som eit særskilt omstende i delelinjeforhandlingane, fordi den i sovjetisk perspektiv ga grunnlag for hevd (ibid.). Synet på sektorlinja viste seg å vere eit viktig argument for Sovjetunionen. Her skal sovjetarane ha brukt uttrykk som "administrativ hevd" og "psykologisk betyding" (ibid.: 149).

Noreg meinte derimot at det verken låg særskilte omstende til grunn, eller at Sovjetunionen hadde hevd på området aust for sektorlinje. Difor måtte midtlinja gjelde, meinte ein.

Som ein følgje av regelverket som kom i stand i løpet av den tredje havrettskonferansen (1973-1982) etablerte Noreg i 1977 ei eksklusiv økonomisk sone. Sovjetunionen hadde vore motstandar av økonomiske sonar – noko som kan ha botna i at store delar av den sovjetiske fiskeriflåten henta fangsten sin i fjerne havstrøk – men etablerte likevel det dei kalla ei 200-mils fiskerigrense som eit slags mottiltak til den norske sona. Frå no av var delelinjeforhandlingane og eit spørsmål om ei grenselinje for havet.

Eit anna moment som kom til under den tredje havrettskonferansen var eit nytt lovverk for deling av havområde. Eit viktig mål hadde vore å minke rommet for å fortolke prinsippa for

⁴ http://untreaty.un.org/ilc/texts/instruments/english/conventions/8_1_1958_continental_shelf.pdf (21.5.2012).

grensedraging av overlappende økonomiske soner og kontinentalsoklar (Kvalvik, 2003: 142). Dette lukkast ein ikkje med, og Havretten av 1982, som i dag er det viktigaste lovverket i havretten, kom ikkje med presise haldepunkt for korleis kyststatane burde løyse delelinjespørsmål. Artikkel 74 og 83 seier at partane skal kome fram til ein avtale som er "rett og rimeleg" (Østreng og Prydz, 2007: 4), og hadde ingen innverknad på Noreg eller Sovjetunionen sine folkerettslege syn i saka.

Men delelinjeforhandlingane handla om meir enn dei respektive landa sine folkerettslege tolkingar. Det internasjonale klimaet, det bilaterale forholdet, og økonomiske og militære interesser i området har vore med å forme prosessen som delelinjeforhandlingane har utgjort. I perioden 1985–1992 var særleg avslutninga av den kalde krigen og Sovjetunionens nye politikk avgjerande for fasane forhandlingane

1.3.2. Byrjinga på slutten av den kalde krigen

Som eit militær-strategisk bakteppe for delelinjeforhandlingane låg den kalde krigen. Noreg, som nabo og NATO-land, søkte ein lågspenningspolitikk i nord og ei generell avspenning mellom aust og vest (Tamnes, 1997: 25ff.) Landet var likevel ein viktig utkikkspost for NATO i nord, og bidrog til den vestlege alliansen med etterretning og varsling (ibid.: 69). Sovjetunionens sin politikk ovafor Noreg under den kalde krigen var knyta til sistnemnte si rolle i NATO-alliansen, og spegla dermed den politikken Kreml elles førte i høve til den vestlege maktblokka (Holtmark, 1999).

Sovjetunionen la aldri skjul på at tryggingssynet i Barentshavet var viktig for dei i samband med delelinjeforhandlingane. Men i perioden 1985 – 1992 får den kalde krigen ein slutt og omsynet til tryggingpolitikk endra seg. Mikhail Sergejevitsj Gorbatsjov tiltredde som generalsekretær for det kommunistiske parti i 1985 og iverksette snart sin nye politikk. Han og hans regjering ønska ei avspenning mellom aust og vest, og sikta mot eit nytt europeisk fellesskap. Prosessen mot avspenning leia ikkje berre til eit fornya forhold mellom aust og vest, men den opna også for ny framdrift i delelinjespørsmålet.

Eg skal i det neste sjå nærare på den kalde krigen, på Gorbatsjov, "ny tenking", og hans innverknad i det bilaterale klimaet som delelinjeforhandlingane eksisterte i perioden 1985 – 1992.

1.3.3. Apparatmenneskas ende

I tida før perioden under studie hadde den "andre kalde krigen" toppa seg. Etter ein perioden med lågare spenningsnivå, bar siste halvdel av 70-talet preg av aukande gjensidig mistenkeleggjering mellom USA og Sovjetunionen. Særleg blei dette tydeleg etter NATOs såkalla dobbelvedtak og den sovjetiske intervensjonerna i Afghanistan i 1979 (Tjelmeland, 2006:

105ff.).⁵ Spenningsnivået tiltok ytterlegare då republikanaren og retorikaren Ronald Reagan tok over presidentstolen etter Jimmy Carter. Han hadde vunne valet med hjelp av eit opprustingsprogram og gjekk så langt at han kalla Sovjetunionen eit "vondskapens imperium" (ibid.: 113). Då Reagan i 1983 la fram det såkalla stjernekrigsprogrammet,⁶ skulle tonen mellom USA og Sovjetunionen halde seg bittert for ein lengre periode (ibid.: 124). Reaksjonane blant sovjetiske politikarar var ifølgje Andrei Tsygankov på dette tidspunktet delt "between the more status quo-oriented Statists and the more expansionist Civilizationists. Westernizers where hardly in the picture; they occupied much less prominent positions and could not be taken very seriously given the extent of tensions with the West" (Tsygankov, 2010: 33).⁷

Det var altså lite som signaliserte om dei føreståande vestvenlege og demokratiske reformane som skulle kome. Heller var ikkje Mikhail Gorbatsjov i byrjinga assosiert med reformpolitikk. (Keep, 1995: 333). Gorbatsjov understreka ovafor politbyrået at det ikkje var trong for endre politikken, og sa at: "It is correct and truly Leninist" (sitert i ibid.). Verdigrunnlaget og verdssynet som seinare kom til syne var på førehand knapt kjent blant dei andre i politbyrået. Det skulle likevel ikkje by på for store vanskar å overtyde resten av partiet om at det var naudsynt med ein ny politikk. Det skulle dermed vise seg at dei gamle "apparatsjikane" hadde trekt sin siste pust då Gorbatsjovs forgjengar Konstantin Tsjernenko døde i mars 1985. Mikhail Gorbatsjov representerte den nye generasjonen i sovjetisk politikk.

1.3.4. Perestrojka og glasnost og ny tenking

Eg vil ikkje her gå inn i diskusjonen om årsakene til samanbrotet i den kalde krigen, om kor avgjerande Gorbatsjov var som person i dette, eller kva som låg bak Gorbatsjov sin nye politikk. Eit par ting kan likevel slåast fast. Som nemnt like over, var den økonomiske stoda ein viktig faktor for endringane som kom, og, som Hallvard Tjelmeland skriv, sjølv om han vurderer Gorbatsjov-faktoren som viktig, ville truleg endringane kome til Sovjetunionen også utan Gorbatsjov (Tjelmeland, 2006: 119). Det er likevel få som tvilar på omfanget av dei mange

⁵ Det ein oppfatta som ei dramatisk oppbygging av sovjetisk slagkraft mot europeiske mål, blei møtt med eit vedtak om utplassering av mellomdistanseraketar f.o.m. 1983. Samstundes lova ein den europeiske fredsørsla å halde fram forhandlingane om atomnedrusting, noko som ikkje lenger blei aktuelt etter invasjonen i Afghanistan. For meir, les Tjelmeland, 2006: 105ff.

⁶ Strategic Defense Initiative (SDI) skulle verne USA for åtak ved å skyte ned atomraketar frå eit forsvarsvåpen i verdsrommet.

⁷ *Statists* var ein nasjonalistisk fløy i den sovjetiske leiinga som ønska avspenning, men såg på vestleg politikk og militarisme som eit middel for å hindre Sovjetunionen i å ta del i det internasjonale samfunnet. *Civilizationists* var ei politisk retning som var sterkt bundne til ideen om å vinne konkurransen mellom sosialismen og kapitalismen. Hadde ifølgje Tsygankov ingen tiltru til avspenning og assosierte alle vestlege initiativ med aggressiv imperialisme. *Westernizers* ønska å bryte med tabuet kring den sovjetiske isolasjonismen og ville utvikle eit gjensidig nyttig forhold til Europa. Demokratisk konsolidering, internasjonalt samarbeid og avspenningspolitikk var nøkkelord (Tsygankov, 2010: 32-33).

initiativa som kom frå den nye sovjetiske leiaren, og mange har argumentert sterkt for at det bak desse initiativa faktisk låg ein ny politisk ideologi, og at denne markerte eit brot med dei føregåande leiarane sin politikk (ibid: 118).

Perestrojka (ombygging) var eit reformprogram skulle hjelpe landet ut av den økonomiske uføra. Han opna mellom anna for ein avgrensa type marknadsøkonomi og ei desentralisering av dei økonomiske styringsmekanismane. Men den delen av den nye politikken som hadde mest å seie for den sovjetiske utanrikspolitikken var *glasnost* (openheit), og målet om demokratisere og opne opp det sovjetiske samfunnet. Hausten 1986 slo Gorbatsjov fast at "allmenmenneskelege verdiar stod over klasseverdiar, og at universelle interesser måtte stå over klasseinteresse og andre særinteresser" (ibid.: 119).

Dei nye verdiane i den sovjetiske administrasjonen og opninga mot vesten fekk mykje å seie for den norsk-sovjetiske dialogen – og etter kvart for ein ny framdrift i delelinjeforhandlingane.

1.3.5. Det strategiske bakteppet for delelinjeforhandlingane

Midt i smørauget for den kalde krigens strategiske konfrontasjon låg nordområda og Barentshavet (Baev, 2009: 18). Motparten i delelinjeforhandlingane, Noreg, var del av den vestlege alliansen og Sovjetunionens motstandar NATO. Det nordvestlege Atlanterhav og Barentshavet markerte ei marin frontlinje mellom aust og vest, og var for alle gyldige formål eit område prega av at partane var førebudd på krig.

Sjølv om Barentshavet var i ei særskilt stilling i den kalden krigen, hadde ikkje det tryggingspolitiske omsynet i området ei direkte kopling til grenseproblemet. Den generelle strategiske konteksten var likevel viktig for partane, og særleg Sovjetunionen, sine standpunkt i forhandlingane (Kvalvik, 2003: 139). Dei militære konstellasjonane på Kolahaløya var med på å gjere all vestleg aktivitet i Barentshavet mistenksomt, og sovjetarane frykta naturleg nok den vestlege etterretninga. Tryggingssomsynet prega alt mellomstatleg samband i regionen, og "at også delelinjeforhandlingene ble betraktet som et militært anliggende, synes klart" (ibid.: 144). Dette gjorde det vanskeleg å snakke om delelinjeforhandlingane som eit fråskilt spørsmål. Statsvitaren Kristian Åtland skildrar problemet den kalde krigen førte med seg i ein bilateral dialog om nordområdespørsmål slik:

As late as in the late mid-1980s, the Arctic was divided into a "Western" and an "Eastern" sector, between which there was little or no interaction. The lack of state-to-state [...] interaction in the Arctic during the Cold War was largely due to the dominant place of security concerns in national perceptions and policies. Rather than being perceived as a

potential arena for international and regional cooperation, the region was seen as a sensitive military theatre in which political, economic, cultural and other interests were subordinated to national security interests. This were particularly the case in the Soviet Union (Åtland, 2009: 44).

Men dette problemet fekk ei endring i løpet av perioden 1985 – 1992, nettopp som følgje av Gorbatsjovs nye politikk. Med bakgrunn i Københavnarskulen har Åtland analysert det han kallar ei *desikkerheitisering* i sovjetisk arktisk politikk og arktisk samarbeid etter at den sovjetiske leiaren lanserte eit nytt politisk initiativ i den kjente Murmansktaleten hausten 1987 (sjå kapittel 2.4.). Københavnarskulen rettar fokus mot dei sosiale og politiske mekanismene som verkar inn når eit emne blir lagt til eller teken bort frå ein stats tryggingsagenda. Kjernen i teorien om trygging etter denne tankegangen omtalar Åtland på denne måten:

[S]ecurity is a 'speech act' aimed at taking politics 'beyond the established rules of the game'. By making the claim that something is a security problem, actors can move an issue [...] out of the sphere of normal politics into the sphere of security politics. The purpose of such an act is typically to gain control over a potentially threatening development by moving it into an arena where 'emergency measures' are applicable and legitimate, and where the restraints of the regular political sphere, including individual rights and freedoms, can be set aside (Åtland, 2009:291-292).

Og motsett, når den tryggingspolitiske faktoren ikkje lenger har innverknad i ei sfære har ein fått ei desikkerheitisering:

The concept of 'desecuritization' is defined in the Copenhagen School literature as 'the shifting of issues out of the emergency mode and into the normal bargaining process of the political sphere' (ibid.).

I oppgåva vil eg vise døme på at nettopp desikkerheitisering, som følgje av ei "taleakt", verka inn i det bilaterale klimaet mellom Noreg og Sovjetunionen/Russland. Landa fekk ein hyppigare og betre dialog, dei auka samarbeidet i nord og viktigast her: dei fekk ein konstruktiv forhandlingstone i delelinjeforhandlingane. Kapittel 2.4. skal gå nærare inn på initiativet Gorbatsjov kom med i Murmansk 1987, og korleis denne kom til uttrykk i avispressa.

Eg tek og utgangspunkt i at omgrepet desikkerheitisering inkluderer det noko mindre omfattande omgrepet *avspenning* – eit ord som blir langt oftare brukt i det følgjande.

1.3.6. Økonomiske interesser og ordningar

På den ene siden er landet det aller viktigste ledd i NATOs militære organisasjon i Norden, på den annen side er det i sterkere grad enn de andre NATO-landene knyttet til USSR gjennom næringsinteresser, felles utnyttelse av havområdene og mulighetene for fremtidig oljeutvinning i Barentshavet (Kan, 1988: 106).

At Noreg var NATOs viktigaste ledd i nord er den russiske historikaren Aleksander Kan sin påstand og kan diskuteras, men at Noreg hadde sterkare fellesinteresser med Sovjetunionen/Russland i Barentshavet enn både Danmark og Island er klart. Dei førespegla petroleumfunna i det omstridde området gjorde at ei gitt grense ville få store konsekvensar for landas økonomiske utbytte. Samstundes både har og hadde Barentshavet nokre av verdas rikaste fiskebankar, og samarbeidet mellom Noreg og Sovjetunionen/Russland om forvaltninga av desse har ei lang historie.

1.3.6.1. *Petroleum og oljemoratoriet av 1975*

I løpet av 80-talet viste seismiske undersøkingar både frå norsk og sovjetisk side at sjansane for betydelege funn sør i det omstridde området var store (Kvalvik, 2003: 145). Men ei mogleg oljeverksemd i området var avhengig av delelinjespørsmålet.

I byrjinga hadde Noreg vore motvillig til leiteboring i Barentshavet i det heile. Dette var mellom anna på grunn av det spente forholdet til Sovjetunionen.⁸ Sistnemnte hadde meldt i frå om at dei ikkje var interesserte i at Noreg inviterte dei store internasjonale oljeselskapa til investering i Barentshavet (Tamnes, 1997: 324). Men Noreg gjekk bort frå denne varsemda på byrjinga av 1980-talet og selskap blei invitert til å utforske Barentshavet. Kring 1985 var optimismen stor for oljerikdom i Barentshavet både i Noreg og Sovjetunionen, og ein venta ein auka aktivitet. Sovjetunionen fann mykje meir olje og gass enn Noreg, og starta kommersiell drift på Kolgujev-øya i 1987. I 1988 blei det enorme gassfeltet Sjtokmanovskoje funne (ibid.: 323f.). Eventyret let likevel vente på seg, og oljeselskapa var klare til å trekke seg ut (Moe, 2010: 226).

Når det gjaldt det omstridde området la Havretten av 1982 restriksjonar på leiteboring eller annan aktivitet som ikkje kunne skje utan kystjurisdiksjon (Østreng og Prydz, 2007: 5). Men før Havrettskonvensjonen kom i stand, hadde Noreg føreslått eit moratorium mot leiting og utvinning av petroleum i eit likeverdig område aust for sektorlinja og for opp mot 15 år (Tamnes, 2010: 265). Sovjetunionen likte forslaget, men kunne ikkje gå med på dei norske

⁸ Og på grunn av at Noreg enno var travelt oppteken med utvikling av oljefelta i Nordsjøen.

premissa. Likevel etablerte landa ei slags semje om å vere tilbakehaldne i det omstridde området (ibid.).

Med få unntak følgde Noreg opp dette. Sovjetunionen var derimot ikkje like tilbakehaldne, og i 1980 blei det klart at Sovjetunionen frå 1973-74 hadde helde fram med systematiske seismiske undersøkingar i det omstridde området. Dette skapte sterke reaksjonar i Noreg, som såg det som at sovjetarane gjorde dette for å vise musklar, og at dei hadde ført regjerings bak lyset med vilje (ibid.). Situasjonen løyste seg med ei ny stadfesting av den felles forståinga om å vise atterhald i området.

1.3.6.2. Fiskeriforvaltning og gråsoneavtalen

Noreg og Sovjetunionen/Russland har lange tradisjonar for samarbeid om fiskeriforvaltninga i Barentshavet. På 1950-talet byrja norske og sovjetiske havforskarar å arbeide saman. Dessutan var Noreg og Sovjetunionen to av 14 land som var med i Kommisjonen for fisket i Det nordaustlege Atlanterhavet (NEAFC), som kom i stand i 1959 (Hønneland og Rowe, 2010: 79). På 1970-talet fekk natur- og miljøvern ei ny og sterkare meining, og Noreg og Sovjetunionen var ikkje lenger nøgde med korleis NEAFC regulerte fiskeriet i Barentshavet. I 1975 oppretta dei dermed ein samarbeidsavtale, som mellom anna skipa den blanda norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen. Kommisjonen skulle sørge for å vurdere vitskaplege tilrådingar, fordele fiskekvoter og tilrå tekniske reguleringar for fiskeria i Barentshavet (Hønneland, 2006: 90ff.). Ein supplerande avtale i 1976 slo i tillegg fast at partane tillet kvarandre sine fiskefartøy å fiske i deira respektive økonomiske sonar (som dei nettopp hadde etablert) (ibid.: 25). Avtalen hadde som vilkår at fartøy som fiska i den andre parten si økonomiske sone, måtte rette seg etter denne partens fiskereguleringar, og at partane sjølv skulle sørge for at deira egne fartøy overheldt desse reguleringane (ibid.).

Spørsmålet var naturlegvis no korleis dette skulle handsamast i det omstridde området. Kven var kontrollmyndigheita i dette området? Og kven sine reguleringar skulle gjelde?

Som det allereie er blitt nemnt, blei Noreg og Sovjetunionen samde om ei ordning for fiskeriforvaltninga i det omstridde området i 1978. Gråsoneavtalen gjekk generelt sett ut på at partane let vere å kontrollere den andre parten sine fiskefartøy. Tredjelands fartøy skulle kontrollerast av den parten som hadde gitt vedkomande fiskelisens. Avtalen var dessutan meint som ei mellombels ordning, og måtte fornyast kvart år (ibid.: 26).

Eit anna punkt, som var politisk viktig for den norske regjeringa under den omfattande debatten som følgde signeringa av gråsoneavtalen, var at den formelt slo fast at den ikkje skulle ha prejudiserande effekt (Tresselt, 1988: 84). Formaliseringen var likevel ikkje nok for å

roe gemytta hos opposisjonen, og eg skal vise at denne debatten framleis eksisterte i perioden 1985–1992.

1.3.7. Spørsmålet om bilateralisering

Vi har allereie sett døme på tosidige forpliktingar mellom Noreg og Sovjetunionen. Fiskeria i Barentshavet har blitt sett på som ei av verdas best forvalta havområde, og arbeidet som har blitt gjort i den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har i dag oppnådd resultat "som mange forvaltningsmyndigheter rundt om i verden ville misunt dem" (Hønneland, 2006: 8). Gråsoneavtalen, som absolutt må kunne sjåast på som ein type fellesstyre, har i eit fiskeriforvaltningsperspektiv fungert på ein god måte (Hønneland og Rowe, 2010: 102). Slik må ein kunne seie at bilateraliseringa av fiskeriforvaltninga har vore eit vellukka prosjekt. Likevel var den norske regjeringa gjennom alle år gjennomgåande avvisande til Sovjetunionens forslag om eit altomfemnande fellesstyre i det omstridde området. I eit asymmetrisk maktforhold, frykta nordmennene at Sovjetunionen i eit felles, eller blanda, jurisdiksjonsområde ville bli ein for dominerande part. Gråsona baserte seg ikkje på ein slik felles jurisdiksjon, men på ein parallell jurisdiksjon, kor partane handla etter eigne reguleringar. Dessutan var det ein viktig forskjell på forvaltninga av fisk, som ein levande, fornybar ressurs, og som dessutan rørde seg mellom dei økonomiske sonene, og petroleumsutvinning, som bunde til ein stad, var ein ikkje-fornybar ressurs, og innebar faste installasjonar (Tresselt, 1988: 90).

Frå sovjetisk side blei det hevda at ideen om fellesstyre (kalla tillitssone av Ryzjkov i 1988) mellom anna sprang ut av tryggingpolitiske omsyn, medan ideen i Noreg gjerne blei sett på som ein måte for Sovjetunionen å styrke sin generelle autoritet i området (Bones, 2012: 188, Tresselt, 1988: 90). Etter å ha gitt slepp på bilateraliseringsmodellen ein periode mot slutten av 1980-talet og fram mot våren 1992, heldt Russland fram i ein slik tankegang i fleire år til – utan å få gjennomslag hos Noreg.

1.4. Forskingsstatus

Delelinjeforhandlingane i Barentshavet var lenge eit "hett" tema i norsk utanrikspolitikk, og er no eit populært emne for forskarar som interesserer seg for nordområda, det norsk-russiske forholdet, eller generell grenseproblematikk. Etter at delelinjeavtalen blei ratifisert i 2011 har arkivmateriale om saka blitt meir tilgjengeleg, og nye høve blir no avdekka. I tillegg har det allereie blitt skriva mykje om forhandlingane. Eg vil her gå gjennom dei arbeida eg ser på som sentrale for mitt utgangspunkt.

Det er likevel ikkje tidlegare gjort arbeid som fokuserer på samtidas oppfatningar om saka gjennom avisene sitt perspektiv på norsk og sovjetisk/russisk side i perioden 1985–1992.

Det næraste eg har kome i leiting etter like perspektiv er den russiske historikaren Aleksander Kan sine arbeid på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet. I forsvarsstudiet *Naboskap under kald krig og perestrojka: forholdet Norge-Sovjet sett fra Moskva* (1988) går Kan mellom anna inn på korleis Noreg som stat blei sett på i dei sovjetiske avisene *Izvestija* og *Pravda*. Seinare skriv han ein artikkel for Europa-programmet med eit meir nordisk perspektiv, også her med utgangspunkt i dei russiske avisene: *Norden sett frå krisens Sovjetunionen. Nordenbilder i sovjetpressen 1988-1991* (1992). Delelinjesaka blir nemnt i det første arbeidet, men er ikkje eit gjennomgåande tema i nokre av dei.

Andre som meir spesifikt har hatt delelinjeforhandlingane gjennom aviskjelder som sitt mål, er Lene Buer Blomqvist. Ho publiserte i 2006 ei mastergradsoppgåve i statsvitskap med tittelen *Har Norge behov for en avklart delelinje i Barentshavet?: en diskursanalyse av delelinjekonflikten mellom Norge og Russland*. Analysen hennar strekker seg over tidsrommet 1995–2005, er eit diskursanalytisk arbeid og baserer seg på norske kjelder. Ho har i tillegg laga ein oversikt over gangen i forhandlingane frå start til slutt, noko som har vore til hjelp i mi oppgåve. Andre masteroppgåver om delelinjeforhandlingane er Ida Holsbøs *Hvordan var det mulig å komme frem til en endelig løsning i delelinjespørsmålet mellom Norge og Russland i Barentshavet i 2010, og ikke i 1978? Nitid studie av tingenes tilstand* (2011). Dette er ei mastergradsoppgåve i fiskeri- og havbruksvitskap. I tillegg har Lars Eliassen skriva ei masteroppgåve i rettsvitskap om gråsoneavtalen i 1978, *Gråsoneavtalen mellom Norge og Russland* (2008).

For oversikt over forhandlingane og ulike drøftingar av relevante prosessar i og før tidsrommet oppgåva mi dekkjer, har mellom anna statsvitar Ingrid Kvalviks artikkel *Delelinjeforhandlingene mellom Norge og Sovjetunionen/Russland* (2003) bidrege til oppgåvas introduksjonskapittel. Artikkelen bygger på ei hovudgradsoppgåve som Kvalvik avslutta i år 2000. I tillegg til å fokusere på det bilaterale forholdet mellom landa, tek ho for seg dei ulike interessene som tradisjonelt sett har blitt vurdert som avgjerande for at ei løysing lenge låg langt framme i tid, som petroleum, fisk og militær-strategiske omstende. Artikkelen baserer seg i all hovudsak på norske perspektiv. Det gjer og bestillingsarbeidet frå Stortinget *Delelinjen i Barentshavet. Planlagt samarbeid versus uforutsett konflikt?* (2007) av forskarane ved instituttet *Ocean Futures*, Willy Østreng og Yngvild Prydz, og den tidlegare forhandlingsleiaren for den norske sida, Per Tresselt sin artikkel *Norsk-sovjetiske forhandlinger om avgrensning av kontinentalsokler og økonomiske soner* (1988). Også desse har eit norsk perspektiv som grunnlag. Sjølv om også mitt studie bygger på ein overvekt av norsk materiale, håpar eg likevel at det kan bidra til eit auka innsyn i oppfatningane som eksisterte på sovjetisk side.

For utanrikspolitiske linjer i Sovjetunionen/Russland frå og med Gorbatsjov si regjeringstid er Andrei Tsygankovs *Russian Foreign Policy. Change and Continuity in National Identity* (2010) eit viktig bidrag i det sosialkonstruktivistiske perspektivet. Han er kompromisslaus i sin konstruktivistiske tankegang, og støttar seg mellom anna på Anne L. Clunans såkalla *aspirational constructivism*, som kritiserer Aleksander Wendts og Ted Hopfs konstruktivisme for synet på at nasjonal identitet er noko som definerer starten på ei utvikling, og at det ofte definerer ein storleik på uforanderlege sosiale og kulturelle strukturar som stammar frå langt tilbake i tid (Clunan, 2009: 22) (sjå kapittel 1.7. for teoretiske perspektiv lagt til grunn i denne oppgåva).

For russisk historie i perioden har *Russia. A History*, redigert av Gregory L. Freeze, *The Last of the Empires*, av John L. Keep, og det danske samarbeidsprosjektet *Politikens Ruslandshistorie 1982-1992* blitt referert til. Sistnemnte blei gitt ut i 1992 og er difor skriva svært tett opp til hendingane i samband med oppløysinga av Sovjetunionen og danninga av den russiske republikken, og dette må takast med i vurderinga av innhaldet.

Ei allmenn innføring i den kalde krigen var essensielt for dette studiet. Perioden 1985 – 1992 var banebrytande i eit kaldkrig-perspektiv, og alle internasjonale samband mellom aust- og vestblokka var påverka av prosessane i den kalde krigen. For ein introduksjon i den kalde krigen gir Hallvard Tjelmelands *Den kalde krigen* (2006) eit mangesidig perspektiv på få sidetal. Også Rolf Tamnes sitt bind nummer seks i *Norsk utenrikspolitiske historie. Oljealder 1965-1995* (1997) tek for seg mange av hendingane som Noreg måtte forholde seg til under den kalde krigen, ofte i klem mellom NATO-allierte USA og Sovjetunionen i nord. I Tamnes sitt verk er delelinjeforhandlingane ein av fleire tvistar Noreg og Russland/Sovjetunionen har i denne perioden, dessutan gir han vesentlege drøftingar av nordnorske petroleumsspørsmål i perioden. Tamnes har og bidrege med eit bokkapittel i *Oljevirkosomhetens inntog i nord* frå 2010, der han diskuterer petroleumsvirksomheitas internasjonale dimensjon og problematikken kring olje og gass i det omstridde området.

Som bakgrunn til mi forståing av generell nordområdepolitikk, mekanismar i den norsk-russisk fiskeriforvaltninga, russisk politikk (og nordvestrussiske perspektiv) har bøkene *Nordområdene – hva nå?* (2011), av statsvitar ved Fridtjof Nansens institutt Geir Hønneland og historikar Lars Rowe, *Kvotekamp og kystsolidarietet. Norsk-russisk fiskeriforvaltning gjennom 30 år.* (2006), av Hønneland, og *Moderne russisk politikk* (2006), av Hønneland og statsvitar Jørgen Holten Jørgensen alle blitt brukt.

I høve til russisk og sovjetiske tryggingpolitikk for nordområda har statsvitar Kristian Åtlands doktorgradsarbeid leie til grunn. Han disputerte i 2009 med avhandlinga *The European Arctic in Soviet and Russian Security Policy, 1987-2007* ved Universitetet i Tromsø.

Og for norsk-russisk diplomatihistorie har Kari Aga Myklebost og Stian Bones i 2012 redigert ei artikkelsamling med namn *Caution & Compliance. Norwegian-Russian Diplomatic Relations 1814–2014*, kor særleg Bones sin artikkel *Renegotiating Neighbourliness: the Stoltenberg-Kozyrev Connection* har vore relevant i mitt studie.

1.5. Metode

Denne oppgåva er basert på ei historisk analyse av norsk og russisk avismateriale. Som grunnlag for studiet har eg arbeida innfor visse metodiske rammer, og det viktigaste i denne samanheng har vore høvet til aviser som historisk kjeldemateriale – med dei moglegheitene og grensene dette inneber. I tillegg vil eg her seie noko om kontekst og syn på diskurs som omgrep i samanheng med mitt arbeid.

1.5.1. Kontekst

Som grunnlag for å tolke funna mine var det viktig å sette seg inn i delelinjeforhandlingane og å forstå det som allereie var lagt fram om saka. I tillegg var det ei rekke omkringliggende høve, som var viktige for situasjonen som forhandlingane fant seg i. Det vere seg mekanismane i den kalde krigen, spenningane mellom aust og vest, det bilaterale forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen/Russland eller ulike konfliktflater i nordområda. Sistnemnte kunne til dømes dreie seg om havrettslege spørsmål – multilateralt, eller bilateralt. Som skrive innleiingsvis har eg ei forståing av avisene sin kontekst vore avgjerande for den historiske tolkinga. Dette ser eg som så sentralt, at det vil bli omtalt i eit eige kapittel lenger ned.

Kontekst er ikkje berre viktig for tolkingsarbeidet. Det er og eit avgjerande verkemiddel for å framstille historie som er forståeleg for deg som lesar. Det relativt omfattande bakgrunnskapittelet mitt er eit resultat av mitt forsøk på å skape samanheng i den historiske analysen som er gjort. Måten stoffet er periodisert på, kan og sjåast som ein metode for å skape kontekst og samanheng i framstillinga.

Utvalet eg har gjort, spørsmåla eg har stilt og korleis eg har tolka svara på desse er med på å avgjere korleis du som lesar vil oppfattar emnet og perioden, og er med på å skape førestillingar om hendingar, personar og samfunnet oppgåva skildrar.

1.5.2. Diskurs

Omgrepet *diskurs* har vore svært populært i samfunnsvitskapane dei siste åra og fått ei rekke ulike meininger. Nokre vil seie at omgrepet både er overbrukt, misbrukt og oppbrukt. Eg vil likevel (og nettopp difor) seie få ord om kva eg legg i dette omgrepet, og kva dette har å seie i mitt arbeid.

I sosiologien og statsvitskapen er diskursanalyse gjerne ein måte å avdekke korleis språket påverkar menneskeleg åtferd (Hønneland, 2003: 4). Å sjå på korleis diskursen kring delelinjeforhandlingane påverka dei politiske avgjeringsane kunne vore eit interessant tema, men er ikkje hovudmål for denne oppgåva – som jo har eit meir generelt og empirisk utgangspunkt enn som så. Oppgåva vil ikkje gå direkte inn i linken mellom "the totality of things written and read, spoken and heard" (George Myerson og Yvonne Rydins definisjon av diskurs i Hønneland, 2003: 4) og menneskeleg åtferd som ein sosiolog, men den vil gå inn i totaliteten av det som er skriva om delelinjeforhandlingane i perioden for å danne ei historisk framstilling av korleis saka blei oppfatta. Desse oppfatningane representerte "a shared way of apprehending the world" (den australske statsvitaren John S. Dryzeks definisjon av diskurs i Hønneland 2003: 4). Aktørane som engasjerte seg i delelinjesaka i pressa, det vere seg personar med redaksjonelt og/eller politisk tilhøyre, eller frittstående privatpersonar, hadde visse delte premisser for korleis ein oppfatta saka – i og med at ein deltok i den same diskursen.

Eg har ikkje skriva eit såkalla diskursanalytisk arbeid, men når eg seinare i oppgåva mi dreg slutningar om kva oppfatningar som råda om delelinjeforhandlingane i Barentshavet, vil dette vere gjort på grunnlag av den heilskepelege mengda med tekst som tredde fram blant dei ulike partane som uttalte seg i avisene. Diskursen er her historisk interessant i seg sjølv. I det neste skal vi sjå nærmare på korleis kjeldematerialet, avisene, har blitt vurdert som spor til historia eg har framstilt.

1.5.3. Aviser som leivning

Eit vesentleg bruksområde for aviskjeldene i denne oppgåva har vore å bruke aviser som leivningar. Målet har vore å sjå på oppfatningar i avisene, og dermed er førestillingar og haldningar som formar desse oppfatningane interessante. Å bruke avisene som leivningar kan vere å sjå avisene som ei avspegling av haldningar i samfunnet, eller å lese dei som eit uttrykk for avisa sine standpunkt og haldningar til aktuelle saker (Tjelmeland, 2004: 121). Slik kan ein seie noko om den situasjonen avisartikkelen oppstod i. Det viktigaste for meg har ikkje nødvendigvis vore å få fram *nøyaktig kva som skjedde*, men å tyde korleis delelinjeforhandlinga *kom til uttrykk* og dermed og korleis saka blei *oppfatta* av aktørane i pressa og av sine samtidige lesarar. I leiting på slike spor er det mogleg å bruke både kommentarstoff og nyhendestoff.⁹ Når det gjeld å tolke visse haldningar kan nok sistnemnte by på større vanskar enn det førstnemnte, nettopp fordi ein som journalist strevar etter objektivitet. Men journalisten er heller ikkje eit fordomsfritt overmenneske; han har og ei gitt verdsopfatning,

⁹ Distinksjonen mellom kommentarstoff og nyhendestoff har ikkje alltid vore sjølvsgagt. Les avsnittet om dei norske avisene.

og han presenterer kunnskapen sin ut i frå sin ståstad. Difor er det mogleg å lese haldningar også her – sjølv om det er eit meir spissfindig arbeid enn å lese kommentarstoff.¹⁰ Her kjem oppfatningane meir eksplisitt til syne.

Frå den norsk pressa har leiarar, kronikkar og lesarinnlegg vore eit viktig materiale, særleg i samband med perioden 1988–1989, då engasjementet i Noreg var stort. Den som skriv slike tekstar ønskjer gjerne å overtyde lesaren om si eiga overtyding, og det blir gjerne brukt retoriske grep med nettopp dette augemål. Her får ein ikkje berre innsyn i avisas haldningar, men og i *folks* haldningar, i delelinjesaka og i Sovjetunionen som nabo, dei vere seg fiendtlege eller venlege, fordomsfulle, nyanserte, eller kanskje meir usikre og ambivalente.

Dei sovjetiske avisene har og blitt brukt på denne måten i oppgåva. Medan dei norske avisene var eit talerør for mange ulike politiske krefter og andre personar i den offentlege debatten, var dei sovjetiske avisene utelukkande eit talerør for den sovjetiske sentralkomiteen. Det finst knapt kommentarstoff om delelinjeforhandlingane i Barentshavet i den sentrale sentralpressa i perioden. Dette tyder ikkje at avisene ikkje har verdi som leivning, men det tyder at dei ikkje har verdi som leivning frå andre enn dei sovjetiske myndighetene sine haldningar i perioden. Dei politiske endringane som kjem tilsyne er i grunn interessant nok. Avisene fortel oss dessutan kva slags bilete av delelinjesaka den sovjetiske opinionen fekk presentert, fordi dei sentrale avisene naturlegvis var viktigaste informasjonskanal til delelinjesaka for russarar flest.

1.5.4. Aviser som beretning

Å bruke avisene som beretning er noko som og må drøftast her. Det er openlyst at ein kan få uklare framstillingar når faktaopplysingar blandast med ein styrt agenda. Tjelmeland skriv at ein gjerne bruker avisene som beretning når informasjonen ”lettast eller bare kan finnast her” (Tjelmeland, 2004: 115). Som vi har sett er dei viktigaste empiriske trekka ved forhandlingane godt dekkja i sekundærlitteraturen (sjå kapittel 1.4.), og difor har ”avisene som beretning” ikkje vore like aktuelt. Likevel – på dette detaljnivået er det ei rekke omstende som ikkje kjem fram av litteraturen, og særleg etter 1989. I siste del av perioden under studie har eg difor vore meir oppteken med dei ”berettande” trekka til aviskjeldene. Då kjem det kjeldekritiske verktøyet i framsetet, og ein må vite noko om kjeldene sine for vite kor verdifulle dei aktuelle faktaopplysingane er. Har avisa tilhøyre i eit politisk parti? Kan avisa ha ein spesiell ideologisk agenda? Kva med materielle tilhøve – kor langt vil avisa gå for å skaffe lesarar? Kven eig avisa?

¹⁰ Med kommentarstoff meiner eg alle ”ikkje-journalistiske” tekstar, der forfattaren har ei mykje sterkare røyst og fargar innhaldet med sine meiningar.

Eg skal i neste avsnitt gå nærare inn på generelle og meir spesifikke karaktertrekk med avisene på norsk og russisk side.

1.6. Kjeldene

Det er to viktige kjeldekritiske aspekt som er felles for det sovjetiske og norske avismaterialet. For det første er stoffet framstilt med tanke på at det skal lesast av mange, noko som gir makt til å påverke oppfatningane til opinionen. For det andre hadde avisene ofte (alltid for Pravda og Izvestija) ei partipolitisk tilknytning som ga innhaldet ein klar politisk agenda. Denne kombinasjonen av makt og agenda er openbert avgjerande for korleis avisene bør handsamast som historisk kjeldemateriale. Kanskje er dette særleg viktig når ein studerer internasjonale og mellomstatlege høve; høve om folk flest ikkje har innsyn i på andre måtar enn gjennom pressa.

På bakgrunn av dette har det difor vore viktig for meg å vite noko om kva slags krefter som råda i dei ulike redaksjonane. I Sovjetunionen verkar dette med første augekast som eit mindre samansett spørsmål enn i Noreg, i og med at det var eitt parti som la rammene for innhaldet. Samstundes representerer perioden 1985 – 1992 ei rekke maktstrukturelle endringar for kommunistpartiet i Sovjetunionen, og for myndigheitene i landet, som glidande gjekk frå å vere Sovjetunionen til å bli republikken Russland. I Noreg var mangfaldet blant aktørane i pressa langt større, men samstundes synlegare enn i Sovjetunionen/Russland.

1.6.1.1. *Dei norske avisene*

Eit viktig kjeldekritisk aspekt i høve til det norske avismaterialet, både frå regionane og frå hovudstaden, er den indirekte eller direkte politiske partitilhøyra som framleis gjennomsyra avisene eit godt stykke inn i 1980-talet. I løpet av desse åra blei journalistikken gjenstand for ein profesjonaliseringsprosess, kor journalisten no i større grad måtte skilje mellom kommentarjournalistikk og nyheitsjournalistikk (Tjelmeland, 2004: 117). Politikken skulle ut av journalistikken. Denne utviklinga har på mange måtar vore positiv for lesaren, fordi det gjer at journalistikken gjerne etterstrevar eit meir nyansert perspektiv no enn før. Samstundes har profesjonaliseringa og "avpartifiseringa" vore med på å komplisere biletet for meg som forskar: utviklinga har for det første medført at "dei underliggjande politiske premissa for avisene sin journalistikk [ikkje er] så synlege lenger" (ibid.) Likevel kan ein framleis skimte den tidlegare politiske tilknytninga kommentarplass (ibid.). Dette aukar kravet til oss som lesarar, fordi ein må vite kva ein skal sjå etter. Medan det tidlegare, og i første halvdel av perioden under studie, gjerne er klart at kommentaren ein les har eit politisk budskap, må ein seinare lese meir mellom linjene for å avdekke eit eventuelt partitilhøyre. Eg vil dermed igjen understreke viktigheita av det å vite noko om den aktuelle avisa si historie for å kunne tolke utsegna rett.

Tabellen under viser fokuset til viktigaste norske avisene som er med brukt i den historiske analysen. Mange avisene avsluttar sine formelle samarbeidsavtalar med ulike parti i løpet av perioden

AVIS	FOKUS
Nordlys	Arbeidarpartiet
Aftenposten	Tidlegare Høgre, uavhengig/konservativ
NTB	Telegrambyrå
Arbeiderbladet ^a	Arbeidarpartiet (hovudorgan)
Verdens Gang	Uavhengig/borgarleg
Dagbladet	Uavhengig/liberalt borgarleg
Dagens Næringsliv	Borgarleg/næringsliv
Bergens Tidende	Tidl. Venstre/Det Liberale Folkepartiet (1972-1988)/uavhengig
Nationen	Uavhengig/distriktpolitikk, mot Senterpartiet
Lofotposten	Uavhengig/borgarleg
Ofotens Tidende	Høgre
Harstad Tidende	Høgre
Fiskeribladet	Uavhengig/fiskeri
Finnmarksposten	Høgre
Fremover	Arbeidarpartiet
Finnmark Dagblad	Arbeidarpartiet
Sør Varanger Avis	Høgre
Klassekampen	AKP(m-l)
Friheten	Noregs Kommunistiske Parti

^aI dag Dagsavisen

Ein stor eigarkonsentrasjon er eit anna kjennemerke ved dei norske avisene. I løpet av 1980-talet slapp marknadskreftene til i norsk avisbransje, og utviklinga mot ei norsk medieorganisering som eitt av verdas mest konsentrerte byrja no (Bastiansen og Dahl, 2008).

1.6.1.2. Dei russiske avisene

Sidan 1917 hadde avispressa i Sovjetunionen blitt utførleg kontrollert og sensurert av det kommunistiske partiet. Hovudoppgåva til avisene var å legitimere det politiske systemet, og sørge for unison støtte i viktige politiske initiativ. Det journalistiske arbeidet hadde lite med objektivitet å gjere. Sanning var lik partiets perspektiv (Seth, 2011: 54).

Izvestija og Pravda, som organ i staten, var dei viktigaste avisene gjennom heile perioden. I hierarkiet over avisene av høgast nasjonal betyding, ranka Pravda høgast, og Izvestija som nummer to (Murray, 1999: 2). Pravda var avisa til kommunistpartiets sentralkomite, og var den avisa alle andre imiterte den politiske retninga til (ibid.).

Under glasnost skjedde det likevel gradvise endringar som leia til at avisene no i større grad arbeidde mot å tilfredstille eit lesande publikum, noko som mellom anna viste seg gjennom det at redaksjonane stadig trykte fleire lesarinnlegg (ibid.). I tillegg blei redaksjonane meir og meir opptekne med å vende seg til presserande problem som vedrørte befolkninga (Seth, 2011: 54).

I følgje John Murray¹¹ skal *Izvestija* i periodar ha hatt rykte på seg for å vere meir liberal enn *Pravda* (ibid.). Det skulle nok ikkje så mykje til, men er likevel ein interessant distinksjon. Dette blei dessutan meir framtrudande under glasnost: "[T]he once monolithic Soviet press began to separate out into those for and those against Gorbachev's political reforms, with *Pravda* becoming a standard bearer for the conservatives and *Izvestija* gradually taking its place among the ranks of the reformers" (ibid.).

Dette mønsteret viser seg og i funna eg har gjort i løpet av studiet. Det er langt fleire funn som kan knytast opp mot Noreg i positiv forstand eller delelinjeforhandlingane i *Izvestija*, enn i *Pravda*.

Ein ting som var viktig for russisk presse i den aktuelle perioden var den nye medialoven som treidde i kraft i 1990. Denne loven var revolusjonerande for russiske journalistar. Den avskaffa sensuren, journalistane blei uavhengige frå utgivarane, og private utvalsstader blei lovleg (Seth, 2011: 55).

Om delelinjespørsmålet i sovjetisk/russisk avisepresse er det først og fremst stoff å finne i samband med statsbesøk. Eg har ikkje gjort funn av kommentarmateriale om saka i det heile. Det er sannsynleg at det ville vore mogleg å finne slikt stoff i dei regionale avisene i Murmansk og Arkhangelsk, særleg etter at glasnost kom til nordområda etter Murmansktalet 1987 (sjå kapittel 2.4.). Her ville aktuelle aviser vore *Pravda Severa*, *Morjak Severa*, *Volna* (frå 1991) og *Severnij Komsomolec* frå Arkhangelsk fylke, og *Poljarnaja Pravda* og *Murmanskij Vestnik* frå Murmansk fylke. Diverre har tidsramma for dette prosjektet gjort eit gjennomløk i desse avisene utelukka. Vi har sett teikn til (sjå kapittel 1.3.10.) at dei regionale oppfatningane i nordvestlege Sovjetunionen og Russland om delelinjespørsmålet var svært ulike dei norske oppfatningane.

I samband med ulike statsbesøk i Noreg sendte dei sovjetiske myndigheitene gjerne korrespondentar frå nyhendebyrået TASS (Telegrafnoe Agenstvo Sovjetskogo Sojuza). Det kan vere freistande å samanlikne organet med det norske telegrambyrået NTB, for dei var begge

¹¹ John Murray har skrivt ein doktorgrad med namn *The Soviet Press under Perestroika*, som ikkje har lukkast meg å få tak i. Han skildrar likevel vesentlege trekk ved perioden som bakgrunn for sitt tema i refererte artikkel.

leiande nyhendebyrå i sine respektive land. Men Gro Harlem Brundtland meinte at ein TASS-korrespondent var "[...] mer å sammenligne med en statsansatt informasjonsarbeider" (Brundtland, 1998: 75).

Den emigrerte russiske historikaren Aleksander Kan har gjort to arbeide om korleis Norden og Noreg blei dekkja av dei sentrale sovjetavisene i perioden 1988–1991 (Kan, 1988 og 1992). Nokre av merknadene han har gjort seg har vore svært nyttige for meg, særleg for å peike ut kva som skil pressestoffet under glasnost og perestrojka i høve til dekkinga i tida før Gorbatsjov – ein tidsperiode kor eg sjølv ikkje har gått direkte inn i kjeldene. Han meiner at "[e]n någotsånär rysk tidningläsare kunde knappast undgå att notera skiftet: sovjetiska korrespondenser i Skandinavien och de redaktionella värderingarna av respektive staters politik förändrades efter Gorbatsjovs makttillträde på våren 1985" (Kan, 1992: 4).¹² Og det var gjerne i høve til Noreg at endringane var størst. Noreg hadde under den nye kalde krigen vore mindre synleg i sovjetisk presse enn t.d. Sverige og Finland,¹³ og når Noreg då blei omtala var det gjerne i form av fordømming av tryggingspolitisk aktivitet, NATO-tiltak eller kritiske merknader om atommotstand eller fredsrørsler (ibid.: 5f.). Under glasnost meiner Kan at dekkinga blei meir proporsjonal, men at dei austlege landa, Sverige og Finland, framleis fekk meir merksemd enn Noreg (ibid.). Fram mot 1986 var det enno trekk ved pressedekkinga som var ved den same. "Ändå dominerades den sovjetiske pressens täckning av Skandinavien även de följande månaderna av atomfrizon-kampanjen och en fortsatt kritik av framför alt dess norska motståndarna" (ibid.: 4). Seinare i perioden ser ein derimot ei generell nedtoning av kritikken mot dei nordiske landa sine tryggingspolitiske tiltak og ei gradvis omvurdering av dei nordiske samfunnshøva (ibid.). Kan konkluderer med at ein, frå og med inntoget til perestrojka og glasnost, reint generelt kan hevde at synet på dei nordiske landa no var lysare enn nokon gong sidan Oktoberrevolusjonen (ibid.: 5).

I perioden 1985 – 1992 kan ein, til skilnad frå tidlegare, i tillegg til utsegn frå ulike politiske aktørar, også finne intervju med den vanlege "mann i gata" i Noreg. Sjølv om ein framleis må leite grundig for å finne ytringar som går på tvers av sovjetisk politikk, illustrerer dette glasnost sitt inntog.

¹² Det Kan ikkje nemner er skiftet frå borgarleg til sosialdemokratisk regjering i Noreg 1986. Arbeiderpartiregjeringa førte ein politikk som Sovjetunionen lettare kunne kome i møte.

¹³ I sovjetpressa under den nye kalde krigen blei Finland prisa for sitt venskap med Sovjetunionen, medan Sverige sin alliansefridom blei forsvara (Kan, 1992).

1.7. Teoretiske perspektiv

Til sist skal eg innom eit par teoretiske punkt som gjer greie for mitt utgangspunkt for å diskutere dei ulike prosessane oppgåva omhandlar. Dette gjeld særleg i høve til internasjonale relasjonar, synet på den andre og trugselførestillingar.

1.7.1. Sosialkonstruktivisme og synet på den andre

Eg har teke utgangspunkt i visse poeng i den sosialkonstruktivistiske tankegangen som Alexander Wendt presenterer i boka *Social Theory of International Politics*. Wendt fremhevar at nasjonale interesser, i tillegg til å vere styrt av ytre, materielle faktorar, er *kulturelt definert* (Wendt, 1999: 92ff.). Wendt kritiserer realistisk og liberalistisk tenking mellom anna for å understreke ein faktor i det internasjonale systemet på kostnad av andre faktorar (ibid.).

Sjølve kjernen i den sosialkonstruktivistiske tenkinga er *identitet*, og då med tanke på ein stats identitet, eller nasjonal identitet. Tradisjonen vurderer måten ein nasjon ser på seg sjølv og oppfattar andre som viktig for dei politiske prosessane som skjer mellom statane. Dei materielle faktorane blir stilt i skuggen for den sosiale interaksjonen som skjer mellom partane i alle internasjonale relasjonar. Wendt meiner at dagleglivet i internasjonal politikk er "a ongoing process of states taking identities in reaction to Others, casting them into corresponding counter-identities, and playing out the result" (Wendt, 1999: 21).

Tanken er at ein stat gjennom samhandling med andre aktørar i det internasjonale samfunnet utviklar forståing for den andre sitt syn og at dette igjen fører til ei endring i korleis staten ser på seg sjølv. På denne måten utviklar statar identitet og interesser. Eit vesentleg poeng med denne teorien er rommet den skapar for endringar. Medan ein realist vil seie at ein stats interesser er noko som er svært stabilt og at endringar berre vil skje dersom dei materielle tilhøva endrar seg, vil ein sosialkonstruktivist seie at ein stats interesser er i stadig prosessering på grunn av den utvekslinga av kunnskap som skjer i relasjonane. Eg vil argumentere for at prosessane som skjer i delelinjeforhandlingane i perioden 1985 - 1992 vanskeleg kan forståast utelukkande ut i frå ytre årsaker.

Sjølv om sosialkonstruktivismen utvidar vår forståing av politiske prosessar, er den ikkje feilfri. Wendts konstruktivisme har mellom anna blitt kritisert for å sjå på nasjonal identitet som noko som definerer starten på eit utvikling, i motsetning til å også vere eit resultat av denne utviklinga, og for å sjå på kulturelle og sosiale strukturar som uforanderlege storleikar, oppstått langt tilbake i tid (Clunan, 2009: 22ff.). Anne L. Clunan er av dei som meiner at Wendt, i sin fokus på dei sosiale mekanismane som alltid skjer *imellom* landa, ignorerer dei *interne* kreftene i kvart enkelt land. Ho understrekar at eit land ikkje er eit blankt ark utan historie og ibuande kulturelle trekk. Kultur er og tema i det siste avsnittet i dette

kapitlet, men sett i samband med kva kulturen fører med seg av frykt og førestillingar – nærare avgrensa til nordområda i den kalde krigen.

1.7.2. Trugselførestillingar

For å forklare underbyggande mekanismar for den kalden krigen har synet på den andre som ein trugsel og tryggingsspolitikk vore eit sentralt moment (Tjelmeland, 2006: 26), og vi har allereie sett på korleis delelinjeforhandlingane kan sjåast i ein kaldkrig- og tryggingsspolitisk samanheng. Historikar Hallvard Tjelmeland er ein av dei som ønskjer å understreke relevansen av trugselførestillingar i internasjonal politikk, og har teke opp spørsmålet om underliggjande førestillingar i nordområda. Han introduserer omgrepet "alarmisme" i nordområdepolitikken, og definerer det som "politics based on overdimensioned or misplaced fear of the intensions of "the other", in our case Soviet Unionen and Russia" (Tjelmeland, 2009: 1). Ikkje all politikk basert på trugselførestillingar kjem inn under alarmisme fordi det av og til er gode grunnar til at dei eksisterer. Men politikk som utelukkande blir skapt av mangel på tillit og frykt for den andres intensjonar, leier til "a state of alarmism [...] and inevitable leads toward what is called "the security dilemma", that fear of the intentions, and the two states is involved in a negative spiral" (ibid.).

Når det gjeld trugselførestillingar i den norsk-russiske relasjonen mot slutten av den kalde krigen, og i perioden etter, fanst det visse tendensar til alarmisme i kritikken hos den norske opposisjonen av gråsoneavtalen (sjå kapittel 1.3.8.). Under eitt vurderer likevel Tjelmeland perioden som meir prega av tillit og samarbeid, enn av konflikt og mistillit (ibid.: 6) og "tryggingssdilemmaet" var ikkje eit dilemma mellom den Noreg og Sovjetunionen/Russland i denne perioden. Relasjonen var likevel asymmetrisk, med Noreg som småstat, og Sovjetunionen som stormakt, og ikkje alltid like venskapleg. Tjelmeland viser mellom anna til korleis russarane med mistanke har sett på norsk miljøvernpolitikk på Svalbard som skjult interessepolitikk (ibid.). Dessutan kan det vere relevant å nemne at Noreg tidlegare, under Stalin, hadde hatt god grunn til å kjenne seg usikre på sin store nabo i aust. I mange år etter gjekk debatten på høgste politiske nivå i Noreg om kor vidt Sovjetunionen framleis var ekspansjonistisk av natur (ibid.:4-5).

Sjølv om relasjonen på regjeringsnivå mellom 1985 og 1992 i all hovudsak var basert på tillit og samarbeid, kunne førestillingane elles i samfunnet vere annleis. Spor av førestillingar frå fortida og framandfrykt er menneskelege eigenskapar. Medan regjeringsmedlemmene i Noreg og Sovjetunionen/Russland treftes direkte og ofte var i dialog, hadde dei førestillingar om kvarandre som nok låg nærare røynda enn det som var tilgjengeleg for "den vanlege mann", som mellom anna baserte sine oppfatningar på informasjonen avisene gav. Om vi bruker

alarmisme ikkje berre om politikk, men som eit omgrep for ein type oppfatning, ein type trugselførestilling, skal vi sjå at det enno finst spor av alarmisme i diskursen om delelinjeforhandlingane i perioden 1985 - 1992.

1.8. Oppbygging

Denne oppgåva har ei kronologisk oppbygging, og er delt inn i tre periodar på to og tre år. Innafor kvar periode er gjort visse tematiske inndelingar, men også her følgjer innhaldet i all hovudsak ein tidsmessig rekkefølge. Periodane definerer ulike typar dynamikkar, som eg ser som relevant å skilje mellom. Vi kan sjå den første perioden (1985–1987) som ein overgangperiode i sovjetisk politikk, som leia til endra premiss i delelinjeforhandlingane.¹⁴ Den andre perioden (1988–1989) var ei tid kor Sovjetunionen kom med konkrete initiativ, forsøkte å gjere praksis ut av sin nye politikk, og til slutt greidde å kome Noreg i møte på ein slik måte at framgangen var eit faktum. Den siste perioden (1990–1992) representerer ein dynamikk der delelinjeforhandlingane gjekk frå å vere svært fruktbare til å bryte saman – klimaet i forhandlingane gjekk frå varmt til kaldt.

Som Ingar Kaldal påpeikar er det ikkje *ein* måte å dele inn ei kronologisk forteljing, og også denne framstillinga kunne nok vore delt inn på andre måtar. Perioden inneheld fleire vendepunkt som fører til endringar i utviklinga, og perioden kunne nok byrja både ved Gros besøk i Moskva 1986, ved Murmansktalet 1987, eller ved Helsinkitalet 1989 (sjå kapittel 2 og 3). Likeeins kunne perioden blitt avslutta på eit anna tidspunkt. Eg har likevel velt eit tidlegare tidspunkt, som eg har grunngeve i kapittel 1.2. i samband med problemstillinga.

¹⁴ Dette var og ei overgangstid i norsk politikk, men overgangen frå borgarleg til sosialdemokratisk regjering blir ikkje tillagt like stor vekt fordi eg vurderer asymmetrien i statane sin maktbalanse slik at den sovjetiske makta var den viktigaste. Dessutan var ikkje kontrastane mellom regjeringane sine haldningar her like store som dei var i Sovjetunionen.

2. 1985-1987. Ny talemåte med skeptisk respons

2.1. Innleiing

I 1985 var det enno lite som var endra i den norsk-sovjetiske dialogen om delelinja i Barentshavet. Diskursen i pressa bar preg av den kalde krigen. Saker, som då Izvestija skildra utplassering av amerikansk materiell i Noreg, eller då norske aviser diskuterte den sovjetiske saboteringa av eit norsk seismikkfartøy, bygde opp under det relativt kjølige forholdet i begge land. Med den nye sovjetiske leiaren, Mikhail Sergevitsj Gorbatsjov, skjedde det imidlertid snart store endringar i sovjetisk utanrikspolitikk. Særleg ved to høve – først under eit statsbesøk i Moskva 1986, men viktigast; etter Murmansktalet hausten 1987 – gir Gorbatsjovs nye politikk friske aspirasjonar til delelinjedrøftingane mellom Noreg og Sovjetunionen. Dei nye initiativa var med på å endre tryggingpolitiske vilkår i nordområda, og skapte grobott for ein betre dialog. Reaksjonane i dei norske avisene var avventande positive, og enno ikkje svært optimistiske. Fastgrodde førestillingar gjorde at mange var skeptiske til den nye tonen. Nokre meinte at ”dette har vi sett før”, eller at Sovjetunionen var ute etter å skape oppsplitting mellom NATO-landa. Delelinjeforhandlingane var ikkje direkte knyta til initiativet, men den vidtrekkande og omfattande orienteringa for nordområda ga likevel eit håp om sovjetisk oppmjuking og i denne saka.

I dei russiske avisene blei delelinja nemnt i samband med Gro Harlem Brundtlands besøk i Moskva. Forutan dette tilfellet, er avisstoffet om Noreg først og fremst prega av tryggingpolitikk eller miljøvernssamarbeid. Sovjetiske tenestemenn eller forskarar uttalte seg gjerne i norsk presse, noko som er interessant for å vise eit russisk perspektiv. Det er likevel langt fleire artiklar som omtalar delelinja i Barentshavet i Noreg enn i Sovjetunionen.

Dette kapittelet er kortare enn dei to neste fordi delelinjesaka i denne perioden ikkje er like aktuell som i dei to neste periodane 1988–1989 og 1990–1992. Det er rett og slett færre avisartiklar om delelinja her. Likevel vurderer eg perioden 1985–1987 som viktig fordi den viser korleis forholdet mellom Noreg og Sovjetunionen får ei oppmjuking, og dermed korleis premissa for delelinjedrøftingane endra seg. Ein kan sjå tidsrommet som ei innleiing til intensiveringa som skjer i delelinjeforhandlingane dei følgjande åra. Kapittelet har ei kronologisk framstilling, og eg skal først vise nokre få døme på korleis dei respektive landa den første tida blei oppfatta av kvarandre – før delelinja blei eit tema i avisene under den norske statsministerens besøk i Moskva i 1986. Murmansktalet som Gorbatsjov heldt hausten 1987 var

viktig for delelinjeforhandlingane fordi den markerte at perestrojka og glasnost hadde kome til nord. Med den nye politikken blei det snart lettare å føre dialog i delelinjeforhandlingane.

2.2. Manglande gjensidig tillit

Før Gorbatsjovs nye politikk hadde slått inn i det sovjetiske systemet, og før avspenninga byrja å breie seg mellom aust og vest, blei Noreg, som i følge Aleksander Kan blei oppfatta som det mest ihuga nordiske NATO-landet (Kan, 1992:2), gjerne omtalt i mistruiske ordelag i dei statlege avisene *Pravda* og *Izvestija*.¹⁵ Sistnemnte skreiv til dømes om forholdet til Noreg at "[i] eit slikt naboskap er det ikkje greitt å kjenne seg trygg".¹⁶ Skildringa av Noreg som ein trugsel var sett i ein aust-vest samanheng, der Noreg var USAs trappetrinn inn i Sovjetunionen. "Formålet til Pentagon er klart: Ikkje berre søker dei eit generelt overtak, dei ønskjer og ein regional overlegenheit over Sovjetunionen, og å forvandle dei nordiske landas territorium og kystnære farvatn til eit bruhovud for aggresjon".¹⁷

Samstundes bar dei norske avisene preg av manglande tillit til sin store nabo i aust. Dette kom fram mellom anna i den Malene Østervold-saka, som i følge NTB av visse også blei knyta saman med ein politisk agenda i det omstridde området i Barentshavet.¹⁸ Etter at eit sovjetisk marinefartøy kutta slepekabelen til det seismiske forskingsskipet Malene Østervold i uomstridt norsk farvatn, uttala leiinga i seismikk-selskapet GECO at dei såg på saka som *politisk*, og at dei difor overlet utanriksdepartementet å handtere den.¹⁹ NTB slo fast at ikkje kunne vere tale om eit politisk framstøyt om ytterlegare territoriale krav vest for sektorlinja.

Dersom sovjet-regjeringen ønsket å gjøre en slik markering ville det ha skjedd under en ny forhandlingsrunde eller på en annen passende politisk måte, ikke ved en fregattaksjon. [...] Det kan dreie seg om en beslutning i den sovjetiske marinen fordi de rent militære hensyn i innfallsporten til basene på Kola-halvøya tilsa det.²⁰

Det var likevel semje om at hendinga ikkje bidrog til å betre forholdet mellom landa.²¹

¹⁵ Til dømes i *Izvestija*, 22.9.1985. (EastView 4.5.2012.), *Pravda*, 9.6.1985. (EastView 4.5.2012.).

¹⁶ Etter å ha konstatert at åtte flyplassar i Noreg var klare til å ta imot amerikanske bombeskvadronar, at det i Trøndelag var lagra store mengder våpen og ammunisjon, og at amerikanske hangarskip og ubåtar med atomvåpen stadig tråla dei norske farvatna, i *Izvestija*, 30.4.1985. (EastView 4.5.2012.)

¹⁷ *Izvestija*, 15.6.1985. (EastView 4.5.2012.).

¹⁸ *NTB*, 12.7.1985.

¹⁹ *NTB*, 11.7.1985.

²⁰ *NTB*, 12.7.1985.

²¹ Leiar i *Haugesunds Avis*, 12.7.1895, "Samarbeidet kan bli svekket" i *Aftenposten*, 13.7.1985.

2.3. Delelinja opp i Moskva

Det tok likevel ikkje lang tid før endringane i sovjetisk utanrikspolitikk og let seg merke i pressa. I januar 1986 skreiv journalist Morten Fyhn at forholdet mellom Oslo og Moskva no hadde vore "noelunde godt i relativt lang tid".²²

På norsk side har man lagt vekt på at russerne opptrådte klanderfritt både i forbindelse med raketten som forvillet seg innover norsk område for ett år siden, og da kabelen ble kuttet for seismikkskipet "Malene Østervold" i Barentshavet ifjor sommer. Moskva ba i begge saker om unnskyldning, og de er nå ute av verden. Dessuten har sovjetisk presse ikke på lang tid kommet med sin vanlige kritikk av Norges sikkerhetspolitikk.²³

Ikkje berre var det lenge sidan Noreg var blitt kritisert. I dei sovjetiske avisene kunne ein og sjå eit meir positivt syn i norske saker. Eit døme er då Brundtland gjekk imot SDI planane til USA, kor *Izvestija* siterte ho på at "Noreg går imot militarisering av verdsrommet, og mot all type forskning som leier mot konstruering av våpen for bruk i verdsrommet".²⁴ Ei anna sak som førte til positiv omtale av Noreg var miljøvernssaka. Igjen blei den norske statsministeren sitert: "Sovjetunionen forstår verdien og vier stor merksemd til spørsmål om miljøvern, frå omfattande forureining av atmosfæren og havet, til lågavfallsteknologi og jorderosjon. De har mykje som de kan dele med oss."²⁵

Desse positive vinklingane må forståast i samband med den mildna sovjetiske politikken mot vestlege land, men ein skal ikkje oversjå det at Sovjetunionen no hadde betre grunn til vere positive til Noreg. Nyhendebyrået TASS hadde tidlegare etterlyst støtte hos den borgarlege norske regjeringa i kampen mot Reagans "stjernekrigsprogram" utan at noko skjedde: "Noreg må rette bestemt kritikk mot dei amerikanske planane om ei militarisering av verdsrommet."²⁶ I dei sovjetiske avisene var ikkje berre eit resultat av korleis dei velte å sjå på sakene, det var og ei tilnærming frå norsk side.

Mykje snakk om delelinjeforhandlingane er det verken i sovjetiske eller norske aviser før i desember 1986. Då hadde partane to møter som var viktige for delelinjeforhandlingane: For det første møtte Noregs statsminister Brundtland Gorbatsjov og statsminister Nikolaj Ryzjkov i Moskva. For det andre blei den niande runden i delelinjeforhandlingane gjennomført like etter statsbesøket. Arbeiderbladet og NTB meldte at Brundtland no hadde understreka

²² *Aftenposten*, 17.1.1986. (A-tekst, 9.5.2012.)

²³ *ibid.*

²⁴ *Izvestija*, 24.12.1986. (EastView, 14.8.2011.)

²⁵ *Izvestija*, 9.12.1986. (EastView, 14.8.2011.)

²⁶ *Izvestija*, 11.3.1985. (EastView, 9.5.2012.)

ovafør Ryzjkov og Gorbatsjov at det var viktig for Noreg å kome fram til ei løysing av delelinja i Barentshavet. Til dette hadde ho fått til svar at "denne saka må takast i nærare augesyn".²⁷ Også Gorbatsjov uttalte seg positivt til pressa.

Vi ønskjer [...] å forstå våre naboar betre. Og med Noreg ønskjer vi å vere vener. Dersom det oppstår spørsmål eller misforståingar, ta direkte kontakt med oss. Vi er klare til å løyse desse i gjensidig interesse. Det inkluderer og spørsmål i samband med kontinentalsokkelen og delinga av den økonomiske sona i Barentshavet.²⁸

Om det generelle naboskapet mellom Noreg og Sovjetunionen stod Gorbatsjovs uttalingar i stor kontrast til den mistruiske karakteristikken som blei gitt i avisene vel eitt år tidlegare. Pravda trykte artikkelen "På grunnlag av eit godt naboskap" nokre dagar seinare og kommenterte samtalanene mellom Brundtland, Ryzjkov og Gorbatsjov. "Spesielt blei det understreka at ein frå begge sider ønskjer å leve i varig fred, og å basere forholdet på eit godt naboforhold og samarbeid".²⁹ I tillegg viste dei kva norsk presse uttalte i samband med besøket, som til dømes hadde uttalt at "Sovjetunionen og Noreg tillegg ei styrking av forholdet mellom aust og vest stor betyding" og at "Sovjetunionen og Noreg har eit samanfallande syn i mange europeiske og internasjonale tryggingsspørsmål".³⁰

Berre dagar etter statsbesøket i Moskva blei niande runde i delelinjeforhandlingane gjennomført. Den positive tonen som nettopp hadde blitt utveksla på høgste politiske nivå, blei, ifølgje dåverande delegasjonsleiar Per Tresselt, og teke opp i forhandlingsrunden.³¹ Tresselt uttalte dessutan at "[k]ommunikeet etter forhandlingene er markert lenger og mer innholdsrikt enn tidligere".³² Dette meinte Aftenpostens Aasmund Willersrud kunne ha stor betyding i diplomatisk språkbruk, og han meinte at det i "dette tilfellet er [...] åpenbart tale om en positiv utvikling".³³ I tillegg hadde det blitt utarbeidd ei ekspertgruppe, som utan å vere del av forhandlingane skulle handsame tekniske faktorar og dermed "gjøre det lettere for partene å snakke samme språk".³⁴ Dette var nytt, og runden hadde gitt preg av ein positiv tone. Likevel rekna ikkje Tresselt med å få eit nytt møte før om eit par år.

²⁷ *Arbeiderbladet*, 6.12.1986.

²⁸ *Izvestija*, 7.12.1986. (EastView, 14.8.2011.)

²⁹ *Pravda*, 8.12.1986. (EastView, 14.8.2011.)

³⁰ *ibid.*

³¹ *Aftenposten*, 18.12.1986. (A-tekst, 9.11.2011.)

³² *ibid.*

³³ *ibid.*

³⁴ I følgje Tresselt til *NTB*, 17.12.1986. (A-tekst, 6.5.2012.)

2.4. Murmansktalet

Med Murmansktalet i 1987 kom det som har blitt sett på som eit vendepunktet i sovjetisk arktisk politikk under perestrojka (Åtland, 2009: 45). Den hadde eit klart uttrykt formål: "[D]et er ei inderleg og utinga interesse for Sovjetunionen å hindre dei nordlege områda [...] i å atter ein gong å bli ein arena for krig, og å skape ei genuin fredssone og eit fruktbart samarbeid i dette området" (talen er trykt i Gorbatsjov, 2008: 50)(mi oversetting), og for å nå dette målet kom den sovjetiske leiaren med fleire forslag for ny politikk, nedrusting og avspenning i nord. Han ønska ein ny dialog om tryggingpolitiske problem og eit samarbeid med dei vestlege landa på ikkje-militære saker i landets nordvestlege fastland, på kontinentalsokkelen og i dei kystnære farvatn (Åtland, 2009: 54).³⁵

Mentalt sett førte Murmansktalet til at jernteppet falt i nord (Wikan, 2009: 50). Den representerte og eit vendepunkt for samarbeidet mellom dei skandinaviske landa og Sovjetunionen. Gorbatsjov understreka verdien av miljøvern og samarbeid mellom Sovjetunionen og dei nordiske landa, og året etter kom den norsk-sovjetiske miljøvernavtalen i stand (Olsen, 2008: 186). Snart viste dessutan russarane fleksibilitet i delelinjeforhandlingane (neste kapittel).

Den umiddelberre reaksjonen som teikna seg i fleire aviser var først og fremst avventande og nøkterne. *Nationen* skreiv at talen hadde "flere interessante aspekter", men viste samstundes til at det "[t]idligere [var gjort] liknende framstøt overfor Norge og Norden [...] i forsøk på å få til tosidige avtalar".³⁶ Difor var det no viktig å ikkje la seg rive med.³⁷ Den sovjetiske ambassaderåden Valerij Nesterusjkin var og med på å dempe iveren. Han orienterte om Gorbatsjovs tale i Oslo eit par dagar seinare og gjorde det klart at dette initiativet ikkje innebar ei ny sovjetisk haldning i delelinjesaka. "Det er viktig at man i denne saken ikke blir for følelsesladet [...] og at vi viser velvilje til å komme fram til en avtale som både Sovjetunionen og Norge kan godta. Men vi kan ikke løse problemene over natta".³⁸

Redaktøren i *Aftenposten* heldt seg nokså avventande til talen, og var eit døme på korleis ei konservativ avis oppfatta initiativet.

³⁵ Initiativet inkluderte ikkje Barentshavet når det gjaldt nedbygging av dei militære kreftene. Men berre få månader seinare uttalte Ryzjkov at dei og var klare for å inkludere Barentshavet i dette arbeidet.

³⁶ *Nationen*, 3.10.1987.

³⁷ Åtland meiner derimot at initiativet var radikalt annleis enn tidlegare tilnærmingar, fordi Gorbatsjovs nye politikk omfatta ei rekkje sektorar og var del av ein overordna ny politikk ("ny tenking" og perestrojka) (Åtland, 2009:45).

³⁸ *Fiskeribladet*, 8.10.1987.

Moskvas utenrikspolitiske intensjoner har ikke endret seg, men problemene ute og spesielt hjemme har forandret seg for Sovjetledelsen. Gorbatsjov søker å fremme sitt lands interesser med nye og tildels mer akseptable midler - med utvidet kontakt og samarbeide som et mulig element. Det er denne muligheten Norge og de øvrige nordiske land bør gripe, uten samtidig å gjøre noe som svekker deres sikkerhetspolitiske stilling i nord. Hvis det er prisen Gorbatsjov forlanger, da er prisen for høy.³⁹

Statsminister Brundtland og utanriksminister Stoltenberg velte imidlertid å fokusere på det dei såg på som ei erkjenning av "den rolle[n] som NATO og Warszawapakten spiller i sikkerhetspolitisk sammenheng i nord".⁴⁰ Arbeiderbladet la til at dette vitna om ei sovjetisk erkjenning av Noregs nei til bilaterale avtalar i nord, utan å utdjupe dette noko meir.⁴¹ Men som eg skal gå inn på i neste kapittel, la statsminister Ryzjkov la fram eit forslag om ei bilateral løysing få månader seinare.

Brundtland uttala seg og til sovjetisk presse:

Vi ser på Gorbatsjovs forslag som eit nytt bevis på det voksande sovjetiske ønsket om eit gjensidig forpliktande internasjonalt samarbeid i område og sfærar som er påverka av kjenslege nasjonale interesser. Den norske regjeringa ser det som positivt at ein frå sovjetisk side ytrar forståing av omsynet til andre land i regionen og peikar på tiltak som burde settast i gong.⁴²

Avisene ga altså inntrykk av positive, men nøkterne, reaksjonar på utspelet som i ettertid har blitt sett på som "no less than a revolution in Soviet Arctic policies" (den kanadiske statsvitaren Ronald Purver sitert i Åtland, 2009: 44). Allereie i 1990 blei det hevda av russiske forskarar at Murmanskinitiativet på to år hadde gjort meir for samarbeid i Arktis enn Sovjetunionen hadde gjort på dei sytti føregåande åra (ibid.). Ein kan forstå den labre mottakinga i Noreg med at talen i seg sjølv ikkje innebar store endringar innafør den militære politiske sfæren. Ei avspenning i den militære arenaen i nord var svært viktig for Noreg. Men det var først og fremst i dei "mjuke" sektorane at endringane var slåande (ibid.). Åtland argumenterer likevel for at endringane i dei ikkje-militære sektorane ganske snart også leia til ei nedtoning av den militære tryggingsretorikken i området. Desikkerheitisering (sjå kapittel 1.3.5.) i den sivile politikken var rett og slett eit viktig middel for å oppnå avspenning i den militære sektoren

³⁹ Leiar, *Aftenposten*, 3.10.1987. (A-tekst, 24.5.2012.)

⁴⁰ Stoltenberg til *Arbeiderbladet*, 2.10.1986. og Brundtland til *Arbeiderbladet*, 3.10.1986.

⁴¹ Leiar, *Arbeiderbladet*, 3.10.1986.

⁴² *Pravda*, 4.10.1987. (EastView 12.11.2011.)

(ibid.). For delelinjeforhandlingane betydde dette på sikt ei nedtoning i dei strategiske omsyna og eit dempa behov for å sjå dei respektive landas interesser i eit aust-vest perspektiv. Dette blir og synleg i avisene, og pressa si oppfatning av den militære faktoren i delelinjeforhandlingane kjem fram både i kapittel 3 og 4.

Frå Sovjetunionen kom det teikn på skuffelse over dei vestlege og skandinaviske reaksjonane. Lev Voronkov ved Det sovjetiske vitskapsakademiet for verdsøkonomi og internasjonale relasjonar, meinte at fleire utspel i dei norske avisene viste at mange hadde gått glipp av hovudpoenget i talen.

I de reaksjonene som er kommet fra utlandet, blant annet fra de skandinaviske land, har det side om side med interessante vurderinger, ideer og produktive problemstillinger, også vært en god del av den mistenksomheten og de fordommer som har hopet seg opp gjennom flere år. [...] Det er merkelig at noen betrakter dette som et "forsøk på å splitte NATO". Spesielt fordi også NATO inviteres til en dialog med sikte på at man i fellesskap skal prøve å finne veier til å normalisere de internasjonale forbindelsene i den nordlige delen av vår klode, og skape et fredelig samarbeide der på det økonomiske og andre felter mellom de statene som har arktiske områder.⁴³

Voronkov meinte at den etablerte vestlege oppfatninga av Sovjetunionen og fordommar om landets intensjonar i maktspelet mellom aust og vest kunne sette ein stoppar for eit fredeleg fellesskap. No måtte dei vestlege landa kome på banen og kome Gorbatsjov i møte.

For delelinjeforhandlingane si sak skoda ein no fram mot det komande statsministerbesøket frå Sovjetunionen til Oslo over nyttår. Izvestija meldte kort og presist at statsminister Ryzjkov, etter invitasjon frå den norske regjeringa, skulle besøke Noreg i midten av januar.⁴⁴ I Noreg var stortingspresident Jo Benkow ein av dei som hinta for pressa om at eit politisk utspel i delelinjesaka var venta av Ryzjkov.⁴⁵ Og Nils Morten Udgaard skreiv for Aftenposten at det som var mest interessant ved Murmansktalet for Noreg var det at "den bekrefter at det utenrikspolitiske apparat i Moskva nå har gjennomgått de nordiske og arktiske spørsmål ganske bredt, vurdert saker og veiet spørsmål - og så vært med på å formulere et bredt opplegg. Betyr dette at også andre saker, som talen ikke nevner, nå er oppe til ny vurdering?".⁴⁶ Med "andre saker" sikta Udgaard til delelinja i Barentshavet.

⁴³ Kommentar, *Aftenposten*, 1.12.1987. (A-tekst, 9.5.2012.)

⁴⁴ *Izvestija*, 28.12.1987. (EastView, 15.4.2011.)

⁴⁵ *Nordlys*, 16.10.1987.

⁴⁶ *Aftenposten*, 17.10.1987. (A-tekst, 7.5.2012.)

2.5. Hovudtrekk

Om endringane i den sovjetiske utanrikspolitikken ikkje viste seg med det same Gorbatsjov kom til makta, så kom dei så vidt til syne i både norsk og sovjetisk presse mot slutten av 1986. Dei sovjetiske avisene gjekk bort i frå dei negative oppfatningane om Noreg som base for trugselen frå vest, og fokuserte meir på positive trekk ved den norske politikk – som forkjemparar for miljø og avspenning. Dette må sjåast som at leiinga i Moskva no vendte seg mot Noreg på ein ny måte.

Dei norske avisene ga etter kvart og uttrykk for ein noko varmare relasjon, men det var med Murmanskinitiativet at perestrojka og glasnost' verkeleg kom til nordområda. Den nye politikken i nord var ledd i den vidtrekkande omforminga i sovjetisk politikk og likna ikkje noko ein tidlegare hadde sett frå sovjetiske leiarar. Likevel var oppfatningane i norske aviser svært nøkterne, og av og til mistenksame. Det norske synet på Sovjetunionen hadde blitt forma gjennom mange år med kald krig, og Gorbatsjovs idealistiske intensjonar fekk ikkje nordmennene sitt truverd utan vidare – heller ikkje ei einseitig positiv mottaking i norsk presse. Dette vekte frustrasjon i Sovjetunionen, som meinte at vesten no måtte kome den sovjetiske leiaren i møte.

Sjølv om det i perioden sett under eitt enno ikkje blei skriva så mykje om delelinjeforhandlingane, var endringane som kom til uttrykk viktige fordi dei endra premissane for relasjonen og dialogen i grensedrøftingane. No ønska russarane å møte problemet i Barentshavet, og i neste kapittel ser vi resultatet av nettopp dette.

3. 1988-1989. Tillitssoneforslaget

3.1. Innleiing

Frå og med 1988 byrja dei tidlegare signala om nye initiativ i delelinjesaka i Barentshavet å ta konkret form. *Tillitssoneforslaget* blei sett på som uakseptabelt av nordmennene, og blei bestemt avvist. Forslaget var likevel eit teikn på ny politisk vilje frå Sovjetunionen. Dette var første gong russarane hadde lagt fram noko anna enn sektorlinja for delelinjeproblemet, og tillitssoneframlegget markerte difor ei endring i sovjetisk åtferd i delelinjesaka og var eit viktig steg mot dei framgangsrike åra som ein no hadde i møte. Sovjetunionen hadde tidlegare kome med ulike typar forslag om bilateralisering på enkelte sektorar, men Ryzjkovs tillitssoneforslag blei presentert som eit steg på vegen mot ei endeleg grense. Måten dette forslaget blei lagt fram på var difor noko nytt.

Avispressa i Noreg viste i denne perioden stort engasjement for delelinjesaka i Barentshavet – både i nord og sør. I Sovjetunionen var det myndigheitene sin posisjon som gjorde seg gjeldande. Sjølv om endringane var i ferd med å melde seg og for den sovjetiske journalistikken, blei delelinjesaka i det store og heile referert til direkte frå statens tenestemenn. Det som likevel kjem til syne her, er den nye politiske positiviteten ovafor Vesten, ovafor Noreg og ovafor grenseproblematikken i Barentshavet. Frustrasjon ovafor sin vesle nabo i vest blei sjeldan avslørt og avisene var nøye med å halde ein god tone. No veit vi at denne endringa var svært viktig og eineståande i historia til den sovjetisk-norske relasjonen, men for mange i Noreg blei den nye tonen sett på som mistenkjeleg. Kva ville eigentleg russarane i delelinjesaka? Kvifor var ein brått så optimistiske? Det måtte ligge noko bak.

I den norske befolkninga hende det at sovjetiske signal enno blei tolka innafør dei tradisjonelle rammene frå den kalde krigen, og vi kan sjå teikn til den alarmismen som Hallvard Tjelmeland skildrar i sin teori om trugselførestillingar (sjå kapittel 1.6.2.). Det som i realiteten føregjekk var at dei sovjetiske innspela som Noreg mottok i denne perioden slett ikkje blei initiert med bakgrunn i tradisjonell sovjetisk politikk. For Sovjetunionen var dei nye framstøyta eit sikkert teikn på at ein no var i full fart på veg ut av isolasjonismen, og avstanden ein for kort tid tilbake hadde hatt til sine naboar i vest. I Noreg var befolkninga derimot ikkje like sikre. Mange var framleis skeptiske til intensjonane bak dei sovjetiske initiativa og var raske å kome med skuldingar når forhandlingane ikkje gjekk rett veg. Samstundes var det no politisk viktig for norske myndigheiter å markere avstanden Noreg ønska å ha til bilateralisering og sonemodellen. Det medførte at heller ikkje dei framstod som særleg

mottakelege ovafor dei nye sovjetiske initiativa. Dermed bidrog og politikarane i Noreg til å tidvis formidle eit skeivt inntrykk av den sovjetiske oppmjukinga, til trass for at dei nok i realiteten forstod alvorret i Gorbatsjovs nytenking.

Likevel, via ein lang og kronglete veg, med mange fram- og tilbakesteg; ved slutten av 1989 hadde delelinjeforhandlingane nådd eit punkt kor utsiktene for ei snarleg løysing var svært gode. Det var enno vanskeleg å forutsjå utfordringane som venta for Sovjetunionen og Mikhail Gorbatsjov, og ein kunne enno glede seg over framgangen ein hadde hatt.

Kapittelet er bygd opp delvis kronologisk og delvis tematisk, og er eit forsøk på sette oppfatningane i samanheng med den historiske konteksten. Det sovjetiske tillitssoneforslaget har blitt mykje omtalt tidlegare, følgjeleg meiner eg det er naturleg å plassere mine funn i samanheng med dette. Første del (kapittel 3.2.) er difor ei drøfting av aktuell empiri som allereie føreligg, medan andre del gir ein analyse av oppfatningane og uttrykka om delelinjeforhandlingane som finst i avisene frå perioden – særleg før og etter Ryzjkovs besøk i Oslo.

3.2. Tillitssone og motsatt argumentasjon

Då den sovjetiske statsministeren Nikolaj Ryzjkov kom til Oslo i januar 1988, var det nesten 17 år sidan Noreg sist hadde hatt statsministerbesøk frå Sovjetunionen.⁴⁷ Delelinja i Barentshavet hadde aldri blitt planmessig diskutert på eit så høgt nivå, og denne saka var særleg viktig for Noreg. Dette hadde blitt understreka ovafor russarane i framkant av besøket (Tresselt, 1988: 75), og den norske regjeringa var realistiske, men optimistiske. Utanriksminister Thorvald Stoltenberg hadde fleire gonger uttalt seg i norsk presse om at *dette* var tidspunktet for Sovjetunionen å gå meir aktivt inn for ei løysing i Barentshavet. Han knyta delelinjetvisten opp mot Murmanskinitiativet og det sovjetiske ønsket om stabilitet i nordområda, og meinte at Gorbatsjovs truverd kunne stå i fare dersom ein ikkje snart gjekk inn for å finne ei løysing.⁴⁸ Dessutan skapte den nylege løysinga av delelinja i Austersjøen – kor Sovjetunionen hadde gitt ”betydelige innrømmelser” – optimisme hos den norske regjeringa (Brundtland, 1998: 229).

14. januar 1988 landa statsminister Ryzjkov på Fornebu. I sine memoarar skildrar Dagfinn Stenseth Ryzjkov-besøket slik:

⁴⁷ Statsminister Aleksej Kosygin i 1971.

⁴⁸ *Aftenposten*, 11.1.1988.

Ryzjkov var bare den tredje sovjetiske statsministeren som besøkte Norge.^[49] Ryzjkov-besøket skilte seg ut. Ryzjkov kom som glasnost- og perestrojkaperiodens statsminister – som eksponent for de revolusjonerende omlegginger i sovjetisk politikk under Gorbatsjov. Det var bare to og et halvt år siden Gorbatsjov tok over som partileder. Men på den korte tiden var øst-vest-forholdet endret. De sovjetiske troppene var trukket ut av Afghanistan. Forhandlingene med USA hadde åpnet for nedskjæringer i arsenalene av atomvåpen. Gorbatsjov kom med et utspill som markerte et vannskille i etterkrigstidens internasjonale utvikling. [L]ikevel var det få som i januar 1988 kunne forutse det som skulle skje (den kalde krigens slutt, forf. anm.) (Stenseth, 2001: 217).

Endringane skjedde svært fort, og dei var enno vanskeleg å begripe omfanget av. Dette spela nok inn då Ryzjkov sitt innspel til delelinjeforhandlingane i første omgang spreidde enorm norsk skuffelse, til trass for at forslaget i andre rekke førte til det som seinare tok form som ein konstruktiv dialog mellom forhandlingspartane (Kvalvik, 2003: 154). Eg skal i det vidare gå inn på kvifor.

Forslaget til Sovjetunionen gjekk ut på at ei samarbeidssone, eller tillitssone, med 50/50 utnytting av ressursane under ein felles administrasjon som skulle dekke det omstridde området.⁵⁰ Ideen innebar eit fellesføretak for utvinning av petroleum, og gjennom dette skulle Noreg og Sovjetunionen – med felles råderett, risiko og gevinst – drive leiting, raffinering og sal av gass og olje. Om ønskeleg fanst det og moglegheiter for å inkludere foredling av naturressursar på Kolahalvøya.⁵¹ Den norske skuffelsen var eit resultat av at Ryzjkov med dette unngjekk å gå direkte inn i grensespørsmålet. I tillegg kunngjorde han at Sovjetunionen framleis såg på sektorlinja som ukrenkeleg. Samstundes skulle tillitssona vere eit steg mot ei endeleg grense.⁵²

⁴⁹ Etter Aleksej Kosygin og Nikita Khrusjov

⁵⁰ *NTB*, 15.1.1987.

⁵¹ *Izvestija*, 16.01.1988. (EastView, 15.9.2011.)

⁵² At Ryzjkov både ønskte å legge forholda til rette for eit arbeid mot ei endeleg grenselinje, samstundes som sektordekretet var ukrenkeleg synast paradoksalt utan forklaring, men det kan verke som Ryzjkov her var oppteken av formulere seg for å unngå å kome på kant med dei regionale syna i det nordvestlege Sovjetunionen. Historikar Sven G. Holstmark har gjort seg nokre merknader kring russiske oppfatningar om delelinjespørsmålet. Etter 1926 (sektordekretet) eksisterte det i det nordvestlege Sovjetunionen ei oppfatning av at sektorlinja for lenge sidan var avgjort som landets vestlege havgrense i Barentshavet og opp mot nordpolen. I dette perspektivet er det klart at det norske midlinjekravet framstår som eit stort krav. Med dette utgangspunktet var den einaste løysinga på delelinjekonflikten i nordvestrussarane sitt syn eit fellesstyre for området. Sjefsgeologen i det russiske leiteselskapet "Sojuzmorgeo" skal i 1993 ha uttalt til Murmansk-avisa *Poljarnaja Pravda*, at selskapet i 1979, då det starta opp med undersøkingar i Nordishavet, ikkje visste om at det eksisterte ei anna grense enn sektorlinja som blei satt i 1926. Forskarane hadde heller ikkje vore merksame på gråsoneproblemet før i 1982. Gråsona blei dessutan oppfatta som eit einseitig norsk opplegg, og som eit forsøk på å forsyne seg av det sovjetiske territoriet

For Noreg var dette eit forslag som representerte ein omveg for dei delelinjedrøftingane. Noreg sitt ufråvikelege syn var at ein slik form for bilateralisering var uakseptabelt.⁵³ Det var ikkje aktuelt for Noreg å sette seg sjølv i ein posisjon som la til rette for at Sovjetunionen kunne bruke sin storleik i eit asymmetrisk maktforhold. Nordmennene ønska at norsk forvaltning skulle vere bundne av norske vilkår, og at Noreg ville bli ein for liten motpart for Sovjetunionen i eit slikt føretak var eit rådande syn (Tresselt, 1988: 90, Kvalvik, 2003: 144, Tamnes 1997: 291). Forslaget blei difor avvist og "[...] mange norske miljøer følte at det ikke var kommet noen adekvat sovjetisk respons på norske utsagn om villighet til å gå inn i en reell kompromissforhandling om grenselinjens gang, samtidig som vi fastholdt våre rettslige posisjoner" (Tresselt, 1988: 75). Ein venta altså ein russisk respons som stod i stil til nokre av dei norske signala som hadde blitt formidla fleire år tidlegare. Noreg hadde føreslått matematisk utrekna utrettingar av midtlinja (sjå kapittel 1.2.). Det var forslag av denne typen Noreg håpa på.

Men sovjetarane meinte tvert om at tillitssoneforslaget så absolutt var å møte nordmennene i jakta på ei løysing. Eit slikt samarbeidsprosjekt kunne i deira syn vere eit steg på vegen mot ei endeleg grense. Under sin middagstale på Akershus sa Ryzjkov om tillitssoneforslaget at "[d]ette er ein meir realistisk veg å gå i leitinga på ei løysing av problemet med avgrensinga av havområdet og kontinentalsokkelen i Barentshavet".⁵⁴ Sovjetunionen resonerte dit hen at mangelen på tillit i området gjorde det vanskeleg å bli samde om eit kompromiss; ergo måtte denne tilliten byggast opp før det kunne bli tale om reelle forhandlingar (Kan, 1988: 104, Madsen, 1989: 21). Berre ei demping av det regionale spenningsnivået kunne vere med på å hindre ei løysing i grenseproblemet (Kan, 1988: 104).

For russarane var altså ønsket om ei tillitssone i stor grad eit tryggingsmessig omsyn og synet blei presentert ved fleire høve dei neste par åra. Likevel greidde russarane aldri å overtyde dei norske politikarane om dette. Brundtlandregjeringa hadde ei rak motsett innstilling. Regjeringa meinte at sjøelve vilkåret for tillitsbygging i området i første omgang var ei avklart grenselinje. Deretter kunne neste steg mot eit tettare samarbeid i nord finne stad (Madsen, 1988: 21). Noreg svara dessutan med at ei delelinje i Barentshavet ikkje burde vere avgjerande for den militære aktiviteten i området (Bones, 2012: 188). Dei norske politikarane

(Holtmark, 1999). Dette er eit svært interessant punkt, men diverre er oppfatningar frå regionale aviser i Sovjetunionen er ikkje dekkja i denne oppgåva.

⁵³ Gråsoneavtalen var ei bilateral ordning, men den norske regjeringa gjorde det klart frå første stund at avtalen verken var prejudiserande for ei framtidig delelinje, eller eit steg mot endeleg delt forvaltning av området (Holtmark, 1999).

⁵⁴ *Pravda*, 16.01.1988. (EastView, 2.2.2012.)

hadde visse syn på kva Sovjetunionen i realiteten ønska med tillitssona. Diplomaten Per Tresselt, som og var delegasjonsleiar i delelinjeforhandlingane for ein periode, skreiv i 1988 at

[d]et er nærliggende å tro at Sovjetunionen [med tillitssonen] for det første har et ønske om å befeste sin generelle innflytelse. Det kan også se ut som om det er et siktemål å søke å utvide også de geografiske rammer for områder som kan påberopes som et slags interesseområde for Sovjetunionen, og å vinne uttrykkelig norsk anerkjennelse for dette. En samarbeidsordning som den foreslåtte ville nettopp imøtekomme slike antatte sovjetiske siktemål (Tresselt, 1988: 90).

Denne haldninga var frustrerende for sovjetarane som såg tillitssona som eit vilkår for utvikling i saka (Bones, 2012: 188, Madsen, 1989: 21).⁵⁵ På dette tidspunktet var partane dermed usamde i kva rekkefølge stega mot ein avklart jurisdiksjon og eit tettare samarbeid i Barentshavet skulle ha.

Sjølv om soneforslaget i seg sjølv var utenkjeleg for Noreg, uttrykte Ryzjkov likevel ei ny og meir positiv haldning hos russarane. Dessutan, det Ryzjkov i realiteten gjorde då han la fram eit prosjekt som var meint å i framtida gi ei endeleg, var at han i ytste forstand oppheva ”ukrenkelegheita” til sektorlinja som han jo nettopp hadde slått fast. Korleis kunne sektorlinja vere ukrenkeleg dersom det med nok tillit til kvarandre var mogleg å finne ei gjensidig høveleg grense? Dette viste at det var håp for konstruktive drøftingar.

I tillegg var ikkje delelinja den einaste saka på dagsorden under Ryzjkov sitt besøk. Dei to landas statsministrar skreiv under på fem avtalar om varsling av atomulukker, felles redningsteneste og miljøvern. Noreg hadde dermed fem gode grunnar til å vurdere utfallet av besøket som konstruktivt. Det var dessutan ingen grunn til å forbitre tonen med tanke på forhåpningane ein no hadde om framtida. Brundtland var nok oppteken av dette då ho velte, trass i eit avvisande standpunkt til tillitssona, å halde på den venlege tona mellom dei to (Brundtland, 1998: 230).

Eg skal i det vidare gå inn i kva avisene meinte om dette temaet. Eg har velt å skilje mellom norsk og russisk stoff i samband med tillitssoneforslaget. Det norske kjem først, og det russiske etterpå.

3.3. Norsk oppfatningar i tida kring Ryzjkovs besøk i Oslo

I den norske avispressa kan ein sjå omrisset av forventningane til statsministerbesøket. Den norske pressa viste i mange høve rimelegheit og skildra det politiske utgangspunktet på ein

⁵⁵ Tankegangen om fellestone kjem igjen opp i forhandlingane sommaren 1992.

god måte, samstundes som dei spegla eit murrande utålmode blant nordmennene – som om at det var ”no eller aldri” for delelinja i Barentshavet. I dei sovjetiske avisene, som i hovudsak ga det biletet myndigheitene ønska å formidle, blei det helde ein gjennomgåande positiv tone. Dette var verknaden av den gryande politiske viljen blant dei sovjetiske leiarane. Men hos mange i Noreg sat den kalde krigen framleis i ryggmargen, og mange var skeptiske til det bråe omslaget i sovjetisk politikk. Den nye språkbruken kring tillitssoneforslaget var nok betre nytt enn det somme i Noreg rakk å ta inn over seg.

3.3.1. Forventningane

Friskt i minnet hadde ein desembermøtet mellom Brundtland og Gorbatsjov i Moskva 1986. Murmansktalet og den avspennande verknaden denne hadde gitt på klimaet i nord, var no kjend for dei fleste nordmenn, og blei ofte nemnd for å underbygge forventningane til eit gjennombrot i forhandlingane. Eit døme på dette var utanriksminister Stoltenberg, som i pressa stilte seg uforståande til korleis Gorbatsjov kunne håpe på stabilitet i nordområda utan klare grenser.⁵⁶ Han gjentok synet om at ”[d]en første forutsetning for stabilitet er at man har grenser det ikkje står strid om”.⁵⁷ Eit anna aspekt som bidrog til forventningar blant norske pressefolk var det nylege resultatet i delelinjedrøftingane i Austersjøen. Sjølv om ein stort sett var forsiktige med å trekkje parallellar til problemet i Barentshavet, hadde nok suksessen i nabolandet ein viss smitteeffekt.

Desse signala var altså med på å skape grobotn for det optimistiske uttrykket i media. Journalist Morten Fyhn titulerte ein artikkel i Aftenposten med at ”Norge venter delelinjeutspill fra Rysjkov” og refererte til ”store forventninger” frå norsk side.⁵⁸ Andre håpa at ein under besøket kunne bli ferdig med dei no 18 år gamle drøftingane. Same dag som Ryzjkov landa på Fornebu skreiv VGs Michael Grundt Spang håpefullt i si overskrift: ”Tvisten løses i dag?”⁵⁹ Dette var nok å rose male utsiktene meir enn det fanst grunnlag for. Og i Fiskeribladet, dåverande avis for kystnæringane, hadde ein eit syn om at dersom det ikkje let seg gjere å finne ei løysing på saka denne gongen, ville det gå mange år til neste sjanse.⁶⁰ Noko dei for så vidt fekk rett i.

Og i nord herska eit inntrykk av at partane no hadde eit betre forhold enn på lenge og at dette burde munne ut i eit konkret innspel til delelinjesaka. Redaktøren i Ofotens Tidende tolka den siste tidas utvikling mellom Noreg og Sovjetunionen slik:

⁵⁶ *Aftenposten*, 5.11.1987.

⁵⁷ *Lofotposten*, 12.1.1988

⁵⁸ *Aftenposten*, 11.1.1988.

⁵⁹ *Verdens Gang*, 14.1.1988.

⁶⁰ *Leiar*, *Fiskeribladet*, 14.1.1988.

Både den nye ledelse[n] under partisjef Mi[k]hail Gorbatsjov og den diplomatiske bemanning[en] i Oslo under den nye russiske ambassadør[en], har vært med på å skape ny og forsterket interesse for å utvikle forhold[et]. Det er kommet en ny "tone" i forholdet [...]. [V]iktigst av sakene som MÅ komme på dagsorden denne gang, er arbeidet med delelinjen i Barentshavet mellom de to land.⁶¹

I dette klimaet skulle alt vere tilrettelagt for konkrete resultat, til dømes i høve til felles redningsteneste i Barentshavet, men aller helst i høve til delelinja.⁶² Talen i Murmansk hausten 1987 blei igjen brukt for å underbygge dei norske aspirasjonane om eit kompromissforslag. Nordlys-redaktør Ivan Kristoffersen meinte at "[...] et sovjetisk utspill i delelinjespørsmålet [vil] bli sett på som en prøve på om Gorbatsjov mener alvor med sin nye samarbeidsprofil i nord".⁶³ Ein såg det slik at dersom Sovjetunionen verkeleg ønska å oppnå stabilitet i nordområda, måtte ein først og fremst hindre usemje kring noko så grunnleggjande som ein grensetvist. Difor måtte dette vere tidspunktet for Sovjetunionen å vise vilje til kompromiss, meinte ein. Og på kva måte Sovjetunionen skulle vise velvilje og nytenking, og korleis eit framlegg til saka skulle sjå ut, var det klart at ein i Noreg hadde bestemte førestillingar om: Eit innspel frå Sovjetunionen måtte bestå av eit punkt mellom sektorlinja og midtlinja.⁶⁴ Spørsmålet ville kome i høve til korvidt forslaget skulle vere teikna for langt vest i høve til norske krav. Vi veit at dette var ei førestelling som Sovjetunionen i denne omgang ikkje delte. Her hadde ein arbeida mot ein heilt annan ide, som skulle vere ein respons på det Sovjetunionen visste at nordmennene etterlyste.⁶⁵

Ikkje alle i norsk presse stod bak ideen om at delelinjeproblemet var venta å løyse seg under Ryzjkov-besøket. Medan ein i kommentarspaltane kan lese iltre eller oppglødde innlegg i samband med delelinjesaka, finst det og ei rekkje journalistiske og meir nøkterne avisartiklar om saka og Ryzjkov-besøket. Ein som særleg peika seg ut med "edruelig" og nyansert journalistikk var Per Anders Madsen. Lofotposten trykte ein av hans artiklar i framkant av statsministermøtet kor han viste til utsegn frå politisk hald.

⁶¹ Leiar, *Ofotens Tidende*, 9.1.1988.

⁶² Leiar, *Ofotens Tidende*, 9.1.1988.

⁶³ Leiar, *Nordlys*, 9.1.1988.

⁶⁴ Intervju med Willy Østreng, *Vårt Land*, 13.1.1988.

⁶⁵ "Press-konferentsija v Oslo", *Izvestija*, 16.1.1988. (EastView, 2.2.2012.)

De norske forhåpningene er like fullt preget av nøkternhet. [...] Uttrykkene man bruker på sentralt hold i UD, er "impuls" til forhandlingene, og at Ry[z]jkov-besøket forhåpentligvis vil gi "et signal" om hva framtiden kan bringe i grensespørsmålet.⁶⁶

Dette var nok ei "tørrare" vurdering, basert på kvalifiserte kjelder, av kva Ryzjkov-besøket kunne innebere. Madsen understreka i tillegg det som moglegvis kunne vere ein ulikskap mellom partane i synet på kva som definerte "kompromissvilje" i denne saka og som følgjelig kan ha vore medverkande, forutan dei andre årsakene,⁶⁷ til kvifor det var så vanskeleg å setje i gong reelle kompromissforhandlingar: "[D]et som kan fortone seg som en utstrakt hånd og kompromissvilje fra sovjetisk side, [...] behøver [ikke] å være det frå et norsk synspunkt".⁶⁸

Madsen meinte at få trudde på ei løysing med det første. Denne haldninga gjekk hand i hand med det Willy Østreng signaliserte under eit intervju med førstnemnde for NTB. Østreng understreka her at statsministerbesøket i seg sjølv var viktig for Noreg; dette markerte *politisk vilje* frå sovjetisk side.⁶⁹ Frå no av skulle delelinjedrøftingane halde fram på høgaste politiske nivå i begge land.⁷⁰ Dette var nytt, og heilt avgjerande for framgangen ein fekk den neste tida. Overordna sett var dette difor i seg sjølv eit gjennombrot for delelinjesaka. Men utålmodet var stort i Noreg, og for mange var ikkje politisk vilje nok. Reaksjonane var difor sterke då tillitssoneforslaget kom.

3.3.2. Politisk vilje var ikkje nok

Etter at Ryzjov hadde lagt fram Sovjetunionens forslag såg mange i Noreg seg snytt for sjansen ein hadde hatt til å diskutere reelle forslag til grenselinjer, og reaksjonane let ikkje vente på seg. Adjektiv som "provoserande", "skuffande", "naivt", "bortkasta", "mislukka" og "uakseptabelt" hagla over avisene i etterkant av samtalanene i Oslo. Dette stod i sterk kontrast til optimismen som hadde vore på førehand. I Nordlys blei det kommentert at "[...]med de forventninger til en grenseløsning Rysjkov neppe kan være ukjent med, er det forslaget han la fram i går i beste fall å betrakte som en lite vennligsinnet handling", og at dette "[i] verste fall kan [...] oppfattes som et diktat frå sovjetisk side".⁷¹ Her såg ein på forslaget som eit tilbakesteg i forhandlingane, og meinte at Gorbatsjovs løfte ikkje hadde blitt oppfylt.⁷² Etter eit møte med Ryzjkov uttrykte medlemmer av den utvida utanriks- og konstitusjonskomiteen ei kjensle av

⁶⁶ *Lofotposten*, 12.1.1988.

⁶⁷ T.d. forklaringar vedrørande ressursar og tryggingsspolitikk. Sjå kapittel 1.

⁶⁸ *Lofotposten*, 12.1.1988.

⁶⁹ *Vårt Land*, 13.1.1988.

⁷⁰ Iflg. statsminister Brundtland til NTB, 14.1.1988.

⁷¹ Kommentar eller leiar (ukjent), *Nordlys*, 15.1.1988.

⁷² *ibid.*

tilbakesteg for delelinjedrøftingane, og uttalte til Nordlys at Sovjetunionen hadde kome med eit tilsynelatande ytterlegare skjerpa syn i saka: ”De oppfatter sektorlinja som endelig. Gråsonen er der og regulerer fiskerivirksomheten i et begrenset område, men noe omstridt område vil ikkje russerne akseptere finnes”, og Arbeidarpartiets Reiulf Steen meinte at det sovjetiske ”[s]tandpunktet [var] formulert mer definitivt”.⁷³

Høgre mannen Ivar Ytreland meinte at tillitssoneforslaget var del ein plan om omfattande geografisk områdekontroll og skreiv at ”forslaget illustrerte Sovjet-Unionens ønske og hensikt om å kontrollere nordområdene, og som synes å være en langsiktig plan”, før han punktvis sette opp det han kalla ”geografiske milepæler i denne planen”. Til dømes sette han tillitssoneforslaget i kontinuitet med annekteringa av Frans Josef Land og Victoriaøya⁷⁴ og den sovjetiske okkupasjonen av Nord-Finland.⁷⁵ I ettertid les vi gjerne ei form for alarmisme i desse utsegna. Ytreland resonnement følgde ein kald-krig-logikk, som viser at somme var skeptiske og enno ikkje mottakeleg for den nye sovjetiske tonen.

På pressekonferansen 14. januar hadde statsminister Brundtland noko upresistlikestillt premissane for Ryzjkovs forslag med den allereie eksisterande ”gråsona”.⁷⁶ Ho uttalte at tillitssona ville vere ei vidareføring av gråsona, og at det var uakseptabelt å innføre denne type ordning på permanent basis eller for andre typar ressursar enn fisk.⁷⁷ Dette plukka ein raskt opp i pressa og det blei utbreidd å legge skulda på gråsona for det ”mislukka statsministermøtet”. Til trass for at det i avtalen var nedfelt at gråsona ikkje skulle ha prejudiserande effekt, var det nettopp dette mange no meinte den hadde. Klassekampens Truls Larsen var ikkje åleine då han meinte at gråsona låg i vegen for ei reell grensedrøfting.

Norges kompromisspolitikk med gråsonen gjør at sovjeterne har et helt annet utgangspunkt i nordområdene. Rysjkovs klassiske stormaktstilbud om felles soner viser at Sovjetunionen vet å utnytte den. Nå kommer regninga for avtalen som Jens Evensen [...] [og] Arne Treholt inngikk i 1978.⁷⁸

Også tidlegare statssekretær for Willoch-regjering, Nils Morten Udgaard, såg det slik at Noreg hadde sett seg sjølv i denne situasjonen mellom anna på grunn av ein ”lite profesjonell

⁷³ Intervju med Arbeidarpartiets Reiulf Steen, *Nordlys*, 16.1.1988.

⁷⁴ Islagt øy i området mellom Frans Josef Land og Svalbard.

⁷⁵ ”Sovjets grådighet”, *Aftenposten*, 26.1.1988.

⁷⁶ Upresist fordi gråsona innebar ein parallell jurisdiksjon i delar av det omstridde området, medan ei fellestone var meint å innebere delt jurisdiksjon. Begge systema innebar likevel ei form for bilateralisering.

⁷⁷ *ibid.*

⁷⁸ *Klassekampen*, 16.1.1988.

opptreden [...] under en viktig fase i forhandlingane”, og viste då særleg til omstendet kring gråsoneforhandlinga.⁷⁹

Å vurdere kor vidt argumenta for at gråsona skulle ha prejudiserande effekt for russarane sine krav i Barentshavet heldt vatn, er kanskje vanskeleg å måle eksakt. Mange med røter i den høgrepolitiske sida hadde ei bestemt oppfatning av dette: det hadde den. Men det fanst og andre syn på kven syndebukken for ”delelinjefiaskoen” var. Redaktør Kristoffersen skreiv i Nordlys at ”[m]ange års bevisste forsømmelser av de sikkerhetspolitiske næroppgavene i nord no melder seg som en uhyggelig realitet etter at den sovjetiske statsminister Ryzjkov har sendt en ny type dilemma i fanget på Norge”.⁸⁰ Med ”mange års bevisste forsømmelser” sikta nok Kristoffersen til Willoch-regjeringa si avventande haldning til både delelinja og Svalbardproblema. Willoch hadde ført ei varsom linje og ikkje gått inn for eit alternativ til gråsoneavtalen, som han hadde vore svært misnøgd med. Men alt dette hadde vore med vilkår om at russarane etter kvart måtte møte Noreg i avgrensingsspørsmålet (Tamnes, 1997: 301). Kristoffersen meinte at denne politikken hadde vore med på å skape ”nye samarbeidsforventninger [...] både innenfor og utenfor de avtaler som ble undertegnet”,⁸¹ og Ryzjkov sitt utspel var eit prov på at ein no var tvungne til å gjere ein ny type utanrikspolitisk tilnærming for å ”unngå den fella russerne har lagt for oss i nordområdene”.⁸² Han meinte mellom anna at eit *for godt* samarbeidsklima i nord, kunne føre Noreg ut av den vestlege forankringa. Denne frykta er forståeleg med tanke på den kjølege stemninga som den siste tida hadde funne stad mellom USA og Noreg.⁸³

Vibbane frå den ”andre kalde krigen” , som no hadde prega det internasjonale samfunnet i fleire år, gjorde og sitt for å påverke synet på bilateralisering i eit assymmetrisk styrkeforhold – anten du som privatperson var tilhengjar av Høgre eller Arbeidarpartiet. Uttrykk som ”å legge ei felle” eller ”som del av ein langsiktig plan” gir i dag inntrykk å under Gorbatsjov vere ei overdriving. Men ein skal ta med at det ikkje var lenge sidan språkbruken i Sovjetunionen hadde vore heilt annleis. Dessutan ville det vere naturleg å frykte at

⁷⁹ Kommentar, *Aftenposten*, 18.1.1988.

⁸⁰ Leiar, *Nordlys*, 19.1.1988.

⁸¹ Kristoffersen viste her til dei fem tidlegare omtalte avtalane om varsling av atomulukker, felles redningsteneste og miljøvern.

⁸² Leiar, *Nordlys*, 19.1.1988.

⁸³ Noreg hadde under borgarleg styre ikkje stått særleg i konflikt med USA, men Arbeiderpartiregjeringa hadde på 1970-talet gått til kamp først mot nøytronbomba, så mot utplasseringa av nye amerikanske mellomdistansevåpen. I 1986 fekk USA og Noreg eit ampert forhold då Noreg stilte seg imot SDI-forslaget, føreslo ei nordisk kjernevåpenfri sone, og stramma inn på myndigheitene sitt vilkår om at skip med anløp i norske hamner ikkje fekk bere atomvåpen. USA reagerte kraftfullt, og konfliktnivået mellom Noreg og USA toppa seg med densåkalla KV-Toshiba saka, som handla om sal av avansert utstyr til eit skipsverft i Sovjetunionen (Tamnes, 1997:122-132).

konservative krefter igjen ville ta styring i landet – noko som jo skjedde ved på byrjinga av 1990-talet.

Men sjølv om vi i ettertid kan vi sjå desse vurderingane som overdrevne fortolkingar av bakgrunnen for soneinitiativet, kan vi og seie at det nok var klokt å avvise forslaget – i og med at den påfølgjande utviklinga nesten førte delelinja i boks. Likevel – diskursen som framtonar seg blant reaksjonane i pressa var nok ikkje særleg konstruktiv for dei vidare utsiktene, og var av og til med på å gi delelinjesaka eit overflødig lag av intensjonar. For mange skulle det altså gå litt lengre tid før ein forstod at den kalde krigen var i ferd med å smelte bort.

Samstundes var det ikkje slik at alle velte å fokusere på det negative kring Ryzjkov-besøket. Visse understreka heller det faktum at delelinja no var løfta opp på det politiske nivået det måtte vere på for å få ønska framdrift. Henry Henriksen meinte ”det ville være direkte oppsiktsvekkende om Ryzjkov nå offisielt går ut med aksept på det norske forslag”, og understreka at endeleg var delelinjeforhandlingane tema på øvste politiske hald i Moskva.⁸⁴

3.4. Sovjetiske oppfatningar kring Ryzjkov-besøket

Den fargerike diskursen som utbroderte seg i norske aviser er naturlegvis ikkje å kjenne igjen i dei statsstyrte hovudstadsavisene i Moskva. Sjølv om endringane i sovjetisk presse var iaugefallande etter Gorbatsjov kom til makta⁸⁵, hadde sovjetiske aviser langt frå like mange aktørar som i dei norske. Den sterke norske misnøya som følgje av tillitssoneforslaget gjorde seg ikkje synleg i det heile, og presentasjonen av delelinjesaka ga eit i overkant velvillig bilete av situasjonen. Skulle ein tolke delelinjespørsmålet berre ut i frå sentralpressa på denne tida, ville ein knapt forstå at konflikten eksisterte.

Det er ikkje oppsiktsvekkande at avisene strategisk utelet informasjon som ikkje ville gagne myndigheitene i saka. Det som derimot var nytt på dette tidspunktet var den gjennomgåande positive tonen. Aleksander Kan ser på den sovjetiske pressedekkinga i etterkant av Ryzjkov-besøket som eit vasskille i biletet ein gav av den generelle relasjonen til Noreg, samanlikna med kulda som blei presentert frå byrjinga av 1980-talet (Kan, 1992: 6). Han tolka utviklinga av den nye tonen som først meir nøktern, før den gjekk over i å vere enda meir positiv (ibid.). Alt dette var teikn på den nye politiske velvilja ovafor Noreg, og i høve til delelinjeforhandlingane.

⁸⁴ Kommentar, *Dagens Næringsliv*, 13.1.1988.

⁸⁵ Sjø kapittel 1.6.1.2.

Ryzjkov la vekt på at "ein aktiv politisk dialog, og viktigast; praktiske handlingar,⁸⁶ bør hjelpe oss alle å overvinne den manglande tilliten som har samla seg i ein region som er så kjensleg for tryggingsinteresser".⁸⁷ Dette var ein nye måte å vise vilje for delelinja i Barentshavet. I motsetnad til å utelukkande hevde sine rettslege prinsipp, som hadde vore praksis for begge partar under dei ni forhandlingsrundane som allereie var haldne, blei det no opna for ein diskurs kor det fanst rom for drøfting og debatt. Med dette var ikkje berre delelinjespørsmålet heva til det høgste politiske nivå, ein uttrykte og ein ny måte å angripe det på: med dialog.

I dei russiske avisene fekk verken Noreg eller Sovjetunionen skulda for å stå i vegen for framgang i delelinjeproblemet. Ein var tvert imot svært forsiktige med å gi negative signal eller kome med kategoriske utsegn.⁸⁸ Dette var ein ny tone. I staden skildra ein ei tilfredsheit med initieringa av samarbeidspolitikken som Murmansktalet hadde stått for: Den russiske Oslo-korrespondenten G. Lenintsjenko skreiv i ein artikkel for *Izvestija* at "med signeringa av dokumenta (dei fem avtalane om varsling av atomulukker, felles redningsteneste og miljøvern, forf. anm.) i Oslo, ser den norske allmenta byrjinga på ei konkretisering av fleire punkt uttalt i [Murmanskinitiativet]".⁸⁹ I den same artikkelen kan ein lese eit utsegn frå Dagfinn Stenseth,⁹⁰ som då var ekspedisjonssjef i UD, kor det blir poengtert at: "Dette er eit viktig steg for å utvikle det norsk-sovjetiske sambandet mot eit nytt nivå". Samstundes blei det understreka at ein i høve til vanskelege oppgåver, som delelinjesaka, framleis hadde trong for å møtast og utvikle dialogen. Lenintsjenko konkluderte sin artikkel med at "dialogen må halde fram, og for dette er det lagt eit solid utgangspunkt".⁹¹

Eit anna interessant element med Lenintsjenko sin artikkel, er at han ikkje berre skreiv om politikarane og regjeringsrepresentantane. Han hadde og intervjuet ein heilt vanleg lærar frå Oslo – "ein vanleg mann i gata". Denne typen journalistikk var i seg sjølv teikn på nye tendensar i sovjetisk presse (Kan, 1988: 106). Vedkomande uttala til Pravda at

[m]ed openheit og dynamisme har den sovjetiske innanrikspolitikken byrja å tiltrekke seg folks merksemd. No som USA og Sovjetunionen har blitt samde om å destruere ein heil klasse rakettar (INF-avtalen, forf. anm.), reiser det seg og håp om løysingar på andre problem. Også

⁸⁶ Med "praktiske handlingar" meinte han tillitssona, men og dei andre samarbeidsavtalane som allereie var igongsett eller under planlegging.

⁸⁷ "Retsj N.I. Ryzjkova", *Izvestija*, 15.1.1988. (EastView, 15.9.2011.)

⁸⁸ Dette innebar faktisk å utelate den norske avvisinga av tillitssoneforslaget, noko som blir teke opp lenger ned.

⁸⁹ "Dialog nado prodolzjat", *Izvestija*, 17.1.1988. (EastView, 2.2.2011.)

⁹⁰ Ambassadør i Moskva periodane 1979-1985 og 1990-1994.

⁹¹ "Dialog nado prodolzjat", *Izvestija*, 17.1.1988. (EastView, 2.2.2011.)

vi håpar på ei positiv utvikling av det norsk-sovjetiske forholdet. For å oppnå dette må ein halde fram å møtast og føre dialog.⁹²

Den nye tonen var gode nyhende for Noreg. Samstundes var ikkje alle i Noreg samde i at dei negative norske haldningane og avvisinga av tillitssoneforlaget ikkje blei offentleggjort i Sovjetunionen. Under sitt besøk i Oslo hadde Ryzjkov informert nyhendebyrået TASS om at soneforslaget enno ikkje hadde leia til ei løysing, men unngjekk elegant å tilstå at Noreg hadde avvist det sovjetiske framlegget.⁹³ Det finst og teikn på at den norske avvisinga heller ikkje hadde blitt vidareformidla mellom dei politiske embeta i Sovjetunionen; som då det i april, under samtalar mellom Stortingets utanrikskomite (leia av Kåre Willoch) og den sovjetiske viseutanriksministeren Ilitsjov, blei opplyst om at ein i Sovjetunionen ikkje hadde motteke eit offisielt svar på tillitssoneforslaget.⁹⁴ Dette opprørte den norske opposisjonen, som gjekk hardt ut mot regjeringa si manglande klarheit. Dette blei raskt tilbakevist av Thorvald Stoltenberg, som ”reagerte meget skarpt” på dette og meinte det ikkje fanst tvil hos dei sovjetiske leiarane kring det norske svaret på tillitssoneforslaget.⁹⁵ Dessutan – var det verkeleg så dumt for Noreg at sovjetleiarane heldt korta tett til brystet i denne saka? Ved å ikkje gå ut med nordmennenes bestemte avvising, og ved å la vere å avteikne den norske skuffelsen kring Ryzjkov-besøket, unngjekk russarane å sementere det norske standpunktet blant embetsmennene i Sovjetunionen – som kanskje kunne vore med å ytterlegare skape komplikasjonar i drøftingane. Kanskje var den sovjetiske tradisjonen for å utelate allmenta for ”ugunstig” materiale i dette høvet tvert om positivt for Noreg?

Sovjet-avisene illustrerer og ulikskapen mellom partane i kva som var venta av ei sovjetisk imøtekomming. Ryzjkov opplyser TASS om at nordmennene i ei tid hadde etterlyst nye og eintydige forslag som kunne føre til ei endeleg avgjersle av delelinjeproblemet. Som vi har sett la Noreg i dette ein fullgod respons på viljen ein tidlegare hadde vist for reelle kompromissdrøftingar på grensa. Ryzjkov sa dette om dei norske forventningane:

Vi veit om dei innstendige oppmodingane frå visse krinsar i Noreg om å bringe fram ein definitiv variant for ei endeleg løysinga av [delelinja i Barentshavet], og vårt forslag har vi i detalj presentert for statsministeren.⁹⁶

⁹² *ibid.*

⁹³ *ibid.*, *Pravda* 16.1.1988, *Izvestija* 15.1.1988, m.fl.

⁹⁴ Kåre Willoch til *NTB*, 7.4.1988, og Thorvald Stoltenberg til *NTB*, 9.4.1988.

⁹⁵ *NTB*, 9.4.1988.

⁹⁶ *Izvestija*, 16.1.1988. (EastView, 15.9.2011.)

Med andre ord hadde Sovjetunionen – slik Ryzjkov velte å leggje det fram – no kome med det framlegget Noreg lenge hadde venta på. Den sovjetiske statsministeren hadde ifølgje TASS lagt fram eit eintydig og detaljert alternativ, med eit heilskapleg fokus som inkluderte kvarandre sine interesser i ”realismens ånd”.⁹⁷ Vidare kan ein lese at Noreg på dette tidspunktet vurderte soneforslaget,⁹⁸ noko vi veit at ikkje var rett sjølv om Ryzjkov hadde bedt Brundtland tenke på tilbodet (Brundtland, 1998: 229).

Medan ein frå den norske pressa sit att med inntrykket av at Ryzjkovs nye forslag blei kontant avvist, og ikkje ein gong oppfatta som eit reelt kompromiss, ser vi at dette biletet teikna seg annleis i Pravda og Izvestija. Å peike på kor vidt det manglande samsvaret mellom landa i det oppfatta utfallet av Ryzjkov-forslaget hadde noko å seie for det vidare tempoet i delelinjedrøftingane ville krevje ytterlegare forskning. Likevel fortel det noko om ulikskapen i den politiske kulturen blant partane, i høve til gjennomsiktigheit og i høve til taktiske tilnærmingar.

Det viktigaste på dette tidspunktet var likevel den gjennomgåande optimistiske og aksepterande tonen ovafor Noreg i høve til delelinjesaka. Dette samsvarer med synet til den då nyemigrerte russiske historikaren Aleksander Kan, som slo fast at ein i 1988 ikkje lenger kunne finne den same kritikken og indignasjonen ovafor NATO-tiltak i Noreg som tidlegare hadde vore så vanleg, og at ein ny, anerkjennande og positiv tone ovafor Noreg prega Sovjet-avisene (Kan, 1988: 106). Kan meinte at dette var interessant, særleg fordi Noreg, meir enn andre nordiske land, hadde hatt ei avventande haldning til dei sovjetiske initiativa i Arktisk, og fordi Noreg var ei viktig brikke for NATO i nordområda (ibid.). Med det vi veit om Gorbatsjov sine haldningar i dag, var dette likevel så ulogisk. Gorbatsjov var oppteken av å møte problem med Vesten med dialog, for å unngå unødige spenningar.

3.5. Nikorov-forslaget

Mot slutten av 1988 kom Sovjetunionen med eit etterspel av tillitssoneforslaget. Viseutanriksminister Nikorov kom til Noreg for eit uoffisielt møte med Stoltenberg og Brundtland. Han formidla då eit kompromissforslag for den faktiske grensa nord for Svalbard og Frans Josef Land (Brundtland, 1998: 231). Altså hadde russarane fjerna seg frå det opphavlege kravet og teikna ein strek på kartet mellom midtlinja og sektorlinja. Dette var byrjinga på det som no utvikla seg til ei konstruktiv drøfting for begge partar.

⁹⁷ ibid.

⁹⁸ ibid.

For første gang beveget russerne seg i retning av kompromiss. Det var ikke mye, men det var prinsipielt viktig. [...] Dette var tilstrekkelig til at vi fant å kunne utstyre ekspertene med nye instruksjer og fullmakter til å vise mer konkret kompromissvilje også frå norsk side (Brundtland, 1998: 231).

Forslaget var framleis bunde til soneforslaget, og var dermed framleis uakseptabelt for Noreg. Det var likevel nok til å få rørsle i drøftingane.

Det nye innspelet frå Sovjetunionen blei halde utanom allmenta fram til januar 1989.⁹⁹ I samband med kunngjeringa uttala den sovjetiske ambassaderåden Valerij M. Nestrusjkin seg om saka. I følgje han var Sovjetunionen av den oppfatninga at Noreg var ”for passive i forhandlingane i Barentshavet”, og at Noreg no burde kome med ein konkret respons.¹⁰⁰ Framgangsmåten, der partane la fram sine prinsipp, hadde ikkje gitt rørsle i forhandlingane. Synet ho la fram var at ein difor måtte kome med ein ny modell for området. Tillitssoneforslaget hadde vore eit døme på dette.” Sovjetunionen kan ikke bebreides for bare å sitte hjemme og vente på norske utspill”. I Sovjetunionen var ein og klare for og å sjå på norske synspunkt og innspel; begge partar måtte vere aktive og fantasifulle for å kome fram til ein ny modell.¹⁰¹

Synet Nestrusjkin representerte illustrerer asymmetrien i oppfatningane som fanst på kvar si side av landegrensene. Medan Noreg, som vi har sett, i dei fleste høve oppfatta tillitssoneforslaget som ein omveg, ein måte for Sovjetunionen å unngå kjernen i delelinjeproblemet, såg Sovjetunionen forslaget som eit tilskot til delelinjedrøftingane. Sovjetunionen meinte at denne måten å arbeide på burde vere eit døme til etterfølging for Noreg. Det at Noreg ikkje kom med noko anna enn ei avvising av forslaget, blei gjerne oppfatta som passivt og mangel på vilje.

Noreg kom aldri med ei tilsvarende vinkling i sitt arbeid mot ei delelinjeløysing. Det er klart at det ville ha strida imot logikken i nordmennes syn på saka.

Ivan Kristoffersen i Nordlys kom eit par dagar etter Nesterusjkin sitt utspel med ein kommentar. Han samtykte i at Noreg kanskje hadde vore passive, men kasta samstundes ballen attende til sovjetarane med utsegn som: ”Sovjetrusserne har heller ikke vist noe særlig initiativ [...]” og ”[...]utspill[ene] statsminister Ry[z]jkov kom med under Oslo-besøket i fjor var [...] for fantasifulle [...]”.¹⁰² I tillegg, med det eg tolkar som ein noko sarkastisk tone, framheldt

⁹⁹ NTB, 17.1.1989.

¹⁰⁰ NTB, 18.1.1989. (A-tekst, 25.5.2012.)

¹⁰¹ ibid.

¹⁰² Kommentar, Nordlys, 19.1.1989. (Atekst, 14.3.2012)

han at "[Nesterusjkins uttalelse] kommer sikkert som et velkomment bidrag til alle dem som lenge har signalisert at det ikke hastet, men som likevel prioriterte delelinjespørsmålet som det viktigste av alle mellomfolkelige saker i forholdet til Sovjet-Unionen".¹⁰³ I dette låg det kritikk til dei norske opposisjonspolitkarane. Samstundes synte Kristoffersen at Ryzjkov sitt soneforslag framleis var eit kjensleg tema.

3.6. Helsinkitalen

Hausten 1989 markerer på ny ei endring i den sovjetiske stillinga (Bones, 2012:4). Gorbatsjov var i Helsingfors for å diskutere finsk-sovjetisk handels- og økonomisamarbeid og for signere ei felleserklæring som stadfesta Finland sin status som ein nøytral stat. Men, som venta, var han i tillegg oppteken av å formidle innhaldet i Murmansktalet. Han la og fram forslag til korleis ein kunne auke samarbeidsnivået mellom Sovjetunionen og dei nordiske landa, til dømes med å knyte kontakt i Nordisk råd.¹⁰⁴ I tillegg brukte han tid på vise forståing for dei nordiske nabolanda som hadde uttrykt bekymring for det sterke militære nærværet og tryggingssituasjonen i Nord-Atlanteren, og la i samband med dette fram ei rekkje punkt som illustrerte sovjetiske ønske og framtidsvisjonar knytt til etablering av tillit og samarbeid i nord.¹⁰⁵ Det var i dette andedrag at den sovjetiske leiaren brukte delelinja i Barentshavet som døme: "Vi [...] meiner at tida er komen for å igjen sjå på avgrensinga av havområdet i Barentshavet, og saman med Noreg finne ei endeleg gjensidig akseptabel løysing".¹⁰⁶

Gorbatsjov ville ha Noreg si merksemd – og det fekk han. Helsinkitalen gjorde stort inntrykk i Noreg (Bones, 2012: 5). Sovjetunionen fekk reaksjonar både frå norske politikarar og ekspertar. Willy Østreng uttalte til NTB at det var verdt å merke seg at Gorbatsjov hadde nemnt delelinjesaka i det heile tatt, fordi det ikkje nødvendigvis var forventet av han i ein slik tale.¹⁰⁷ Han meinte og at

¹⁰³ *ibid.*

¹⁰⁴ Nordisk råd takka seinare same år ja til eit samarbeid mellom rådet og Det øvste sovjet i Sovjetunionen, trass i at dette var omdiskutert. Nordisk råd hadde tradisjonelt sett ikkje hatt utanriks- og tryggingsspolitikk på dagsorden, men ein ønska å gjennom rådet kunne føre uformelle samtalar med Aust-Europa

¹⁰⁵ Han kunngjorde ei rekkje nedrustingstiltak som hadde blitt gjennomført i Mellom-Europa, både i overeinskomst med INF-avtalen og som einsidige tiltak. Han meldte mellom anna at Sovjetunionen ikkje lenger hadde atomvåpen plassert på ein slik måte at dei kunne nå dei nordeuropeiske landa. Men Kolahalvøya var enno ikkje under nedrusting. For Sovjetunionen sin del var dette avhengig av ein felles global nedrustingsavtale og ikkje mogleg gjennomføre på einsidig basis. I Barentshavet var difor aktiviteten mykje den same. Helsinkitalen er trykt i *Pravda*, 26.10.1989.

¹⁰⁶ *ibid.*

¹⁰⁷ *NTB*, 27.10.1989. (A-tekst, 8.8.2012)

[d]et sovjetiske blikket er blitt friskere og friskere. [...] Sovjeterne reduserer stadig flere av de kravene som tidligere ble reist i forbindelse med delelinje-saken. Det er ikke lenger snakk om sikkerhet i denne sammenhengen, istedet gjør det seg gjeldende et pragmatisk ønske om å finne en løsning.

Medan det for kort tid tilbake hadde vore nærmast umogleg å skilje mellom trygging og alle typar mellomstatlege høve på regionalt nivå, hadde Sovjetunionen¹⁰⁸ fått til ei desikkerheitisering i ei rekke politiske felt i det arktiske området, slik som utnytting av ressursar, vitskapleg utforsking, maritim transport eller miljøvern (Åtland, 2008: 305). Delelinjesaka var ikkje ei tryggingssak i seg sjølv, men hadde vore det (i større grad før enn no) fordi at den, som så mange andre saker, var offer for det Åtland ser som ein ”spillover effect” frå den militære sektoren og over på dei ulike ikkje-militære sektorane (ibid.: 306).¹⁰⁹

At tryggingsomstendet ikkje lenger var gyldig i det heile var kanskje av Østreng å strekke det litt langt. For tryggingsomsynet var det ikkje snakk om eit enten eller, men om *grader* av viktighet. Så seint som i juli 1989 hadde sovjetiske diplomatar uttrykt frustrasjon for manglande norsk forståing av det vanskelege tryggingsmessige omsynet Sovjetunionen hadde i det omstridde området (Bones, 2012: 4). Og i 1992 blei det stadfesta at NATO-ubåtar framleis opererte i Barentshavet (Åtland, 2007: 510) – eit prov på at det ikkje var grunn til å legge bort tryggingsspørsmålet fullstendig.¹¹⁰ Men la meg understreke at Østrengs utsegn likevel bidrar til å forstå det nye gode klimaet som breidde seg då den kalde krigen gjekk mot slutten, og til å forstå kvifor Helsinkitalen var viktig for Noreg. Avspenninga var eit faktum og tryggingsomsynet var utan tvil langt mindre gjeldande enn tidlegare – til glede for forhandlingspartane i delelinjesaka. Talen fekk snart ein norsk respons i form av konkrete initiativ, til dømes med eit felles moderniseringstiltak for nikkelfabrikken i Petsjenga, og seinare ei felles arbeidsgruppe for økonomisk samarbeid i nord (Bones, 2012: 4). For delelinjesaka sin del var forventningane blant dei norske politikarane no store til neste samtalerunde (Bucher-Johannessen, 1990: 60). Reaksjonane i pressa skal vi sjå på i det følgjande.

Per Anders Madsen brukte ordet ”oppsiktsvekkande” då han meldte frå Helsingfors. Han meinte at det i seg sjølv var interessant at Gorbatsjov nemnte delelinja i ein slik vidtrekkande tekst. Dette måtte tyde på at saka hadde høg politisk prioritering.¹¹¹ VG uttrykte

¹⁰⁸ Sovjetiske uttalingar gjentok ofte hovudinnhaldet frå Murmansktalet i denne perioden.

¹⁰⁹ Sjå kapittel 2.

¹¹⁰ Sjå kapittel 1.3.3.

¹¹¹ NTB, 26.10.1989. (A-tekst, 8.8.2012)

semje i dette og synest det var "nesten utrolig hva som ha[dde] skjedd av forandringer i Øst-Europa etter at Gorbatsjov kom til makten" og at det nye klimaet i relasjonane mellom aust og vest var "bemerkelsesverdig".¹¹² Ivan Kristoffersen meinte at "[n]år Gorbatsjov valgte å komme med et utspill om delelinja i Barentshavet, er det et avgjørende signal. Utenriksminister Kjell Magne Bondevik kan trekke et lettelsens sukk over at delelinja i nord omsider er blitt en moden frukt på det politiske topp-plan i Sovjetunionen".¹¹³

Historikar Nils Ørvik¹¹⁴ reagerte derimot ikkje like entusiastisk på innhaldet i Helsinkitalen. Han leste skjulte intensjonar i Sovjetunionen sine tilnærmingar, og kategoriserte bakgrunnen for initiativa som tradisjonell russisk taktikk for å legge press på dei nordiske landa og Noreg. Han meinte at dette var ein del av "Gorbatsjovs utanrikspolitiske målsetning" som var "'splittoghersk' metoden, en gammel russisk tradisjon fra langt tilbake i tsartiden".¹¹⁵ Gjennom denne tolkinga kunne ein sjå dei sovjetiske tilnærmingane på denne måten:

Systemet med flere sett bilaterale samarbeidsavtaler vil lette splittoghersk-metoden brukt i forholdet mellom de enkelte land. Det noe plumpe forslaget om Nordisk Råd som et oppgradert samarbeidsorgan, kunne tjene samme formål ved å sette partier og parlamenter i de enkelte nordiske land opp mot sine regjeringer og hverandre, hver med et kobbelt av forskjellige typer av pressgrupper, koordinert på nordisk basis og i forskjellige kombinasjoner innenfor de enkelte land i Skandinavia.¹¹⁶

I dag veit vi at dette var ei overtolking. Men det viser korleis den kalde krigen prega oppfatningane innafor visse, særleg konservative, rekker i Noreg.

I Sovjetunionen meldte Pravda om "[b]rei [nordisk] respons etter Gorbatsjovs besøk i Finland".¹¹⁷ Ein meldte her om at dei norske politikarane ønska forslaga om avspenning i nordområda velkommen, og at dei sovjetiske initiativa blei livleg diskutert.¹¹⁸ Det stemmer godt med det som kjem fram av den norske pressa i dagane etter talen.

¹¹² Leiar, *Verdens Gang*, 28.10.1989. (A-tekst, 8.8.2012.)

¹¹³ "Nordisk sjarmoffensiv", *Nordlys*, 28.10.1989. (A-tekst, 16.3.2012.)

¹¹⁴ Historikar og professor i internasjonal politikk. Forskar ved Forsvarets krigshistoriske avdeling (i Store norske leksikon, 16.5.2012).

¹¹⁵ *Aftenposten*, 4.12.1989. (Atekst, 16.2.2012.)

¹¹⁶ *ibid.*

¹¹⁷ *Pravda*, 28.10.1989.

¹¹⁸ *ibid.*

3.7. Hovudtrekk

Med tillitssoneforslaget kom russarane for første gong med eit innspel i delelinjeforhandlingane som ikkje var sektorlinja. I eit lengre perspektiv var dette eit viktig brot med dei føregåande delelinjesamtalane, som i all hovudsak hadde gått ut på å gjenta sine folkerettslege tolkingar. Likevel formidla avisene eit håp om meir konkrete tilskot til delelinjeforhandlingane enn det tillitssoneforslaget representerte. I Noreg såg ein på ei felles sone, med til dømes felles handtering av petroleumsressursane, som ein potensiell trugsel mot norsk autoritet i området. Myndigheitene var redde for at Sovjetunionen ville bli ein for dominerande motpart i ei slik ordning. Sovjetunionen var derimot overtydd om at dette var den beste vegen å gå. Først måtte landa oppnå den nødvendige tilliten gjennom samarbeid av denne modellen, så kunne dei gå inn for å teikne ei endeleg delelinje.

Skuffelsen var stor blant dei norske avisene sine skribentar, anten dei var venstre- eller høgrestilt i sine politiske syn. På høgresida skulda ein gråsoneavtalen, medan på venstresida skulda ein politikken som blei ført av den førre regjeringa. Og alle skulda på Sovjetunionen. Dette blei sett som ei stadfesting av mistanken visse hadde hatt om at Murmansktalet ikkje var meir enn tomme ord. Sovjetiske initiativ blei sett på med skeptiske auge, og vi kan sjå teikn til alarmisme blant dei norske utsegna.

I dei sovjetiske avisene blei det derimot gitt eit svært harmonisk bilete av stoda i delelinjeforhandlingane. Tonen var gjennomgåande positiv, og ein unngjekk å nemne motseiingar i saka. Dette må tolkast som eit taktisk grep frå dei sovjetiske myndigheitene si side, og kan ha vore positivt for den vidare utviklinga i saken. På denne måten unngjekk dei sovjetiske myndigheitene å låse fast eit syn på Noreg som ein gjenstridig motpart, samstundes som ein unngjekk potensiell konflikt med motparten.

Helsinkitalen hausten 1989 markerte igjen ein ny giv for delelinjeforhandlingane. Gorbatsjov uttalte at tida no var komen for å sjå på nye alternativ i Barentshavet. I norske aviser blei dette sett på som "oppsiktsvekkande", og i sovjetiske aviser blei dei norske reaksjonane lagt merke til. Det at Gorbatsjov velte å nemne delelinjesaka i ein tale med så brei appell ga nye håp om konkrete innspel. Så fekk ein og svært høg aktivitet kring forhandlingsbordet det følgjande året.

Men som nemnt innleiingsvis er det interessant at Ryzjkov, i samband med presentasjonen av tillitssoneforslaget, var nøye med å understreke at sektorlinja var ukrenkeleg som ei endeleg grenselinje. Allereie her kan vi ane ein undertone forbunde med sovjetisk prestisje og eit tradisjonelt syn på landets territorium. Denne linja kjem tydlegare fram i neste kapittel, kor ein i Sovjetunionen og Russland etter kvart får ei sterkare nasjonalistisk røst.

4. 1990-1992. Økonomiske interesser og nasjonalistiske vindar

4.1. Innleiing

Vinteren 1990/1991 låg ei løysing i delelinjesaka like om hjørnet. I norsk presse gjekk det fram at det burde bli mogleg å avgjere saka denne våren. Den raske framgangen blei sett som eit resultat av den generelle militære avspenninga. Tøvêret i nord gjorde det mogleg for russarane å gå bort frå ideen om ei fellessone, som vi har sett at blei grunna i militærstrategiske omsyn. Dermed fokuserte no partane på å teikne ei konkret grense gjennom havområdet. Dette ga resultat og snart var berre den sørlegaste biten igjen. Men denne delen var og den vanskelegaste. Det var her avstanden til Kola-basen var minst og tilgangen til naturressursane var best. I tillegg til petroleumsressursane, blei spørsmålet om fiskeriforvaltninga ein meir framtrêdande faktor det siste året. I avisene blei dette gjerna tolka som eit prov på at hovudproblemet i delelinjematerien ikkje lenger sprang ut av maktbalansen mellom aust og vest. Fokuset blei no flytta meir over på dei økonomiske interessene, som i avisene blei vurdert som viktige for den nye liberale leiinga i eit land kor økonomien halta. Men då Noreg og Russland hausten 1992 – for 18 komande år – la kroken på døra for delelinjeforhandlingane, var det først og fremst *nasjonalismen* og den *interne politiske striden* i Russland, som var mest framtrêdande i avisene.

Hovuddelen i dette kapitlet har i første omgang ei kronologisk tilnærming, men med visse tematiske oppstillingar. Eg vil innleiingsvis gjere kort greie for dei historiske rammene eg vurderer som viktige for utviklinga av delelinjeforhandlingane og måten dei blei oppfatta i avisene denne perioden. Det må takast førehald om kjeldematerialet i dette kapitlet er enda skeivare fordelt mellom norsk og russisk stoff enn i dei to førre. Delelinjeforhandlingane fekk i denne perioden mindre plass i den sovjetiske/russiske sentralpressa enn dei hadde hatt dei førre åra. Det som kan synast som ein underrepresentasjon av russiske framstillingar, er rett og slett ein følgje av dette.¹¹⁹ At delelinjeforhandlingane med Noreg fekk så lite spalteplass i denne perioden, er naturleg med tanke på den store indre uroa som oppstod i landet. Saka om grenselinja i Barentshavet var lita i høve til dei store eksistensielle problema som no kom på dagsorden i Sovjetunionen.

¹¹⁹ Les kapittel 1.7.5.2. for grunngeving av avgrensinga til kjeldematerialet.

4.2. Frå Sovjetunionen til Russland

Men først den historiske konteksten. Internt i Sovjetunionen og i det komande Russland var dette ei svært hektisk tid, og utviklinga hadde mykje å seie for rammene i grensedrøftingane. I internasjonal aust-vest samanheng var dette derimot ei tid prega av avspenning. I slutten av 1989 hadde Gorbatsjov og Georg H. W. Bush erklært den kalde krigen over. Og i grenseområdet i nord hadde den mentalt sett allereie vore over ei stund. Steinar Wikan skildrar 1988 som "det store året" kor jernteppet falt i nord og den andelege grensemuren mellom Finnmark og Murmansk blei riven (Wikan, 2009: 50). Dessutan, som vi såg i kapittel tre, hadde Noreg og Sovjetunionen initiert eit knippe bilaterale avtalar som handfast vitna om oppmjuking mellom dei statlege nivåa. I 1990 blei det i tillegg etablert ei felles arbeidsgruppe for økonomiske relasjonar i nord (Bones, 2012: 189). "The northern neighbourliness was, for Norway, still challenging, but at the same time it was increasingly perceived in a potential light – as fertile ground for improved relations" (ibid.).

Utvidinga av den grenseskridande kontakten og den generelle avspenninga mellom aust og vest, blei oppfatta som ein fordel for framgangen i delelinjeforhandlingane. Pressa poengterte og at utviklinga i delelinjeforhandlingane var betre no som tryggingdimensjonen ikkje lenger opptok like mykje plass som før. Men etter kvart byrja Gorbatsjov si stilling i Kreml å bli vanskeleg. Mange blant presidentens medarbeidarar meinte at endringane som kom med glasnost og perestrojka underminerte makta til partiet, og fleire av dei tidlegare tilhengjarane til Gorbatsjov gjekk no imot han (Freeze, 2009: 460). Republikken Russland blei erklært suveren i juni 1990, noko som førte til ein ny politisk situasjon og omfordeling av ansvar for det russiske territoriet (Christensen et al., 1992: 226). Med utanriksministeriet i behald hadde den sovjetiske sentralmakta formelt sett ansvaret for unionens forsvars- og tryggingpolitikk, og dermed dei ytre grenselinjene, heilt fram til desember 1991 og den formelle oppløysinga av Sovjetunionen (ibid.: 227). Sovjetunionen var altså Noregs offisielle motpart i delelinjeforhandlingane heile denne tida. Men spørsmålet om Sovjetunionen var ein formell eller reell forhandlingspart, og kven som eigentleg sat bak spakane i sovjetisk UD, skal vi sjå at var offer for diskusjon i den norske pressa. I følgje Geir Hønneland og Lars Rowe byrja det sovjetiske styringsapparatet å vakle allereie tidleg i 1991 og at dei nordiske samtalepartane frå og med dette tidspunktet var usikre på kven som i røynda hadde makt til å ta avgjersler (2010: 63).

Blant dei som no hadde makt i parlamentet sat ei rekke konservative og nasjonalistiske politikarar. Gorbatsjov, med sin liberale og vestvendte politikk, ignorerte den manglande støtta i heimlandet og sleit med å handtere nasjonalitetskrisa (Tsygankov, 2010: 52). Ei ordning som

likna eit fritt val i 1990 hadde gitt dei nasjonalistiske rørsleane rom til å puste i maktsystemet (Christensen et al., 1992: 227), og i deira syn var grenser eit kjensleg tema.¹²⁰ Dei mest ytterleggåande stod i sterk motsetnad til den ekstroverte haldninga både Gorbatsjov og den liberale opposisjonen hadde til tryggings- og utanrikspolitikk.

[I]n the late Soviet and the post-Soviet context, some hard-line political and intellectual movements often defend a widespread external expansion as the best means of ensuring Russia's security. The so-called Eurasianist view Russia as a constantly expanding land-based empire in struggle for power against sea-based Atlanticism [...] (Tsygankov, 2010:8).

Krefter av denne typen tiltok i styrke og unionen knaka; både den liberale opposisjon med Jeltsin i spissen og dei konservative nasjonalistane stod klare til å velte Gorbatsjov.

Midt i denne situasjonen stod Noreg med grenselinja i Barentshavet og ville ha merksemda til den pressa presidenten. Då Gorbatsjov besøkte Oslo i juni 1991 uttalte han at ein no var samde om tre fjerdedelar av grensa, og ga uttrykk for at han ønska å oppfylle sine utanrikspolitiske plikter med Noreg.¹²¹ Seinare sa den russiske utanriksministeren Andrej Kozyrev at det berre stod att 16 prosent med uløyst grensetrekking.¹²² Altså hadde partane på få år gått frå å vere samde om svært lite til svært mykje av grensa. Likevel skal det altså gå 18 år til før ein klarer å skrive under på ein avtale – 19 før den blir ratifisert.

I avisene blir det skapt eit bilete av at maktkampen mellom Gorbatsjovs Sovjetunion, Jeltsins russiske republikk og dei nasjonalistiske parlamentarikarane førte til at Noreg fekk ein stadig meir diffus forhandlingsmotpart. Den norske pressa uroa seg over fleire ting. Kven var det eigentleg som sat på fullmaktene i den russiske leiinga? Var Gorbatsjov rett mann å snakke med? I neste omgang blei det uttrykk for at ein i samband med delelinjeforhandlingane grudde seg for konsekvensane av den nye republikken. Kva om ein måtte starte forhandlingane heilt frå byrjinga av? Kva om det liberale og marknadsorienterte Russland ville stille høgare krav om tilgangen til naturressursane?

Då Russland etter desember 1991 uomstrideleg hadde blitt Noregs nye forhandlingspart blei det klart at partane slapp å byrje forhandlingane frå null. Etter eit kort opphald viste det

¹²⁰ Andrei Tsygankov identifiserer haldningane blant dei mest konservative i russisk utanrikspolitikk som såkalla "socialist civilizationists" og meiner at deira svar på Russlands tryggingspolitiske dilemma bygger på idear frå Ivan den fjerdes "gathering of Russian lands" og maksimet "Moscow the third Rome" (Tsygankov, 2010: 7).

¹²¹ "Press-konferentsija M.S. Gorbatsjeva i G. Xarlem Brundtland", *Izvestija*, 7.6.1991. (EastView, 27.3.2012).

¹²² *Nordlys*, 11.1.1993.

seg at Jeltsin-regjeringa var interessert i ta opp tråden om lag der Sovjetunionen slapp. Samstundes ga avisene eit inntrykk av at dei økonomiske spørsmåla no fekk større plass i forhandlingane. Dessutan – hadde den nye liberale regjeringa betre kontroll med den konservative fløya enn det Gorbatsjov hadde? I 1992 er 84 prosent av grensa meisla ut. Russarane hadde gitt mest areal, medan nordmennene hadde gitt mest i sør (Tamnes, 2010: 265). I løpet av året blir likevel framdrifta stadig dårlegare, og om hausten er klart at forhandlingane har stoppa heilt opp. I pressa er *fisk* og *nasjonalisme* nøkkelord for å forklare samanbrotet.

4.3. Godt på veg for delelinja

1990 var eit år prega av optimisme i delelinjesaka. Uroa i Sovjetunionen gjorde seg enno ikkje synleg i dei norsk-sovjetiske relasjonane og partane hadde i løpet to diskrete møte ”gjort store fremskritt” dette året.¹²³ Aftenpostens kjelde hevda at partane no var ”godt over halvveis når det gjelder å nå frem til enighet om en rimelig deling av det omstridte havområdet”, og meldte vidare om ein konstruktiv stemning på dei to siste møta.¹²⁴ Desse tonane kan ein kjenne igjen over heile linja dette året:

”Tror på utspill om delelinjen”.¹²⁵ ”[S]aklig [...] og positiv atmosfære”.¹²⁶ ”Optimismen råder”.¹²⁷ ”Sovjetunionen ønsker fremgang”.¹²⁸ ”[K]an nærme seg en løsning”.¹²⁹ ”Delelinjeløsning under fredsprisbesøket?”.¹³⁰

Når iveren av og til blei for stor blant journalistane, var UD's folk ute for å justere utsegna som kom i avisene. Til dømes blei påstandar om at Noreg og Sovjetunionen no hadde gjort ”så store innrømmingar at gråsona i realiteten ikkje lenger eksisterte”¹³¹ raskt tilbakevist frå UD si side.¹³² Eit eksakt mål på kor langt forhandlingane var kome på ulike tidspunkt i perioden er uansett vanskeleg å få ut av avisbiletet. Redaksjonane kunne ha sin agenda med å kome med slike framlegg, medan UD var redde for å seie for mykje for ikkje å øydelegge for seg sjølve i den ømfintlege saka. Avisene syner oss likevel kor langt ein oppfatta saka for kome.

Optimismen rådde utvilsamt, men den generelle tonen var likevel noko meir dempa enn den hadde vore under Ryzjkov-besøket i 1988. Ein hadde erfart at ei løysing ikkje kom i ei

¹²³ *Aftenposten*, 3.11.1990.

¹²⁴ *ibid.*

¹²⁵ *Aftenposten*, 2.1.1990. (A-digital, 27.3.2012.)

¹²⁶ *Aftenposten*, 7.4.1990. (A-digital, 27.3.2012.)

¹²⁷ *Sør-Varanger Avis*, 18.9.1990.

¹²⁸ *NTB*, 1.10.1990. (A-tekst, 12.4.2012.)

¹²⁹ *VG*, 2.10.1990. (A-tekst, 12.4.2012.)

¹³⁰ *NTB*, 12.11.1990. (A-tekst, 12.4.2012.)

¹³¹ *ibid.*

¹³² *Klassekampen*, 13.11.1990.

hand vending, og at *vilje* ikkje var det same som *semje*. Dessutan kjentes nok den positive sovjetiske språkbruken i 1988 som ein langt større kontrast til fortida enn det den gjorde i 1990. Difor hadde nok den spente stemninga før Ryzjkov-besøket vore så sterk for mange i Noreg. Avspenninga i nord, etter ein raketstart med Murmansktaalen hausten 1987, den generelle avspenninga mellom aust og vest, og nedprioriteringa av dei tryggingpolitiske faktorane, leia til betra dialog i delelinjesaka.

Viseutanriksminister i Sovjetunionen, Vladimir Petrovskij, uttalte til Aftenposten at "[d]et nye politiske klimaet i Europa gjør det lettere å finne en løsning i Barentshavet".¹³³ Han medgav og at Sovjetunionen tidlegare hadde sett på delelinjeproblemet meir i eit aust-vest perspektiv enn som eit norsk-sovjetisk spørsmål.¹³⁴ Også dåverande utanriksminister Kjell Magne Bondevik uttalte at han håpa "den alminnelige avspenning vil smitte over på drøftelsene".¹³⁵ Takten i drøftingane skulle dessutan aukast og ein gjentok at det var framgang i forhandlingane.¹³⁶ Izvestija røpa lite då ein meldte frå eit møte mellom utanriksministrane Bondevik og Sjevardnadse i New York denne hausten: Deito hadde signert ein avtale om førebygging av ulukker til sjøs utanfor territorialvatna til dei respektive landa og diskutert det omstridde havområdet i Barentshavet.¹³⁷ Dei var samde om å følgje forhandlingane tett og sikre den politiske tyngda i saka.¹³⁸

Men ikkje alle var samde i at det faktisk *hadde* skjedd ei avspenning i nord. Som følgje av uttynninga av det militære nærveret i Sentral-Europa, hadde militært utstyr og styrkar blitt overført til Kola-basen og dei nye kystforsvarsdivisjonane i nord (Tamnes, 1997:135).¹³⁹ I ein av Aftenpostens leiarar blei dette tolka slik: "Gorbatsjovs tidlige signaler om øket avspenning i nord et ikke blitt fulgt opp fra sovjetisk side. [...] Norge må forholde seg til de styrker som faktisk finnes over grensen, ikkje bare til sovjetiske løfter og våre egne forhåpninger" (mi utheving).¹⁴⁰ Dei norske myndigheitene blei og minna om at ein no hadde god tid til å vurdere neste trekk i delelinjesaka.¹⁴¹

¹³³ Aftenposten, 26.7.1990. (A-digital, 27.3.2012.)

¹³⁴ ibid.

¹³⁵ Aftenposten, 2.10.1990. (A-digital, 27.3.2012.)

¹³⁶ ibid.

¹³⁷ Izvestija, 2.10.1990. (EastView, 24.1.2011.)

¹³⁸ Aftenposten, 2.10.1990. (A-digital, 27.3.2012.)

¹³⁹ INF-avtalen, som forplikta partane til å fjerne alle landbaserte mellomdistanseraketar i Europa, leia til at sovjetiske raketar blei flytta til sjøs. CFE-avtalen, som i første rekke stod for ei redusering av dei konvensjonelle styrkane i det sentrale Europa, der flankane kom i andre rekke, leia til at materiellet frå desse styrkane blei flytta til dei nye kystforsvarsdivisjonane i nord. For Noreg var dette eit stressmoment. Ein var uroa over norsk isolasjon og russisk opprusting i nord (Tamnes, 1997: 135).

¹⁴⁰ Leiar i Aftenposten, 18.10.1990. (A-digital, 28.3.2012.)

¹⁴¹ ibid.

Denne typen syn viser at eit einseitig realistisk syn på saka ikkje var uvanleg. Å sjå på avspenning på denne måten; at tryggingnivået er lik mengda av militær slagkraft, kjem på kant med synet til konstruktivistane, som understrekar viktigheita av korleis ulike handlingar eller situasjonar blir *oppfatta*. Slik som hos dei "Københavnar-skulerte", som ser på tryggingspolitiske spenningar og avspenningar som eit resultat av retorikk (sjå kapittel 1.3.5.). Avspenninga blei av dei fleste likevel oppfatta som reell – og i nord kom den ikkje som ei følgje av reell nedrusting og eliminering av våpen, men som følgje av endra talemåte nabostatane imellom. Både Hønneland (2010), Olsen (2008) og Wikan (2009) viser at den endra haldninga og talemåten svært raskt førte til synlege og breie samarbeidsflater i nord.

Nordlys-redaksjonen viste ei større interesse for *ord* i debatt om politisk utanrikspolitikk og avspenning enn det redaktøren i Aftenposten gjorde. Då avisa ytra seg om korleis politkarane burde handtere viseutanriksminister Anatolij Kovaljovs forslag om utviding av det norsk-sovjetiske samarbeidet i nord, blei det sagt: "Det vil være et viktig bidrag til avspenningen å ta Kovaljov på ordet [...]" (mi utheving).¹⁴² Det kan vere interessant å notere seg skilnaden i tenkemåten hos dei to avisredaksjonane.

Då Gorbatsjov i oktober 1990 fekk tildelt Nobels fredspris byrja avisene i Noreg å spekulere i kva ein kunne vente seg av eit delelinjeutspel i samband med prisutdelinga i Oslo.¹⁴³ Diverre for forhandlingane skulle det gå fleire månader før Gorbatsjov fekk moglegheit til kome til den norske hovudstaden for sitt Nobel-føredrag. I neste avsnitt blir det klart at det i denne tida hadde hendt ting i Sovjetunionen som fekk følgjer for gangen i delelinjeforhandlingane.

4.4. Ein vingeklippa sovjetisk president

Fram mot våren 1991 blei utgangspunktet for ei løysing i delelinjesaka framleis sett på som godt. Det hadde føregått "konstruktive forhandlingar", ein snakka om "positiv utvikling", og den politiske vilja var synleg på begge sider.¹⁴⁴ Det råda til og med eit håp om at Gorbatsjov, i samband med sitt komande Oslo-besøk, skulle gi delelinjeproblemet den endelege politiske kraftstøyten og avslutte dei langdryge forhandlingane. Morten Fyhn skreiv at "[d]ersom det går slik alle optimistene i UD håper, men ikke lenger våger å tro før de ser det, kan denne våren bli historisk i norsk-sovjetisk sammenheng",¹⁴⁵ og viste med dette både til dei mange norsk-sovjetiske møta på høgt politisk plan og til forhåpningane om ei grenseløysing i Barentshavet.

¹⁴² Leiar i *Nordlys*, 13.12.1990.

¹⁴³ *NTB*, 12.11.1990, *Aftenposten*, 3.11.1990, leiar i *Lofotposten*, 17.11.1990, *Nordlys*, 13.11.1990, m.fl.

¹⁴⁴ *Nordlys*, 9.4.1991, *Fiskeribladet*, 18.4.1991.

¹⁴⁵ *Aftenposten*, 3.4.1991. (A-digital 28.3.2012.)

Han peika på at det var ”uklart om embetsmennene ha[dde] kommet så langt at en avtale kan underskrives når Mikhail Gorbatsjov kommer”.¹⁴⁶ Men Gorbatsjov fekk ikkje reise til Oslo i desember,¹⁴⁷ og det gjekk eit halvt år gjekk før han kunne halde sitt Nobel-føredrag i juni 1991. Mykje hadde endra seg i den sovjetisk maktstrukturen.

Sovjetsystemet var i ferd med å miste status blant sine innbyggjarar og liberale krefter hadde byrja å samle seg rundt Boris Jeltsin (Tsygankov, 2010: 44). Jeltsin skulle sommaren 1991 bli velt som leiar i republikken Russland, og etter kvart blei Gorbatsjov forlaten av fleire av sine nærmaste støttespelarar, som Aleksander Jakovlev og Eduard Sjevardnadse (ibid.). Gorbatsjov hadde difor vendt seg mot dei konservative – dei same konservative som sju månader seinare ville arrangere kuppet mot han (Stenseth, 2001: 216). Ei anna vesentleg endring var at sentralmakta i Sovjetunionen og republikken Russland rett og slett ikkje lenger var samanfallande einingar. Utan Russlands støtte stod sovjetmyndigheita isolert og forlaten attende – utan reell makt (Christensen et al., 1992: 226). Samstundes var den russiske regjeringa si konstitusjonelle stilling for den komande tida uklår, både i høve til det russiske parlamentet og til den sovjetiske regjeringa (Hønneland og Jørgensen, 2006: 47). For delelinjesaka sitt vedkomande var det no meininga at Sovjetunionen skulle ha ansvar for ytre grenser (Christensen et al., 1992: 227). Samstundes var det slik at republikken hadde ansvar for naturressursar (Hønneland og Jørgensen, 2006: 121). Det er lett å sjå at ei sak som delelinja her enten kunne falle mellom to stolar eller hamne i ein dragkamp – dette handla jo *både* om ytre grenser og naturressursar.

I nyhendebiletet denne våren dukka det opp ei sak som blei karakterisert som ein interessant parallell sak til delelinjeforhandlingane. Gorbatsjov hadde nyleg vore i Japan for å forhandle om Kurilane (”nokre forblåste knausar og skjer lengst aust i sovjetiske kjemperiket”).¹⁴⁸ Gorbatsjov og hans sivile rådgjevarar arbeida for at øyane skulle bli japanske i bytte mot at japanarane med mangfaldige milliardar kroner skulle investere i det utarma russiske næringslivet.¹⁴⁹ Men dei nasjonalistiske kreftene i Sovjetunionen ville det annleis. Dei meinte at dersom ein gav opp Kurilane ville stillehavsflåten i aust bli innestengt og

¹⁴⁶ ibid.

¹⁴⁷ Under eit toppmøte i Paris i november 1990 skal Gorbatsjov skal ha sagt dette til Brundtland: ”Det var bare så vidt de ville la meg reise hit til Paris, men samtidig ble det helt klart at å reise til Oslo, det ville være umulig. De ville ikke la meg få slippe ut av landet en gang”. Brundtland veit ikkje sikkert kven ”dei” var, men ho spør seg om det kunne vere dei same som kuppaa han i august 1991 (Brundtland, 1998: 228).

¹⁴⁸ *Aftenposten*, 15.5.1991. (A-digital, 28.2.2012)

¹⁴⁹ Jeltsin tok opp tråden der Gorbatsjov slapp i denne saka, men heller ikkje han greidde å ferdigstille byttehandelen. I følge Store Norske Leksikon er Kurilane framleis russisk territorium og Japan fastheld krav om dei tre sydlegaste øyane (<http://snl.no/Kurilene>, 30.3.2012).

Sovjetunionen ville ikkje lenger kunne kalle seg ei supermakt.¹⁵⁰ Det var denne vurderinga som nådde fram. Gorbatsjov blei pressa til å halde på Kurilane og russarane gjekk antakeleg glipp av sårt trengte investeringar. Dessutan måtte Gorbatsjov returnere til Moskva som ein audmjuka statsmann. Halvor Tjønn skisserte ein samanheng mellom Gorbatsjovs nederlag i saka om Kurilane, dei militære og nasjonalistiske kreftene i sovjetisk leiarskap, og grenselinja i Barentshavet. Han peikte på at mange i Noreg no både håpa og trudde at Gorbatsjov skulle skjere gjennom og tilby nordmennene eit ”spiselig forslag” i delelinjeforhandlingane, men frykta samstundes at tidspunktet for ei løysing var elendig – noko han meinte omstendet kring Kurilane illustrerte.¹⁵¹ Han peika på at forhandlingane om Kurilane handla om territorium, slik som saka i Barentshavet, og var eit døme på den manglande kontrollen Gorbatsjov no hadde over det militære og nasjonalistiske etablissementet. Han meinte at dette ikkje lova godt for grenselinja i Barentshavet og argumenterte for dette med at Nordflåten på Kola var avhengig av fri passasje gjennom Barentshavet for å nå Atlanterhavet – slik Stillehavsflåten var avhengig av Kurilane for å nå Stillehavet. Kva om dei militære ville kome til den same konklusjonen i Barentshavet? Tjønn trudde ikkje at det låg like mykje prestisje i nordområdet: ”Det omstridte området er ikke krigsbytte som Sovjethæren ofret blod på, og som man av prestisjehensyn ikke vil gi fra seg (slik Kurilane hadde vore under andre verdenskrig, forf. anm.)”.¹⁵²

Denne same parallellen blir dregen i samband med at Boris Jeltsin halvanna år seinare blei nekta å reise til Tokyo i same augemed; å forhandle om Kurilane. Då kom det også saker på trykk kor linjer blei trekt mellom Kurilane og Barentshavet. Historikar Jens Petter Nielsen uttalte seg slik om linken til Aftenposten: ”[Saken] kan tolkes som et barometer som viser hvilken holdning russerne tar til omstridte spørsmål i verdifulle, men fjerntliggende områder. Det kan være en parallell til Barentshavet”.¹⁵³ Dessutan: ”Før måtte russerne ivareta sine interesser på de fire hav, nå vil kreftene konsentrere seg om Nordishavet”.¹⁵⁴ Sjølv om russarane kanskje ikkje hadde eit like stort prestisjeomsyn i Barentshavet som på Kurilane, så meinte Nilsen at nordområda i større grad var gjenstand for den ”allrussiske patriotismen”, og difor burde ein moglegvis vente seg ei hardare linje frå Russland si side.¹⁵⁵

¹⁵⁰ I følgje Halvor Tjønn skal general Viktor Novosjilov ha uttala dette. Dette var ikkje ei type haldning som blei lagt skjul på. For øvrig har Stillehavsflåten basar på i Vladivostok (hovudbase) og på Kamtsjatka.

¹⁵¹ *Aftenposten*, 15.5.1991. (A-digital, 28.2.2012)

¹⁵² *ibid.*

¹⁵³ *Aftenposten*, 13.9.1992.

¹⁵⁴ *ibid.*

¹⁵⁵ *ibid.*

I mine auge verkar ei samanlikning av den sovjetiske/russiske politikken i delelinjesaka i Barentshavet og kring spørsmålet om Kurilane noko søkt. Samanlikninga går ut i frå at Russland var sett saman av ei homogen politisk eining som var så konsekvente i sin utanrikspolitikk at det var mogleg å trekke slutningar mellom russisk politikk i det fjerne austen og i nordvest. Eg vil likevel tru at det som hadde hendt i saka om Kurilane illustrerte problemet russarane hadde i skjeringspunktet mellom politikk og territorium, og mellom liberale og konservative idear. Og som vi i dag veit: saka *var* eit framsyn om tøffare tider i delelinjeforhandlingane.

Omstendet i Sovjetunionen var uansett no vanskeleg og tanken på at Gorbatsjov skulle ønske å ofre ei forbetring av forholdet til Noreg, for å redde sitt eige skinn i heimlandet, var både tenkjeleg og forståeleg. I Noreg viste pressa liten tiltru til presidentens fullmakt.

”[D]et er for tiden ingen leder i Sovjet som kan opptre med den nødvendige autoritet til at det kan skapes et gjennombrudd [i delelinjesaka]”.¹⁵⁶ Det sa AP-medlem i Stortingets utanrikskomite Reiulf Steen til VG kort tid før Gorbatsjov skulle lande i Oslo. Ein tvilte ikkje lenger på den politiske vilje eller intensjonen til Gorbatsjov. No tvilte ein på kor vidt han faktisk satt inne med den fullmakta han trengte for å avgjere ei slik sak, og norsk optimisme var igjen på hell.

Både ihøst og tidligere i år ble det uoffisielt hevdet at norske og sovjetiske embedsmenn i fellesskap hadde meislet ut en avtale i Barentshavet som var akseptabel for begge parter. Idag, noen få uker før Gorbatsjov formodentlig setter sin fot på norsk jord, er opitismen mye mindre. En erklæring der presidenten i velvillige ordelag sier at det fortsatt skal forhandles med sikte på en løsning i Barentshavet, er hva man kan håpe på, blir det sagt. Tiden ser med andre ord ikke ut til å være moden for en avtale. Sannsynligvis må vi belage oss på å fortsette med det vi allerede har gjort lenge: Å vente.¹⁵⁷

Halvor Tjønn skulle her få meir rett enn han ante, i og med at det enno skulle gå mange år før delelinja kom i boks. No svirra pressa om at Gorbatsjov *ikkje* kom til å ha ei løysing med seg, at den sovjetiske tryggingsskomiteen aldri hadde høyrte om delelinja i Barentshavet, og at Barentshav-eksperten skulle ikkje vere med til Oslo.¹⁵⁸ Fleire aviser meinte no at kanskje republikkens president Boris Jeltsin ville vere ein viktigare samtalepartnar enn Mikhail

¹⁵⁶ VG, 26.5.1991.

¹⁵⁷ Kommentar av Halvor Tjønn, *Aftenposten*, 15.5.1991.

¹⁵⁸ *Aftenposten*, 4.6.1991, *Nordlys*, 27.5.1991.

Gorbatsjov.¹⁵⁹ UD pressetalsmann avviste dette: "Vi forholder oss til Sovjetunionen [...]", og viste til at det ikkje hadde kome signal om at delelinja var ei sak for republikken.¹⁶⁰ Formelt sett var grensespørsmål enno ei sak for Sovjetunionen.

Pravdas Oslo-korrespondent meldte om "rytmeendringane" i Oslo før besøket: "Ja, interessa for dei føreståande uttalingane til M.S. Gorbatsjov er store, respekten for den sovjetiske presidenten er høg".¹⁶¹ Om skriveria i den norske pressa kom dette på trykk:

Det virker (slik det til dømes var i Japan) som at mange ønsker at Gorbatsjov under besøket skal løyse dei mest uutryddelege problem i "eitt slag". I prinsippet er dette sjølvstøtt ein teoretisk moglegheit. Men i realiteten er det knapt verd å knytte slike forventningar til eitt einaste besøk. Den japanske erfaringa vil ikkje hjelpe nordmennene. No seier ein her [i Noreg, forf. anm.], at nettopp dette "eine slaget" kan vere det som skal til for å løyse problemet med den maritime avgrensinga i Barentshavet. Men dette har lenge vore eit uløyst spørsmål i dei norsk-sovjetiske relasjonane.¹⁶²

Den russiske journalisten tykte med andre ord at forventningane til Gorbatsjov i denne omgang var noko overdrivne. Og som vi veit hadde ikkje Gorbatsjov "ei løysing i kofferten" då han omsider kom til Oslo. Det var likevel tydeleg at han ønska å gi nordmennene noko. Etter å ha signert ei felleserklæring som stadfesta den politiske vilja i saka, overraska han pressefolka med å gi dei eit slags mål for framgongen. Han uttala:

På trass av at problemet i Barentshavet har blitt diskutert over ein periode på 20 år, har det dei siste åra blitt gjort mykje, og tre fjerdedelar av grensa er no løyst. Den resterande delen er gjenstand for intense forhandlingar. Eg trur at vi vil kunne løyse dette med hjelp av dei tilnærmingane som no er utarbeida – som tek omsyn til dei gjensidige interessene.¹⁶³

I norske aviser blei dette på den eine sida tolka som ein politisk lovnad om ei snarleg avgjersle – noko som skapte grobotn for nye forhåpningar: "Østreng tror at det innen ett års tid kan en avtale være ferdigforhandlet [...]".¹⁶⁴ Andre meinte at utsegnen slett ikkje sa noko om tidsramma for ei løysing og beklaga seg over at ein tidsplan ikkje var blitt vedteke.¹⁶⁵ Men

¹⁵⁹ *NTB*, 27.5.1991.

¹⁶⁰ *ibid.*

¹⁶¹ *Pravda*, 5.6.1991. (EastView, 22.4.2012.)

¹⁶² *ibid.*

¹⁶³ "Press-konferentsija M.S. Gorbatsjova i G. Xarlem Brundtland", *Pravda*, 7.6.1991. (27.3.2012.)

¹⁶⁴ Willy Østreng til *Nordlys*, 7.6.1991.

¹⁶⁵ Notis i *Lofotposten*, 7.6.1991, leiar i *VG* 7.6.1991.

medan pressa no diskuterte kva denne "trefjerdedels semja" kunne tyde, var det reelle spørsmålet framleis: Kva var vilja til presidenten i Sovjetunionen eigentleg verd i denne saka?

Ikkje nok. Kort tid etter at kuppforsøket 19. august 1991 hadde blitt slått tilbake, blei aktiviteten i det kommunistiske partiet innstilt og alle tenestemennene blei sparka. Frå no av var det i realiteten Boris Jeltsin som hadde initiativet (Christensen et al., 1992: 236). Dermed, som Per Anders Madsen påpeika, var "alle kort som reguler[te] forholdet mellom sentralmyndigheter og republikkmyndigheter kastet opp i luften på nytt".¹⁶⁶ Forskar Arild Moe meinte det no var heva over all tvil at "republikken Russland nå vil ha den styrende hånd i saken, selv om sovjetisk UD fortsatt vil stå for forhandlingene".¹⁶⁷ Han kunne dessutan fortelje at den russiske republikken, gjennom uformelle kontaktar i sovjetisk UD, allereie ei stund hadde hatt innflytelse i internasjonale drøftingar.¹⁶⁸

No gjekk det slag i slag for Sovjetunionen og Gorbatsjov. Ved årsskiftet var Sovjetunionen formelt oppløyst, og Gorbatsjov hadde gått av som president. Dette i seg sjølv skulle ikkje by på store problem for delelinjeforhandlingane. På bakgrunn av møte med visestatsminister Igor Gavrilov, uttrykte ein optimistisk Moskva-ambassadør, Dagfinn Stenseth, tidleg at utsiktene var gode for ei snarleg løysing.¹⁶⁹ Gavrilov hadde uttalt at han venta ei løysing i løpet av eit par månader.¹⁷⁰

4.5. Russland ny motpart

I Pravda 18. desember kunne russarane lese at den norske regjeringa var den første som hadde anerkjent den russiske republikkens suverenitet.¹⁷¹ I det norske Dagbladet kunne ein same dag vakne til overskrifta "Norge og Russland: Et nyforelsket par", og Stenseth meldte at anerkjenninga hadde blitt godt motteke.¹⁷² Han trudde at mange norsk-sovjetiske tvistar no ville "bli trukket ut av kjøleskapet av den nye russiske utenriksledelsen. Delelinja i Barentshavet er en av sakene som først skal settes på dagsorden".¹⁷³ Også UD's Bjørn Blokhus var positiv: "Med denne anerkjennelsen er delelinjeforhandlingene blitt aktualisert",¹⁷⁴ og

¹⁶⁶ *Aftenposten*, 9.9.1991.

¹⁶⁷ *ibid.*

¹⁶⁸ *ibid.*

¹⁶⁹ *NTB*, 29.10.1991.

¹⁷⁰ *ibid.*

¹⁷¹ *Pravda*, 18.12.1991. (EastView, 22.4.2012.)

¹⁷² *Dagbladet*, 18.12.1991.

¹⁷³ *ibid.*

¹⁷⁴ *Aftenposten*, 18.12.1991.

vidare skreiv Per Anders Madsen at "[s]elv om ingen sier det rett ut, håper UD at anerkjennelsen skal komme Norge til gode ved forhandlingsbordet".¹⁷⁵

Utanriksminister Andrej Kosyrev formidla at Russland i det store og heile ønska å støtte seg på det allereie lagde grunnlaget i delelinjeforhandlingane, og at ein ønska å ta opp saka så snart som mogleg.¹⁷⁶ Willy Østreng støtta opp om dei gode utsiktene med å noko vagt gjere greie for dei gode grunnane russarane hadde til å halde kontinuitet i drøftingane.

Signaleffekten ved å bakke ut av avtaler og forhandlinger man deltok i da Russland var en del av Sovjetunionen vil være så negativ at jeg ikke tror det skjer i denne saken. Vi vet ikke hvordan nasjonale prioriteringer slår ut i Russland, men landets behov skulle tilsi at man rydder bordet for uløste spørsmål og starter et samarbeid med Norge i nord.¹⁷⁷

Eg går ut i frå at Østreng meinte at den skrantande økonomien i Russland skulle bidra til hastverk hos russarane. Han uttalte i tillegg at det burde vere mogleg å få delelinje i løpet av året.¹⁷⁸ Også leiaren i den russiske utanrikskomiteen, Leonid B. Gurevitsj, trudde på ei delelinjeløysing dette året.¹⁷⁹ Han uttalte seinare at den til og med kunne vere klar same vår.¹⁸⁰ Samstundes frykta Gurevitsj det "psykologiske jernteppet" som han hadde observert blant folk i Noreg. "[S]elv om det politiske jernteppet er fjernet, finnes et jernteppe i hodet og sjelen til folk".¹⁸¹ Dette ønska russarane å bryte ned. For å få støtte i vesten var det viktig for Russland å framstå som samarbeidsvillig og markere seg som annleis enn det gamle Sovjetunionen. Visestatsminister Gennadij Burbulis nøla ikkje med å snakke negativt om sine forgjengarar og understreka at russarane ikkje ønska å la delelinjeforhandlinga trekke ut i langedrag. "Dette er viktig for oss nå ettersom vi er blitt kvitt hykleriet og løgnaktigheten som preget det gamle sovjetiske diplomati i forhold til de nordiske land".¹⁸²

Eitt år var gått sidan førre forhandlingsrunde. No var tida igjen inne for ein ny giv, og russarane meinte det var viktig at forhandlingane ikkje stoppa opp undervegs.¹⁸³ Men delelinjesaka blei ikkje automatisk enklare for Russland enn for Sovjetunionen, sjølv om det militærstrategiske omstendet var dempa i høve til tidlegare. Neste avsnitt vil sjå på korleis

¹⁷⁵ *ibid.*

¹⁷⁶ *Aftenposten*, 9.3.1992.

¹⁷⁷ Willy Østreng til *Aftenposten*, 11.1.1992. (A-digital, 29.3.2012.)

¹⁷⁸ *ibid.*

¹⁷⁹ *Aftenposten*, 4.3.1992.

¹⁸⁰ *Dagbladet*, 11.3.1992.

¹⁸¹ *ibid.*

¹⁸² *NTB*, 5.2.1992.

¹⁸³ *ibid.*

avisene framheva at dei økonomiske interessene til den nye republikken no var med på komplisere forhandlingane. Nye oljefunn, men særleg krav frå fiskeria var viktige tema i denne samanheng.

4.6. Store oljefunn

”Enorme oljefelt i delelinjeområdet” titulerte Nordlys framsida si med den 20. desember 1991.¹⁸⁴ Dei offentleggjorde ei russisk skisse som viste at geologar frå Moskva og Murmansk ved hjelp av seismiske undersøkingar hadde kartlagt store strukturar langs havbotn, og desse kunne ”inneholde enorme olje- og gassfelt”.¹⁸⁵ På kartet viser eit avmerka område midt i det omstridde området fleire gonger så stort som Stokman. Østreng meinte at dette forklarte kvifor det hadde vore så vanskeleg å bli samde om delelinja.

[D]ette kartet kan skape vanskeligheter i forhandlingene med Russland om grenselinja. Begge parter er klar over at det finnes muligheter for olje og gass i havområdet. [D]ette bidrar til å komplisere forhandlingene [fordi b]egge parter vil ”stå hardt” på for å få mest mulig innenfor sine grenser.¹⁸⁶

Likevel blei det snart gitt inntrykk av at oljeproblematikken ikkje var uoverkomeleg. I staden fekk ein no, noko uventa, inntrykk av at det fiskerispørsmål som stod i veggen for ei snarleg løysing. I siste del av 1992 blir det ovafor pressa erkjent at partane i løpet av det siste året hadde gjort svært små framsteg.¹⁸⁷ Ei av årsakene som blir gitt for dette er nye innspel i fiskerispørsmål.

4.7. Fiskerispørsmål på banen

I 1992 blei fiskerispørsmål stadig oftare nemnt i avisene i samband med delelinjeforhandlingane. I juni hevda Russlands viseutanriksminister Boris Kolokov at fisk var det einaste gjenståande spørsmålet før ein kunne slå ei løysing i bordet.¹⁸⁸ I følgje Kolokovs uttalingar til NTB var avtalen om ei fast grense mellom Noreg og Russland i det store og heile klar. ”Det som gjenstår er praktiske løysningar for hvordan fiskeressursene skal fordeles etter at

¹⁸⁴ *Nordlys*, 20.12.1991.

¹⁸⁵ *ibid.*

¹⁸⁶ *ibid.*

¹⁸⁷ *NTB*, 1.10.1992.

¹⁸⁸ *NTB*, 4.6.1992.

en ny grense er trukket opp”, og vidare, at ”[f]ordeling av kvoter etter at grenselinjen er fastlagt, er det russerne er mest opptatt av ”.¹⁸⁹

Dette er vanskeleg å forstå utan vidare fordi delelinjeforhandlingane og samarbeidet om fiskeforvaltninga i Barentshavet ikkje var direkte knyta saman (sjå kapittel 1.3.6.2.). For å kunne seie noko om kvifor desse spørsmåla dukka opp, må eg seie noko om endringane i Russland som verka inn i fiskerimaterien. Denne delen byrjar med ein liten introduksjon av eit knippe strukturelle og politiske endringar i fiskeriforvaltninga, før vi går vidare inn i biletet avisene spegla og ei drøfting av dette.

For det første blei fiskeriforvaltninga nedgradert hos dei føderale myndigheitene då det sovjetiske fiskeriministeriet blei fjerna etter Sovjetunionens oppløysing (Hønneland, 2006: 44). Etter at fiskerisektoren ein kort periode var underlagt Landbruks- og fødevareministeriet, blei restane av det sovjetiske fiskeriministeriet omdanna til ein statskomitè for fiskeri. Statskomiteen var ikkje underlagt eit ministerium og leiaren hadde difor ikkje mandat i regjeringa. Såleis var komiteen eit slags uavhengig utøvande organ. Dette leia til at komiteen gjerne blei offer for overkjøring frå føderale styreorgan og til at øvste leiar i fiskerisektoren ikkje lenger hadde like stor gjennomslagskraft i russisk politikk (ibid.). For det andre hadde den sovjetiske planøkonomien no blitt erstatta med marknadsøkonomi. Det førte til at kvalitet og pris på den opne marknaden no blei viktigare enn å fø flest mogleg sovjetborgarar. Dermed blei den verdifulle torsken, som nordmennene tidlegare hadde hatt større interesse av enn russarane, og størst kvote på, no også ettertrakta for russarane. Russland ønskte seg nye bytteforhold (ibid.: 45ff.). I tillegg fekk guvernørane og næringane langt større makt under den nye statsdanninga enn dei hadde hatt i Sovjetunionen (ibid.: 99, 106), noko som leia til at dei regionale aktørane no fekk langt større makt i den norsk-russiske fiskeriforvaltninga (ibid.). Og for dei var det viktig å ikkje tape ressursar. Utanriksminister Kozyrev uttala ved fleire høve at det var svært vanskeleg for utanriksministeren å forhandle om naturressursar med andre land, og i januar 1993 skal han ha sagt til Stoltenberg: ”It must not seem as though any of the parties have lost anything” (Bones, 2012: 190). Stian Bones meiner at ”the political pressure advanced by fisheries interests in Russia must have mattered a great deal” (ibid.). Som eg no skal gå inn på framstod fiskerispørsmåla som viktige og i avisene.

Sommaren 1992 viste NTB til uttalingar om at grenseavtalen, med berre få unntak, var ferdigteikna, og at fisk no var det einaste gjenståande problemet i forhandlingane.¹⁹⁰ NTB tolka ut i frå dette at ei deling der olje og gassførekomstar var mest aktuelt, også var løyst. Etter ei

¹⁸⁹ ibid.

¹⁹⁰ NTB, 4.6.1992.

uttaling frå Russlands viseutanriksminister kom Kozyrevs problem også til i den sistnemnte artikkelen: "Problemet er at *våre fiskere* vil ha mest mulig. Vi vil legge press på dem for å få til en snarlig løysning" (mi utheving).¹⁹¹ Denne problematikken hadde aldri vore synleg under forhandlingane med Sovjetunionen. For første gong kom interessene til fiskeria på banen i delelinjesaka og ga slik eit inntrykk av at maktforskyvinga ut mot regionane, saman med det sterke behovet for ressursar, også fekk innverknad her.

Sjølv om den norske forhandlingsleiaren, Jan Flatla, ikkje ville gå med på at saken enno ikkje var like enkel som Kolokov hadde lagt fram, så stadfesta han at "fisken nå er nøkkelspørsmålet i delelinjeforhandlingene".¹⁹² Og eit par månader seinare, så forhandlingane kollapsa, heldt han fast ved at fiskeri var med på å forklare dette: "De siste par uker har vi merket en steilere holdning frå russernes side. [...] I tillegg er fiskerispørsmål det siste året brakt inn, noe som ikke forenkler forhandlingene".¹⁹³ Dette meinte Lisbeth Torp for Fiskeribladet var overraskande fordi at "adgangen til fisket foregår etter etablerte prosedyrer som det ikke er noen grunn til å endre selv om delelinja skulle komme på plass".¹⁹⁴ Ho undra seg difor om ikkje russarane brukte fiskeripolitiske spørsmål som eit vikarierande motiv fordi området var så viktig for det tryggingpolitiske. Dette meinte statsvitaren og forskaren John Kristen Skogan var ei overtolking.

Jeg har hele tiden vært skeptisk til tolkningen om at årsaken til at russerne viser en steil holdning i disse spørsmålene [...] bare er militært begrunnet. Jeg tror at de næringspolitiske interessene er like viktige. Tilgangen til havet har alltid vært et problem for russerne[, og i nord har russerne alltid hatt den sikreste åpningen].¹⁹⁵

Journalist Torp hadde all grunn til å vere overraska. Så seint som i september hadde Noreg og Russland stadfesta sitt gjensidige syn på forvaltninga av fisket i Barentshavet. Fiskeriminister Jan Henry T. Olsen og hans kollega¹⁹⁶ Vladimir Korel'skij hadde vore samde om at: "Når det gjelder fiske, finnes det ingen konflikter av betydning i forholdet mellom Norge og Russland."¹⁹⁷ Dessutan, at næringsinteressene var viktige for russarane forklarte ikkje kvifor ein sette fiskeriforvaltninga i samband med delelinjeforhandlingane. Kvotane blei jo ikkje fordelt

¹⁹¹ *ibid.*

¹⁹² *ibid.*

¹⁹³ *NTB*, 1.10.1992.

¹⁹⁴ *Fiskeribladet*, 15.10.1992. Sjå og kapittel 1.7.3.

¹⁹⁵ *ibid.*

¹⁹⁶ Korel'skij var leiar i statskomiteen for fiskeri. Han hadde ikkje sete i regjeringa, men var likevel det næraste ein kunne kome ein fiskeriminister i Russland på denne tida.

¹⁹⁷ *NTB*, 15.9.1992.

etter landas respektive økonomiske sonar. Russiske og norske fiskebåtar hadde begge tilgang til *heile* Barentshavet – uansett kor grensa måtte gå.

Avisene viser at fiskeria hadde blitt viktige i samband med delelinjeforhandlingane, men dei forklarar ikkje den direkte koplinga mellom fisken og delelinja. Den konkrete koplinga blei aldri offentleg kunngjort, og svaret på dette ligg difor ikkje i pressa. I samtale med historikar Stian Bones blir det gjort klart at den russiske forhandlingsdelegasjonen hadde sett delelinjeforhandlingane i samband med to krav. Før det første ønska russarane ei fellessone etter gråsonemønster langs heile den langstrakte grenselinja. For det andre ønska dei likestilling med norske fiskefartøy i Svalbardområdet i tråd med artikkel 2 i Svalbardtraktaten.¹⁹⁸ Vi er allereie godt kjent med kvifor det første kravet var uaktuelt for Noreg (sjå kapittel 3). Det andre gjekk imot synet dei norske myndigheitene hadde på kor mykje av havområdet utanfor Svalbardkysten som burde innlemmast i Svalbardtraktaten. Noreg påropar seg retten til å erklære ei vanleg økonomisk sone i havet utanfor territorialhavgrensa, 12 mil frå kystlinja, men då det i 1977 viste seg at signatarstatane ville gå imot dette, oppretta Noreg ei fiskevernsone i området. Sjølv om Sovjetunionen aldri har formelt erkjent denne sona, har reguleringa av området føregått relativt problemfritt (Hønneland og Rowe, 2010: 102) (sjå kapittel 1.3.6.2.). Desse krava var umogleg for Noreg å imøtekomme og må ha vore eit hardt slag for Arbeidarpartiet. Trass i dei drastiske endringane i drøftingane, har eg ikkje gjort funn av delelinjestoff i partiet si avis, Arbeiderbladet, i aktuelle periodar 1992. Det kan tyde på at partiet ønska å halde lokk på saka, for ikkje å gjere det vidare samarbeidet vanskelegare enn naudsynt – slik dei sovjetiske avisene utelet å skrive om nordmennes sterke misnøye etter tillitssoneforslaget i 1988.

Bakgrunnen for at russarane no kom med slike krav er nok å finne i skjeringspunktet mellom ei mektigare fiskerinæring og dei nasjonalistiske vindane. Eg tolkar signala som kjem fram i avisene slik at dette var ein politisk materie for Russland, som handla meir om korleis ei avgrensing ville *sjå ut* på det russiske kartet, enn kva slags reelle følgjer ei gitt deling ville få for russiske fiskarar. Med å stille eit krav som var umogleg å imøtekomme unngjekk ein å trekke ei endeleg delelinje. Det eksisterte ei førestelling, botna i nasjonalistisk eller patriotisk tenking, som gjorde det vanskeleg for partane å diskutere havressursane på ein likeverdig måte. Eg har tidlegare referert til Kozyrev, som understreka kor viktig det var at det såg ut som ingen hadde tapt noko. Det var uviktig kor vidt det faktisk blei tapt noko eller ikkje, men det måtte for all

¹⁹⁸ E-post frå historikar Stian Bones, 2.5.2012. Bones arbeider mellom anna med dei norske nordområda under den kalde krigen, og Noregs forhold til Sovjetunionen i denne tida. Artikkel to i Svalbardtraktaten seier at alle signatarstatar har lik rett til fiske og jakt på land og innafor arkipelet si territorialhavgrense.

del ikkje sjå slik ut. Dette momentet i den russiske argumentasjonen er irrasjonell dersom ein utelukkande forstår utviklinga i delelinjeforhandlingane ut i frå dei reint realøkonomiske og materielle premissa. Kozyrev hadde i januar 1993 hinta om at den nasjonale stoltheita var eit forstyrrande element for delelinjeforhandlingane (Bones, 2012: 190). Dette var eit kulturelt problem.

Då delelinjeforhandlingane braut saman hausten 1992, var det og dei russiske nasjonalistane som fekk skulda i avisene. Eg skal i neste avsnitt gå inn på korleis nasjonalistiske syn blei oppfatta. Eg argumenterer for at fiskerispørsmålet i realiteten var eit spørsmål om den nasjonalistiske kulturen, men i og med at pressa oftast såg på fisk og nasjonalisme som to ulike ting, er materien delt inn i to ulike underkapittel.

4.8. Nasjonalistiske syn i grensesaka

”Powerful forces are striving to turn back time and once again adopt a distrustful and hostile attitude to the outside world” (Andrej Kozyrev sitert i Bones, 2010: 193).

Hausten 1992 braut delelinjeforhandlingane saman, og partane fekk no ein periode med stillstand som skulle vare heilt fram til president Boris Jeltsins besøk i Noreg i 1996 (Kvalvik, 2003: 158). Årsakene til dette har til dømes blitt samanfatta med at utviklinga innad i landet ga ”lite rom for innrømmelser” og at næringslivet no gjorde seg til kjenne i saka (Tamnes, 1997: 303). Norsk UD meinte at ein av forklaringane kunne vere utvisinga av den russiske GRU offiseren og agenten Viktor Fedik (Kvalvik, 2003: 154). Dette var ei sak som blei grundig skildra i avisene i Noreg,¹⁹⁹ noko dei russiske myndighetene reagerte skarpt på: ” Gjennom massemedier i Norge er det den siste tiden drevet en kampanje som har til hensikt å skade Russlands prestisje”.²⁰⁰ Desse uttalingane var skuffande for Stoltenberg, som uttala at ”Russlands reaksjon på utvisningen av GRU agenten Viktor Fedik er et ekko fra en fjern tid”.²⁰¹

Men uttalingane var i tråd med dei sterke nasjonalistiske straumane som eksisterte i det russiske parlamentet. Saman med eit kaotisk og uklart statsapparat ”var det en kjensgjerning at presset fra de russiske nasjonalistene mot president Jeltsin og hans regjering undergravde utenriksdepartementets autoritet innenfor det russiske systemet” (Kvalvik, 2003: 154-155). I skjeringspunktet av maktkampen mellom presidenten og parlamentet og dei nasjonalistiske vindane, var grensespørsmål og jurisdiksjon svært kjenslege spørsmål (Stenseth, 2001: 339).

¹⁹⁹ VG, 7.10.1992, VG 8.10.1992, *Aftenposten*, 7.10.1992. (Alle i A-tekst, 2.5.2012.)

²⁰⁰ Pressetalsmann i russisk UD, Sergej Jastrsjembskij til *Aftenposten*, 14.10.1992. (A-tekst, 2.5.2012.)

²⁰¹ *Aftenposten*, 15.10.1992. (A-tekst, 2.5.2012.)

Dette biletet er og gjenkjenneleg i avisene på dette tidspunktet. I tillegg til at dei økonomiske faktorane hadde fått ein større plass, ser vi altså at dei nasjonalistiske straumane no fekk det meste av skulda i norsk presse. NTB meldte slik:

Forhandlingene om delelinjen i Barentshavet er det den voksende russiske nasjonalismen som har satt stopper for. Disse forhandlingene må ses i sammenheng med striden mellom Russland og Japan om øygruppen Kurilene, selv om delelinjeforhandlingene ikke har samme politiske betydning for russerne. I september ble president Jeltsin tvunget av den nasjonalistiske fløyen i regjeringen til å avlyse sitt planlagte besøk i Japan på kort varsel. Årsaken var voldsom motstand mot at Russland skulle inngå noe kompromiss om Kurilene. Nasjonalistenes raseri rettet seg først og fremst mot utenriksminister Andrej Kosyrev, som nærmest ble beskyldt for høyforræderi. Kosyrevs politiske innflytelse er redusert nærmest til null etter denne episoden, og ingen i russisk UD tør i dag så mye som å antyde at de kan tenke seg å gi bort en eneste kvadratmillimeter russisk territorium, verken til lands eller til vanns.²⁰²

Ved årsskiftet hadde Russland og Noreg raskt funne tonen, og delelinjeforhandlingane var før og etter oppløysinga av Sovjetunionen prega av kontinuitet ved at ein bygde vidare på dei allereie opparbeidde prinsippa. Ein hadde vore så nær, men no meinte NTB at "Norges forhold til Russland har i løpet av få måneder svingt fra optimisme til krise og uvisshet".²⁰³ Høgresida i norsk politikk nytta og augenblinken til å kritisere den norske regjeringa:

Norge har aldri evnet å sette disse forhandlingene inn i en bredere politisk ramme, som ville gjøre det klart at russisk kompromissløshet ville påvirke landets hele forhold til det øvrige Europa. Bare det kunne gi balanse og realisme til forhandlingene [...].²⁰⁴

Heldigvis for den norske regjeringa ga parallellen til Kurilane inntrykk av at Noreg ikkje var åleine om bli avvist i grensespørsmål. Aftenpostens Moskva-korrespondent, Halvor Tjønn, brukte den nylege avlysinga av Jeltsins møte med japanarane og resonnererte at "det generelt sett er blitt vanskeligere å forhandle med russerne den siste tiden",²⁰⁵ og vidare at

hele den utenrikspolitiske tenkemåte har de siste måneder dreiet over i en konservativ retning. Sovjet-imperiet er oppløst, men Russlands integritet skal forsvares. Selve symbolet på den russiske standhaftighet har blitt de forblåste Kurilene i det nordlige Stillehavet. Så lenge det

²⁰² NTB, 1.11.1992. (A-tekst, 2.5.2012.)

²⁰³ *ibid.*

²⁰⁴ Leiar i *Aftenposten*, 2.10.1992.

²⁰⁵ *ibid.*

ikke er aktuelt å vike en tomme i forhandlingene med Japan, er det neppe heller aktuelt å vike overfor Norge. Dersom russerne strekker seg altfor langt i Barentshavet, vil det svekke den russiske posisjonen i Stillehavet.²⁰⁶

Slik blei nasjonalistene sin tenkemåte gjerne tolka i pressa på dette tidspunktet. "Det å holde på "eget" land er igjen viktigere enn å hente økonomisk gevinst", skreiv ein misnøgd redaktør for Aftenposten. Avisene meinte at for nasjonalistane var naturressursane tilsynelatande meir ein symbolsk storleik på suverenitet, enn ein realøkonomisk storleik og "alle som trodde at russerne ville bli mer medgjørlige forhandlingspartnere enn sovjeterne, tok skammelig feil [...]"²⁰⁷ stadfesta til dømes Ivan Kristoffersen, sjefsredaktør i Nordlys.

4.9. Hovudtrekk

Den overordna utviklingslinja til korleis delelinjeforhandlingane blei oppfatta i avisene frå og med 1990 til og med 1992 kan oppsummerast slik: Forhandlingspartane gjekk frå å vere så nær ein avtale dei aldri før hadde vore, tilbake til ein språkbruk som ikkje hadde vore synleg sidan før Gorbatsjov si tid. Pressa ga inntrykk av at russarane hadde eit stadig fullmaktsproblem – sjølv etter oppløysinga av Sovjetunionen. Og med den russiske republikken som forhandlingspart heldt spørsmålet om reell makt fram å vere eit moment, og som vi har sett måtte og Russlands utanriksminister Andrej Kozyrev kjempe mot konservative og nasjonalistiske krefter i dumaen. I tillegg gjorde maktforskyvinga ut mot regionane at partane i delelinjeforhandlingane måtte ta høgde for krav frå fiskeria i nordvest-Russland. Dette skapte undring i norsk presse, og i Fiskeribladet spurde ein seg med rette om samanhengen mellom fiskerispørsmålet og delelinjespørsmålet. Det som ikkje blir gjort offentleg er at russarane sommaren 1992 stilte nordmennene til veggs med nye krav. Russland bad om ei fellessone langs heile grenselinja, frå nord til sør, og kravde særskilte rettar for fiske i Svalbardområdet. Dette var punkt som var umogleg for Noreg å imøtekomme – noko russarane nok visste godt. Avisene var uvitande om dei konkrete krava som blei lagt fram, men oppfatta altså likevel ein manglande logikk i argumentasjonslinken mellom fisk og delelinjeforhandlingane, og skulda dei nasjonalistiske kreftene for at spørsmålet no var låst.

²⁰⁶ *ibid.*

²⁰⁷ *Nordlys*, 6.10.1992.

5. Konklusjon

Målet med denne oppgåva har vore å diskutere oppfatningane om delelinjeforhandlingane i Barentshavet som dei blei framstilt i avisene både på norsk og sovjetisk/russisk side i perioden 1985 til 1992. Før samanbrotet i forhandlingane i 1992, gir desse oppfatningane generelt eit inntrykk av store framsteg mot målet om ei endeleg grenselinje. Samstundes syner avisene at det i Noreg framleis eksisterte førestillingar om at Sovjetunionen/Russland dreiv ein delelinjepolitikk med skjulte motiv. I Sovjetunionen blei Noreg skildra ut i frå eit taktisk omsyn. Medan sovjetmyndigheitene sin strategi tidlegare hadde ført til negative ord om Noreg, kom no uttalingar som kunne skade dei norsk-sovjetiske relasjonen eller delelinjeforhandlingane ikkje til syne i det heile. Etter 1990 finst det enkelte teikn til ein meir aktiv journalistikk også i høve til spørsmålet om delelinja, men ingen utsegn som var på kant med den offisielle politikken.

Dette kapittelet byrjar med nokre tankar om kjeldematerialet. Så kjem ei oppsummering av hovudpunkta i perioden, før eg i ei konkluderande drøfting dreg inn dei teoretiske perspektiva.

5.1. Eit avis-perspektiv

Sett under eitt må tida frå 1985 til forhandlingssamanbrotet i 1992 sjåast som ein periode med god framdrift og stor optimisme i delelinjesamtalane si lange historie. Dette speglar seg i avisene både i Noreg og Sovjetunionen/Russland, men på ein svært ulik måte. I Sovjetunionen var dei sentrale avisene, Pravda og Izvestija, kommunistpartiets talerøyr, og korrespondentane i det sovjetiske nyhendebyrået TASS var i vel så stor grad statens tenestemenn som dei var journalistar. Oppfatningane om delelinjeforhandlingane som kjem til syne i det russiske avismaterialet har difor vore eit mål på korleis dei sovjetiske leiarane ønska å bli oppfatta.

Men og i Noreg hadde avisene på 1980-talet gjerne ei politisk tilknytning, og mykje av materialet her er del i eit partipolitisk syn. Likevel finne vi her eit langt større mangfald av aktørar som på ulike måtar engasjerte seg i delelinjesaka. Dermed kan vi i større grad vurdere totaliteten av oppfatningane i norske aviser som ei avspegling korleis den norske opinionen såg på delelinjesaka – med reservasjon om at dei fleste som engasjerte seg i saka i avisene sjeldan berre var ”den vanlege mann i gata”.

Eit innsyn i regionale russiske aviser i Murmansk og Arkhangelsk, som Pravda Severa, Poljarnaja Pravda, Morjak Severa ("Nordens Sjømann") og Volna (frå 1991) ville vore interessant for å skape eit meir heilskapleg bilete av oppfatningane som eksisterte i dei sovjetiske og russiske avisene – særleg etter oppløysinga av Sovjetunionen, og etter at regionane og næringane fekk større makt. Her er det sannsynleg at det finst relevant avismateriale som reflekterer regionane sitt syn på delelinjesaka, og moglegvis eit samband mellom dette og dei sentrale myndigheitene sine utsegn i saka. Dette er eit område kor det er potensiale for vidare forskning, men som nemnt har dei forskingsøkonomiske rammene hindra meg i inkludere dei regionale avisene i arbeidet.

5.2. Fasar i prosessen

Året 1985 markerte ikkje store endringar for delelinjeforhandlingane direkte. Året markerer likevel eit skifte i det internasjonale klimaet. Tida var byrjinga på slutten av den kalde krigen, noko som ga delelinjeforhandlingane eit nytt bakteppe. Den nye sovjetiske leiaren Mikhail S. Gorbatsjov sørgja for ein ny type språkbruk ovafor det internasjonale samfunnet, og forholdet mellom aust og vest byrja no å gå mot ei avspenning. Men enno var altså delelinjeforhandlingane prega av kulda mellom aust og vest, og hadde stått stille sidan gråsooneavtalen i 1978. Forhandlingsrundane gjekk i hovudsak ut på å repetere sine respektive folkerettslege standpunkt. Avisene viser oppfatningar om kvarandre prega av mistillit og trugselførestillingar. I Sovjetunionen blei Noreg skildra som "flinkaste NATO-land i klassen", og avisene ga uttrykk for at ein vanskeleg kunne kjenne seg trygg i eit slikt naboskap. Også i Noreg var ein snar å mistenkeleggjere sovjetiske utspel.

Desse oppfatningane er viktige for å forstå kva slags utgangspunkt den mellomstatlege relasjonen hadde før dei store endringane i sovjetisk politikk også nådde nordområda, og dermed tilførte ny optimisme i delelinjeforhandlingane. Det var Murmansktalet i oktober 1987 som verkeleg bringa perestrojka og glasnost til nordområda. Murmansktalet, eller Murmanskinitiativet, var ei tilnærming frå den sovjetiske leiaren til dei nordiske statane om ein ny avspenningspolitikk i nordområda. Initiativet gjekk først og fremst inn for samarbeid i dei ikkje-militære politiske sektorane, men, som statsvitar Kristian Åtland har vist, førte avspenninga i dei sivile sektorane snart til ei avspenning også i dei militære sektorane. Dette var eit avgjerande vendepunkt i dei sovjetisk-skandinaviske relasjonane, og den nye tonen førte snart til sovjetisk fleksibilitet i delelinjeforhandlingane.

Samstundes har vi sett at det å skrive om Sovjetunionen i negative ordelag var ein vane som var vanskeleg å vende i Noreg. Det er tydeleg at nordmennene trong tid før oppfatningane avisene presenterte av nabolandet verkeleg kunne rokkast ved. Framleis var folk i Noreg,

saman med mange andre i Vesten, tilbakehaldne og mistenksame i sine reaksjonar til nye initiativ frå "bjørnen i aust". Dette var frustrerande for sovjetarane, som meinte at Noreg no måtte kome Gorbatsjov i møte. Denne problemstillinga var særleg aktuell i tankegangen kring tillitssona.

Tillitssoneforslaget blei presentert av statsminister Ryzjkov i Oslo 1988. Ideen gjekk ut på å etablere delt jurisdiksjon i det omstridde området, og å samarbeide om investering, utvinning og gevinst på petroleum. Samstundes understreka Ryzjkov sektorlinja sin ukrenkelege posisjon. Det norske og det sovjetiske synet på ei slik ordning var diametralt ulike. Noreg hadde understreka at gråoneavtalen ikkje skulle vere prejudiserande eller på nokon måte vere eit steg mot felles forvaltning av området. Synet var at ei slik ordning ville kunne sette norsk autoritet i eit misforhold i høve til det mektige Sovjetunionen. Nordmennene ønska først klare grenselinjer, så eit samarbeid i området. I Sovjetunionen meinte ein derimot at fellessona skulle skape den tilliten, som no mangla for å kome til ei endeleg løysing i Barentshavet. For dei var tillitssona ein veg for omgå dei kjenslege tryggingproblema i området.

Tillitssona som modell leia ingen stad, men den nye språkbruken hos dei sovjetiske leiarane gjorde det mogleg å sette bevegelse i drøftingane. Særleg etter det såkalla Nikorov-forslaget, som hang saman med tillitssoneforslaget, men kor sovjetarane i tillegg hadde teikna eit lite grenseforslag heilt i nord. Dette var den verkelege byrjinga på ein meir konstruktiv dialog.

I norsk presse blei det uttrykt stor skuffelse over tillitssoneforslaget. Avisene hagla med skuldinger frå høgre og venstre, mot regjering, mot den tidlegare borgarlege regjering, og ikkje minst mot Sovjetunionen. Uttrykk som "lite venlegsinna", "provoserande" og "skuffande" blei brukt, og illustrerte kor store forventningane hadde vore på førehand. I den sovjetiske sentralpressa kom denne frustrasjonen ikkje til syne i det heile. Her blei det gitt ei oppfatning av at Noreg no vurderte soneforslaget. Det synast som at dei sovjetiske myndigheitene ikkje ville vedkjenne allmenta det faste norske synet i saka.

Neste fase blei innleia med Gorbatsjov sin tale i Helsingfors i 1989. I ein tale med brei appell om nedrusting, tillitsbygging og samarbeid til dei nordiske landa, blei delelinjeforhandlingane i Barentshavet nemnt. Han uttrykte at Sovjetunionen ønska å sjå på nye alternativ i saka. I all hovudsak gav dette god gjenklang i norske aviser, som på dette tidspunktet og hadde erfart at det faktisk hadde skjedd endringar i nord. Dei vurderte Helsinkitalen som eit avgjerande signal i delelinjespørsmålet. Oppfatninga var no at dei tryggingspolitiske faktorane hadde langt mindre å seie enn tidlegare, og at dette gjorde det lettare å møtast i Barentshavet. Det skal likevel nemnast at Helsinkitalen ikkje gav utelukkande

positiv norsk respons. Også no var visse konservative overtydd om at Gorbatsjov hadde ei langsiktig ekspansjonistisk målsetting med politikken sin.

Dei positive utsegna i norske media blei og referert til i dei sovjetiske avisene, og bygde under det nye biletet av forholdet til Noreg som svært harmonisk.

I løpet av 1990 kom partane nærare ein avtale enn nokon gong tidlegare. UD opptredde diskret i pressa i båe land, men likevel var ordlyden i avisene klar. Delelinjeforhandlingane føregjekk no i ein "sakleg" og "positiv" atmosfære, optimismen råda og det var klart at Sovjetunionen verkeleg ønska framgang. Trua var sterk på at løysinga no var nær, og i juni 1991 røpa Gorbatsjov at ein hadde teikna tre fjerdedelar av grensa. Men i mellomtida hadde det skjedd viktige endringar i den sovjetiske maktstrukturen.

Den vestvenlege utanrikspolitikken til Gorbatsjov var ikkje eigna til å inkludere nasjonalistiske syn hos russarane, og nasjonalistisk tenking fekk no ei oppbløming i Sovjetunionen og republikken Russland. Konservative politikarar med sterke nasjonalistiske haldningar hadde stor nok makt i parlamentet til å påverke leiaren si handlekraft. Desse politikarane hadde gjerne militær bakgrunn og representerte ein kultur kor Russlands territorium og grensespørsmål blei sett som tett bunde saman med prestisje og makt i det internasjonale samfunnet. Denne tankegangen leia etter kvart til nye krav i Barentshavet, noko eg skal diskutere litt lenger ned.

Forutan Norges-besøket til Gorbatsjov juni 1991 er det i perioden 1990-1992 vanskeleg å finne relevant stoff om Noreg i sentrale sovjetiske/russiske avisene – noko som kan ha sin naturlege forklaring i dei vanskelege høva internt i Sovjetunionen og Russland. I Noreg var avisene opptekne med særleg to ting i samband med delelinjeforhandlingane: Det første var frykta for dei aukande økonomiske interessene i landet – altså uroa for ytterlegare vanskar med å einast om fordeling av ressursar i Barentshavet no som Russland både var eit land i stor økonomisk uføre, og hadde gått over til liberale marknadsmekanismar. Det andre var dei nasjonalistiske kreftene og kva slags påverknadskraft dei hadde i det russiske avgjerdsapparatet.

Det blei snart gitt uttrykk for at petroleumsspørsmålet ikkje lenger stod i vegen for ei løysing. Det gjorde derimot spørsmålet om fisk.

Sommaren 1992 hadde russarane kome med krav om ein gråsone-aktig modell langs heile delelinja, og i tillegg krav tilknyta fiske i Svalbardområdet. Dette blei ikkje gjort kjent for allmenta, og kjem difor ikkje fram av aviskjeldene. Det første kravet gjekk imot synet norske myndigheiter hadde på fellessoneideen, og det andre gjekk imot viktige norske standpunkt i den vanskelege Svalbardmaterien. Til avisene erkjente norsk UD at fiskerispørsmål hadde ført til nye komplikasjonar i delelinjeforhandlingane. Dette skapte undring mellom anna i

Fiskeribladet. Kva hadde tilgangen til fisket å gjere med delelinjeforhandlingane? Fisket i Barentshavet hadde sidan 1976 blitt forvalta i fellesskap gjennom Den blanda norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen, og fordeling av kvoter hadde ingen samanheng med kor ei eventuell delelinje skulle gå. Så kva var bakgrunnen for desse krava? I Fiskeribladet spekulerte journalisten om det kunne ligge skjulte motiv i botn.

Hausten 1992 blei det klart at delelinjeforhandlingane hadde stoppa heilt opp. NTB hevda at på grunn av "nasjonalistane sitt raseri", var det ingen i russisk UD som no torde å eingong tenke på å innrømme "ein einaste kvadratmillimeter av russisk territorium". Nokre månader seinare erkjente den russiske utanriksministeren Andrej Kosyrev ovafor sin kollega i Noreg, Thorvald Stoltenberg, at et var uviktig kor vidt det faktisk blei tapt noko eller ikkje – det måtte berre for all del ikkje sjå slik ut. Han hinta og om at dei nasjonalistiske kreftene var eit forstyrrende element i forhandlingane, og dermed at russarane hadde eit kulturproblem i høve til den nye politikken om å kome nordmennene i møte med eit kompromiss om den endelege grenselinja.

5.3. Naboskap, delelinja og synet på den andre

Eit hovudtrekk ved perioden er at endringane som skjedde med den nye sovjetiske politikken, og gjennombrota som kom i delelinjeforhandlingane, i Noreg ikkje blei oppfatta som like viktige som dei har blitt tolka i retrospekt. Ut i frå språkbruken som syner seg i avisene i perioden, ser vi at førestillinga om Sovjetunionen som ein trugsel av og til skapte ei overtolking av dei russiske initiativa, som igjen førte til ei nedtoning av det som faktisk blei sagt. Mange, særleg på høgresida i norsk politikk, forventet at ei russisk meining i tillegg inneheldt ei *skjult* meining, og såg dermed forbi det reelle innhaldet.

Dette ser vi til dømes i samband med russarane sitt tillitssoneforslag – der skuffelsen over forslaget skugga over det faktum at den nye sovjetiske språkbruken var banebrytande i sovjetisk utanrikspolitikk. Dei tradisjonelle trugseloppfatningane som eksisterte om Sovjetunionen gjennomsyra mange innspel, som til dømes vurderte forslaget som "lite venlegsinna", eller "del av ein langsiktig plan". Sjølv om ei avvising av tillitssoneforslaget nok var fornuftig av den norske regjering, må slike utsegn sjåast som overdriven frykt for den andres intensjonar, og som ein slags alarmisme.

Avisstoffet i etterkant av Murmansktalet viste ikkje direkte teikn på overdriven frykt, men når vi veit at talen i ettertid har blitt sett på som ikkje mindre enn revolusjonerande i den sovjetiske politikken for det arktiske området, kan dei nøkterne reaksjonane sjåast som eit teikn på overdriven skepsis. Mange tvilte på dei eigentlege intensjonane med den nye politikken, og understreka at det var viktig å ikkje la seg rive med. Medlemmer av regjeringa

gjorde seg og reservasjonar i høve til talens genuinitet, og uttalte til avisene at framdrift i delelinjeforhandlingane ville vise Sovjetunionens reelle politiske vilje. Utanriksminister Stoltenberg uttalte at dersom Gorbatsjov ikkje no kom med eit konkret innspel i delelinjeforhandlingane ville dette svekke truverdet til den sovjetiske leiaren sitt Murmanskinitiativ.

At vi no kan sjå på dette som ein overdriven norsk skepsis til Gorbatsjovs intensjonar, er det tilbakeskodande perspektivets gode. I samtida kan ein ikkje vite kva som skal kome. Antakeleg var det rett av Noreg å avvise tillitssoneforslaget – ein oppnådde jo ein periode med svært konstruktiv drøfting i tida etter, og partane kom nær ein avtale før nasjonalistiske meiningar kom inn i forhandlingane. Framleis må vi seie at perioden i grove trekk var prega av ein positiv tone.

I dei sovjetiske og russiske avisene ser vi ei markert endring i synet på Noreg tidleg i perioden. Mot slutten av 1986 går avisene bort frå dei negative artiklane som formidla ei oppfatning av Noreg som NATO-yndling, og ein nabo som ein ikkje kunne kjenne seg trygg med. Frå no av byrja derimot avisene å omtale Noreg nesten i overkant positivt. Til dømes blei den norske misnøya kring tillitssoneforslaget ikkje omtalt i det heile, medan når norsk presse kom med positive merknader, blei dette gjerne referert til i sovjetiske aviser. Dette må sjåast som eit resultat av det nye sovjetiske ønsket om å møtast i ein venlegare, meir open og meir lyttande dialog. Dei sovjetiske myndigheitene hadde fullstendig kontroll med avisene, og kunne der sørge for at ein unngjekk å kome med utsegn som skada relasjonen. På den eine sida er dei sovjetiske avisene difor ei dårleg kjelde for å forstå korleis det sovjetiske samfunnet elles såg på Noreg. Ein kan gå ut i frå at synet på Noreg, og synet på delelinja i Barentshavet, i regionane, og blant folk flest, ikkje endra seg for mykje. Dette viser seg når dei nasjonalistiske kreftene igjen tiltek i styrke mot slutten av Gorbatsjov si regjeringstid. Noreg var framleis ein del av vesten, og synet på Vesten i russisk historie har djupe røter.²⁰⁸

På den andre sida er Pravda og Izvestija gode kjelder for innblikk i korleis dei sovjetiske myndigheitene ønska å formidle sitt syn på den norske parten; eit syn på nabolandet som likeverdig og interessant for tett samarbeid. Og dei formidla at ein ønska å møtast kring grenselinjekonflikten.

²⁰⁸ For diskusjon om Kola-innbyggjarane sitt syn på seg sjølv og på skandinavarar, sjå Hønneland 2010. *Borderland Russians. Identity, Narrative and International Relations*.

5.4. Tryggingspolitiske og materielle interesser versus kulturelle faktorar

Tradisjonelt sett har problematikken i dei samansette delelinjeforhandlingane blitt forklart med ulike faktorar: folkerettslege motsetningar, det spesielle strategiske omsynet i Barentshavet og med kampen om petroleumsressursane. Med tanke på dei sterke kulturelle faktorane som frå og med 1992 skapte stillstand i forhandlingane heilt fram til 1996, altså dei nasjonalistiske syna som tredde fram i russisk politikk, meiner eg at dei kulturelle tilhøva burde tillegkast større vekt. Ingen av dei tradisjonelle faktorane stod i realiteten i vegen då delelinjeforhandlingane braut saman hausten 1992. Avisene skisserer to årsaker, det første er spørsmålet om fiskeriforvaltning – med oljespørsmålet tilsynelatande ute av vegen, stod berre fordeling av fiskekvotar igjen. Det andre problemet var dei nasjonalistiske vindane i Russland, som stod for ei anti-vestleg linje og var svært ømtålege i grensespørsmål. I staden for sjå på fisk og nasjonalisme som to ulike faktorar kan vi sjå på dette som ei og same sak. I og med at fordeling og forvaltning av fiskeressursane i Barentshavet reint praktisk var uavhengig av kor grenselinja skulle gå, kunne dei nye krava i 1992 umogleg basere seg på eit spørsmål om materielle interesser. Vi har sett uttalingar som viser at prestisje var viktig i dei konservative krinsane, og Kosyrev understreka at det var svært viktig for Russland at det i ei delelinjeavtale ikkje måtte *sjå ut* som om russarane hadde tapt land til motparten. Ei slik haldning forklarar dei nye konfliktpunkta i forhandlingane. Ei førestilling i Russland om at landet ville tape prestisje ved ein kompromissavtale med Noreg, tvinga gjennom nye krav hos den russiske forhandlingsparten. Kravet om fellestone langs heile grenselinja, og nye krav i Svalbardområdet, hadde dermed kulturelle føresetnadar, og følgde difor ikkje lenger ein logikk der økonomiske eller strategiske premiss var viktige.

Kjelder

Framsenterets klipparkiv:

Utval frå perioden etter tema, sortert av byrå for avisutklipp, Norsk Argus AS. Mykje frå Nordlys, andre nordnorske aviser. Der ikkje anna er nemnt i fotnotane, er avisa henta herifrå.

Mikrofilm ved Universitetsbiblioteket i Tromsø:

Arbeiderbladet utvelte periodar.

EastView database for russiske aviser:

Avisene Pravda og Izvestija. Andre aktuelle aviser i perioden (særleg regionalt i nord) er ikkje digitalisert. Utval frå perioden etter søkeord, til dømes: "норвег*", "баренцево мор*", "разделени*", "брундтланд*", "шелф*", "экономическ* сон*", "столтенберг*", "мурманск*", "хельсинк*", "рыб*", "рыболовств*", "морск* границ*", "арктик*", etc.

A-tekst database for norske aviser:

Utval frå perioden etter søkeord, til dømes: "delelinjeforhandlingene", "delelinje*", "barentshavet", "forhandling", "sovjetunionen", "russland", "gorbatsjov", "kosyrev", "ryzjkov", "rysjkov", "murmansk", "helsinki", etc.

Aftenpostens digitale arkiv:

Utval etter søkeord, som over.

Litteratur

- Baev, Pavel K. 2009. Troublemaking and Risk-Taking: The North in Russian Military Activities. I: Rowe, E. W. (red.). *Russia and the North*. Ottawa: University of Ottawa Press, s. 17-34.
- Bastiansen, Henrik G & Dahl, Hans Fredrik. 2008. *Norsk Mediehistorie*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bones, Stian. 2012. Renegotiating neighbourliness: the Stoltenberg-Kozyrev connection. I: Myklebost, K. A. & Bones, S. (red.). *Caution & Compliance. Norwegian-Russian Diplomatic Relations, 1814-2014*. Stamsund: Orkana.
- Brundtland, Gro Harlem. 1998. *Dramatiske år: 1986-1996* Oslo: Gyldendal. Tilgjengelig: http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008081500088 [22.02.2012].
- Bucher-Johannessen, Olav. 1990. Norway and the Soviet Union. Neighbours in the North. *International Affairs*, 36(4), s. 56-68.
- Christensen, Svend Aage, Pape, Carsten, Poulsen-Hansen, Lars & Rosenfeldt, Niels Erik. 1992. *Politikens Ruslandshistorie. 1982-1992. Imperiets sammenbrudd. Bind 4*. Serie: Ruslands historie. København: Politikens Forlag.
- Clunan, Anne L. . 2009. *Social Construction of Russia's Resurgence : Aspirations, Identity, and Security Interests* Baltimore: Johns Hopkins University Press
- Freeze, Gregory L. 2009. From Stalinism to Stagnation: 1953-1985. I: Freeze, G. L. (red.). *Russia. A History*. 3. utg. New York: Oxford University Press, s. 406-450.
- Gorbatsjov, Mikhail S. 2008. *Sobranie sotsjinenij. Maj - oktjabr' 1987. Tom 7*. Moskva: Ves' Mir' Izdatel'stvo
- Holtsmark, Sven G. 1999. Norge og Sovjetunionen - bilaterisering og fellesstyre. I: Prebensen, C. & Skarland, N. (red.). *NATO 50 år: norsk sikkerhetspolitikk med NATO gjennom 50 år*. Oslo: Den norske Atlanterhavskomite [16.5.2012].
- Hønneland, Geir. 2003. *Russia and the West. Environmental co-operation and conflict*. London & New York: Routledge.
- Hønneland, Geir. 2006. *Kvotekamp og kystsolidaritet. Norsk-russisk fiskeriforvaltning gjennom 30 år*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hønneland, Geir & Jørgensen, Jørgen Holte. 2006. *Moderne russisk politikk. En innføring i Russlands politiske system*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hønneland, Geir & Rowe, Lars. 2010. *Nordområdene - hva nå?* Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Kan, Aleksander. 1988. *Forsvarsstudier 6*. Serie: Naboskap under kald krig og perestrojka: forholdet Norge-Sovjet sett fra Moskva. Oslo: Institutt for forsvarsstudier.
- Kan, Aleksander 1992. Norden sett från krisens Sovjetunionen. Nordenbilder i sovjetpressen 1988-1991. Oslo: Europa-programmet.

- Keep, John L.H. 1995. *Last of the Empires. A History of the Soviet Union. 1945-1991*. New York: Oxford University Press.
- Kvalvik, Ingrid. 2003. Delelinjeforhandlingene mellom Norge og Sovjetunionen/Russland. *Internasjonal politikk*, 2(61), s. 139-162.
- Madsen, Per Anders. 1988. Spillet om Barentshavet. *Lofotposten*, 12.01.1988.
- Moe, Arild. 2010. Russian and Norwegian Petroleum Strategies in the Barents Sea. *Arctic Review on Law and Politics*, 1(2), s. 225-248.
- Murray, John. 1999. Still No Truth in the News? Coverage by Izvestija of the 1996 Presidential Election. *Journal of Communist Studies and Transition Politics*, 15(2), s. 1-40.
- Olsen, Elisabeth Librekt. 2008. Cooperation in the Soviet aftermath: The case of "Pechenganickel". I: Bardileva, J. P. (red.). *Meždunarodnye otnošeniya na Severe Evropy i Barenč-region : istorija i istoriografija*. Murmansk: Murmansk State Pedagogical University
- Seth, Rutger Von. 2011. The language of the press in Soviet and post-Soviet Russia: Creation of the citizen role through newspaper discourse. *Journalism*, 13(1), s. 53-70.
- Stenseth, Dagfinn. 2001. *Vitne til historie*. Oslo: N.W. Damm & søn A.S.
- Tamnes, Rolf. 1997. *Norsk utenrikspolitiske historie, bind 6*. Serie: Oljealder. 1965-1995. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tamnes, Rolf. 2010. Petroleumsvirksomhetens internasjonale dimensjon. I: Arbo, P. & Hersoug, B. (red.). *Oljevirkosomhetens inntog i nord. Næringsutvikling, politikk og samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 256-281.
- Tjelmeland, Hallvard. 2004. Aviser som historisk kjelde. *Pressehistoriske skrifter*, 1(3), s. 114-130.
- Tjelmeland, Hallvard. 2006. *Den kalde krigen*. Oslo: Det Norsk Samlaget.
- Tjelmeland, Hallvard. 2009. Norway & the High North: On Political Alarmism Since the World War. *Speculum Boreale*, 12, s. 143-152.
- Tresselt, Per. 1988. Norsk-sovjetiske forhandlinger om avgrensning av kontinentalsokler og økonomiske soner. *Internasjonal Politikk*, 46(2-3), s. 75-94.
- Tsygankov, Andrei P. 2010. *Russias's Foreign Policy. Change and Continuity in National Identity*. 2. utg. Lanham, Boulder, New York m.fl.: Rowman & Littlefield Publishers, INC.
- Wendt, Alexander. 1999. *Social Theory of International Politics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Wikan, Steinar. 2009. *Kola. Grenselandet i øst*. Oslo: Pax.
- Østreng, Willy & Prydz, Yngvild. 2007. Delelinjen i Barentshavet. Planlagt samarbeid versus uforutsett konflikt? *Perspektiv 04/07*. Tilgjengelig: http://www.stortinget.no/Global/pdf/Utreddning/Perspektiv07_04.pdf [sept 2010].
- Åtland, Kristian. 2007. The Introduction, Adoption and Implementation of Russia's 'Northern Strategic Bastion' Concept, 1992-1999. *Journal of Slavic Military Studies*, 20(4), s. 499-528.

Åtland, Kristian. 2009. *The Europeic Arctic in Soviet and Russian Security Policy, 1987-2007*.
Doktoravhandling. Tromsø: Universitetet i Tromsø.